

Aasmund Olavsson Vinje

Bladsjå

Dølen om pressa 1858–1870

Tekstkritisk utgåve ved Kristian Lødemel Sandberg

Det norske språk- og litteraturselskap / bokselskap.no

Oslo 2019

Aasmund Olavsson Vinje: *Bladsjå*

Tekstkritisk utgåve ved Kristian Lødemel Sandberg, Det norske språk- og litteraturselskap / bokselskap.no, Oslo 2019

ISBN: 978-82-8319-486-9 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-487-6 (epub), 978-82-8319-488-3 (mobi)

Boka er utarbeidd med økonomisk støtte frå Norsk kulturråd.

Utgivaren: Kristian Lødemel Sandberg er førsteamanuensis ved Institutt for humanistiske fag, Høgskolen i Innlandet

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Publisert: 2019. Oppdatert: 2024.

Innleiing

«Men eg som maa sjaa paa Bladi, lyt taka [...] store Ting i Augnesyn». Slik formulerer Aasmund Olavsson Vinje seg i *Dølen* nummer 15/II (29.01.1860) under vignetten og tittelen «Bladsjaa», og han peikar på to sentrale sider ved levebrødet han har lagt seg til: Som journalist må ein halde seg à jour og oppdatert på avisene, og ein må gi seg i kast med dei store og krevjande spørsmåla. I dette konkrete tilfellet er det snakk om å løfte blikket i ein pågåande debatt om korleis ein skal stille seg til Ole Gabriel Uelands livsgjerning, men ein kan også skimte eit ideal som er gjennomgåande i mykje av det Vinje skreiv om pressa, nemleg at journalisten kontinuerleg skal utfordre offentlegheita og dei andre avisene. Grunntanken er langt på veg som følgjer: Den opplyste journalisten kan føre samfunnet vidare gjennom ei sjølvstendig stillingstaken til viktige emne i samtida.

Ein av arenaene der Vinje både såg «paa Bladi» og tok «store Ting i Augnesyn», var i artiklane som fekk overskrifta «Bladsjaa». Det var ei spalte som dukka opp for første gong i det tredje nummeret av *Dølen* (07.11.1858), og for siste gong i nummer seks av den åttande og siste årgangen (06.02.1869). Spalta gjekk som eit attkjenneleg innslag gjennom dei åtte årgangane av *Dølen* (1858–1870) – i nokre periodar kvar veke, men for det meste med større opphald mellom kvar gong. Desse tekstane var kommentarartiklar som dreidde seg om aviser og avisdebattar, og innanfor dette formatet vart dei andre avisene (både historiske og samtidige) vegne og vurderte etter Vinjes målestokk. Dermed kjem Vinjes perspektiv på journalistikken i samtida fram, og bladsjå-artiklane gir innsikt i pressehistoria slik ho utfalda seg midt på 1800-talet og i Vinjes rolleforståing som journalist.

Som både redaktør og journalist for vekeavisa *Dølen* følgde Vinje med på den nasjonale så vel som den internasjonale pressa i samtida. Hovudtilgangen på aviser fekk han gjennom kafear og leseselskap, som leseselskapet Athenæum (gjerne kalla Athenæet), skildra av mellom anna Vinje-biografen Vetle Vislie:

Um Fyremiddagen var han anten heime eller på Athenæet, der han trottugt fylgde med i den utanlandske Blad- og Bokavl. Mest las han engelske Revuer,

som handsamad halvt populære, halvt vitenskapelege spursmål. (1890, 332)

Sjølv kallar Vinje dette leseselskapet for «Byens lesande Børs» (1/VII, 04.04.1869), og i *Dølen* finn ein omsette stykke frå aviser som *The Times* («dette Verdensblad»), *Le Monde* og *Aftonbladet*. Ottar Grepstad har peika på at ein finn stykke frå meir enn eit dusin utanlandske aviser omsett i *Dølen* (2017, 41). Blant dei norske avisene er det særleg *Morgenbladet*, *Aftenbladet* og *Christiania-Posten* han refererer til, og som blir sett på som meiningsdannande. Desse avisene kom alle ut i hovudstaden, og dei sørgde for tilgangen på politiske og kulturelle nyhende på nasjonalt nivå.

Når Vinje så ved gjentekne høve skriv om pressa under overskrifta «Bladsjaa» i *Dølen*, er siktemåla mange, og ein kan oppdage fleire problemstillingar han stadig vender attende til: Har avisa ein grunntanke eller idé som gjer at ho fyller ei eiga rolle blant alle dei andre avisene? Er avisene lærde eller folkelege nok? Er den politiske kursen stø eller vinglete? Feller dei andre journalistane rettvisе dommar om «store» menn? Driv avisene for mykje med injurier og «Personligheder», altså karakteristikkar og uthenging i full offentlegheit? Nokre av synspunkta kan ein kjenne att frå opningsartiklane som han innleia karrieren som hovudstadskorrespondent i *Drammens Tidende* med i 1851. Den gongen skreiv han, under overskrifta «Journalistiken», først om pressa historisk og ålment, for så å diskutere journalistikken i England, Frankrike, Tyskland, Danmark og Sverige i tur og orden. Deretter blir pressehistoria i Noreg etter 1814 framstilt som ei utvikling frå barnlege «Smaalapper af Blade» til «mere solid Kost», mellom anna (5/1851), og i den siste av dei seks artiklane kjem han til journalisten si rolle, innleia med følgjande velkjende sitat:

Hvad skulde en Journalist være? Han skulde være en Lærer for Folk og Stat. Han skulde staa paa Videnskabens og Civilisationens Høider, hvorfra han kunde overskue det Hele i sin organiske Sammenhæng. Han skulde, saa at sige, føle paa Nationens Puls og som en kjærlig Læge forordne de bedste Mediciner. (6/1851)

Desse vyane for kva ein journalist skal vera og gjera, er også gyldige gjennom bladsjå-artiklane. Avisene må ha kontakt med «Folkets heile Livstanke» og dei må skjønna seg «paa si Tid og dens Krav» for å forsvare plassen sin på avismarknaden.

Det er med andre ord framleis «Nationens Puls» ein skal lytte seg fram til for å vera journalist i både namn og gjerning.

Tittel, sjanger og modellar

Sjølve namnet på artiklane, «Bladsjaa», følgjer same ordlagingsmønster som «Fesjaa», som Vinje tok til å kalle landbruksmøta der ein stilte ut husdyr. Tidlegare, i *Drammens Tidende* (182/1858), hadde han omtala desse som «Nautemøterne». Ei slik utstilling skriv Vinje om i det tredje nummeret av *Dølen* (07.11.1858) under overskrifta «Fesjaaer, Fruktutstillingar og Landbruksmøter», og dette er det same nummeret som den første spalta med «Bladsjaa» dukkar opp i. Den første bladsjå-artikkelen står altså side om side med (til og med på same side som) staden der Vinje for første gong nyttar ordet «Fesjaa».

Om ordet «Bladsjaa» er meint skjemtefullt frå Vinjes side, ved at han ville stille ut avisene på same måten som ein stiller ut kyr eller hestar, er han ikkje eksplisitt om, men inspirasjon frå fesjået finst i bladsjået. Til dømes blir *Morgenbladet* framstilt som ei ku som har vore redaktøren Adolf Bredo Stabell «so mjolkegod», og som kjem «dinglande med Bjølla» etter han, men som helst vil attende til det ho er på veg vekk ifrå («drønjannde etter den Høysaata, hun gjekk ifraa») – altså tida som opposisjonsavis (5/I, 21.11.1858). Noka direkte oppstilling på fesjåvis er det ikkje snakk om i bladsjåa, men Vinje samanliknar fleire stader avisene med dyr, og han tek gjerne på seg oppgåva med å vurdere kva for avis som er det største nautet. Det var ein tendens til å degradere motstandarar til dyr i offentleg debatt på den tida: *Corsaren* gjorde det i Danmark, *Krydseren* gjorde med geitebukken av ein Drammens-korrespondent (altså Vinje), og Vinje svara med same mynt (Haarberg 1985, 156, 159). Degradering til dyr var eit av mange karnevalistiske grep Vinje meir enn gjerne treiv til.

Vidare i *Dølen* festar tittelen seg, og ein kan forstå det som ein sjangertittel, altså eit fast formular «på ett eller et par ord som anga hvilken type tekst det dreide seg om» (Eide, 2010, 294). Vanlege sjangertitlar i avisene på denne tida var slike som «Utenlandske Efterretninger» (altså utanriksnyhende), «Stortinget», «Bekjendtgjørelser» m.fl. (Eide, 2010, 295). I tillegg kan ein forstå bladsjåa ut frå

det Vinje skriv om skilnaden mellom «show» og «exhibition» i *Dølen* nummer 15/III (24.06.1863). Då rapporterer han heim frå verdsutstillinga i London, og han innleiar med at engelskmennene nyttar ordet *show* når dei syner fram «Buskap og Reiskap og Avdraatt fraa Jord osv.» (til dømes har dei «cattle-show» og «dog-show») medan ordet *exhibition* blir nytta når det er «nokot større og gildare» ein stiller ut – «eit Sundagsplagg» i språket. Vinje landar i den samanhengen korkje på «Sjaa» eller «Exhibition», men på det «aalmenne ordet Utstilling» – ein mellomstil. Basert på den utlegginga er sjået nedst blant tre stilnivå, som lågstil knytt til dyra og dyrkinga av jord. I tilfellet med bladsjaa er det fleire stader at det matnyttige blir premiert, som i dommen over *Budstikken*: «Prisen 3 Ort for heile Aargangen er vel faren, om det so vøre for ein Husmann, som berre siter med ei Ku, 4 Saudir og 1 Gjeit, og om det so vore berre Stykket «om Husdyrenes Behandling og Forædling,» han fekk, for han vilde hava det atter paa eit Lamb eller tvo, en segja paa ein heil Kalv» (19/I, 27.02.1859).

Sjangeren kan ein på si side finne ein modell for i avisgrunnleggjaren og prentaren Niels Wulfsbergs artikkelserie «Revue af norske Tidender» som gjekk i perioden i 1839–40 i avisa *Tiden* (som i 1845 skifte namn til *Drammens Tidende*, og som vart Vinjes boltreplass som hovudstadskorrespondent seks år etter dette namnebyttet). På slutten av 30-talet var Wulfsberg i 60-åra, og i artikkelserien la han positive og negative vurderingar av dei norske avisene fram for offentlegheita, med ein generell kritikk av bokprentarredaktørane i samtida, og med kritikk mot den opposisjonelle leia som *Morgenbladet* (som han sjølv hadde grunnlagt) hadde teke (Eide, 2010, 295). Til liks med i Wulfsbergs «Revue» la Vinje sine positive og negative vurderingar for dagen, men når det gjeld *Morgenbladet*, er Vinje av ei anna oppfatning enn Wulfsberg. Han saknar tida då *Morgenbladet* var ei opposisjonsavis, men konstaterer at *Morgenbladet* blir lese same kva slags line det legg seg på: «Det maa koma som ei Laavedør til mange Hus, anten der no er Vit eller Uvit i det» (9/VI, 19.03.1868).

Hovudopponentar og rolleforståing

Vinjes hovudopponentar – eller dei avisene han særleg diskuterer og kommenterer, men også legg seg ut med – er dei tre dagsavisene *Morgenbladet*, *Aftenbladet* og *Christiania-Posten*. Då Vinje starta opp *Dølen* i 1858, var

Morgenbladet den ærverdige i dette trekløveret, med ei historie som gjekk attende til 1819. *Morgenbladet* hadde ein lengre periode hatt Adolf Bredo Stabell som redaktør (1831–57) og vore eit opposisjonsblad, men gjekk over til å bli eit høgreorgan med Christian Friele som ny redaktør. Dei to andre avisene, *Aftenbladet* og *Christiania-Posten*, var av nyare dato. *Aftenbladet* (1855–81) var eit direkte framhald av avisa *Krydseren* (1849–54) og redaktøren heitte Ditmar Meidell, både i *Krydser*-tida og *Aftenbladet*-tida. Grunntonen var liberalistisk, og det var ei satirisk-polemisk avis. *Christiania-Posten* (1848–63) hadde ei stund hatt Ludvig Kristensen Daa som redaktør (frå 1853 til 56) og hatt ein liberal tendens, men avisa skifte redaktør og politisk haldning fleire gonger etter redaktørtida hans. Politisk stod dei andre avisene ein stad mellom konservatisme og liberalisme, men skilja gjekk like mykje mellom om dei var regjeringsvenlege (og såleis eit «Regjeringsblad») eller opposisjonelle (eller «antrande» som Vinje nyttar som avlørsarord).

I 1860 starta boktrykkar Christian Schibsted opp avisa *Christiania Adresseblad* som året etter fekk namnet *Aftenposten*. Førespelet var at *Aftenbladet* gjekk over frå Schibsteds trykkeri til Fabritius, noko Vinje kommenterer på følgjande vis: «Naar Hesten verd sprengd elder fær eit Knipp i Foten, kjem han paa Handel; han kann endaa sjaa godt ut, naar det ikki leitar paa, og Seljaren kyter honom upp, so han seer ut som ny» (18/II, 19.02.1860). Årsaka til salet var usemje om eigedomsrettar over avisa, og ettersom Schibsted hadde sett at både *Aftenbladet* og *Morgenbladet* gjorde det godt, kasta han sjølv seg inn i aviskampen med ei ny avis som fann rolla si som middelklassen sitt organ (Eide, 2010, 406). Dermed kom *Aftenposten* ut som endå ei dagsavis i hovudstaden (i tillegg til dei tre andre), og *Christiania-Posten* måtte etter kvart gi tapt (i 1863). Lagnaden som *Christiania-Posten* møtte, samsvarar med Vinjes kommentar om tilstanden i avismarknaden (eller for «Blad paa vaart aandelige Tre», som han skriv) nokre år seinare: «det kann ikki vera so mange; her er for arm Grunn til dess. Det er godt, det kann bera eit Par store og so mange mindre» (24/IV, 11.03.1866).

Nok ein runde med nyetablering kom mot slutten av 1860-talet, og Vinje følgjer skipingsplanane til avisene *Tiden* og *Dagbladet* frå sidelina årsskiftet 1868/69. Vinje melder ifrå om at *Tiden* «er tenkt som ei patriotisk og vitenskapeleg Gjærning», medan rykta seier at *Dagbladet* skal bli «eit Landsblad med ein skarpere uttalad national og folkeleg, og om du vil, oppositionel Tanke en 'Tiden'» (40/VI, 03.01.1869). Grunnideane til dei to påtenkte avisene kan såleis utfylle

kvarandre og betre dynamikken avisene imellom, og Vinje skisserer kva slags nyvinningar det er rom for på avismarknaden:

Eit slikt nytt Blad maa no i desse Tider, om det skal koma fram, vera ein af desse tvo Ting, nemlig anten eit forstandigt Partiblad, eller og finna si Meining i det at vera liksom meiningslaus og lata kver Side fritt koma til Orde og leita etter Sanning igjenom alle Motsetningar som ein fordomsfri Granskare og Vitenskapsmann. Tribunen skal etter det gamle Romerord vera fri, og Magt eller Rikdom eller Friendskap eller Kjenskap maa ikke trenga Sanningsordet fraa den. Daa eg her gjeng ut ifraa, at desse tvo nye Bladredactioner ero fornuftige Folk, som skyna paa si Tid og dens Krav, so tek eg som givet, og dette gjeng fram af alt, at «Dagbladet» vil vera dette eine og «Tiden» det andre. Det høver og til Storleiken deires, at so er, og baade trengst her like myket til.

Han ser føre seg at *Dagbladet* kan bli «eit rimelegt Oppositionsblad» og stå imot *Morgenbladet* som «eit likso rimelegt ministerielt og eit Hoforgan», medan *Tiden* kan fungere som ein overdommar – og ta dei i skole «baade tvo». Men han avsluttar med at det er vanskeleg å spå utfallet, når alt kjem til alt: «Faa no sjaa». Det viser også fasiten etter at planane frå årsskiftet 1868/1869 skulle setjast ut i livet: *Tiden* vart med tanken og ideen, medan *Dagbladet* har gått heilt fram til våre dagar.

Vinjes rolleforståing i bladsjå-artiklane er ofte å vera ein pådrivar for meiningsmangfald og mediemangfald – langt på veg i tråd med sentensen om at der alle tenkjer likt, tenkjer ingen. Vinje ordlegg seg slik: «Sams Blad er ein urimeleg Ting. Eit Blad er netup til, for at det kan vera nokot annat en dei andre Blad; for er det ikke det, so er der ingen Grunn for det til at vera til» (52/VI, 28.03.1869). Ja, dersom avisa *ikkje* har ein grunntanke, klarer ein seg like greitt utan ho: Utan «ein Livstanke, ei Upgaava i Livet, ei Ide» har avisa «ingen moralsk Rett til at liva» (4/VIII, 23.01.1870). Vinje ønskjer seg altså aviser med kvar sin berande idé som er sjølvstendige og sjølvgåande: «Der skal vera ein Grunntanke liksovel i eit Blad som i eit Menneske [...]» (6/VIII, 06.02.1870).

Men dette er langt ifrå det same som å meine at alle meiningar bør bli tekne på alvor. Mykje av målsetjinga når Vinje står overfor eit meiningsmangfald, er å nå fram til ei oppklåring. Difor hadde det nok vore lettast å halde seg til éi avis:

Det Heile tykkjest meg no at vera ein so ugreid Hespil, at eg imindsto kvaarki veit att' elder fram, og eg trur, at det maa vera likeins med dei fleste Lesarar af alle vaare Tidender. Lykkeleg er den Lesaren, som berre leser ei Tidende, so kann han endaa vita nokot vist, endaa han ogso maa koma i Ugreide, dersom det er Morgonbladet, han leser, for dette store Blad, som so mange lesa, maa afspegla det ugreide ogso ved at lata ein Mann skriva so og ein annan so. (51/I, 16.10.1859)

Når Vinje står overfor ein «ugreid Hespil», er målet å løyse opp i hespa, altså i denne bunten av garn som har floka seg, i løpet av bladsjået. Av og til er flokane for store, andre gonger er det lett å melde kven som tek i mist. Det kan vera «denne Aftensbladmannen» eller «Postmannen» (altså Christiania-Posten) eller ein annan, stort sett anonymisert skribent eller journalist. I dei tilfella var nok samtidslesarane med på kven det var snakk om, eller dei hadde ein mistanke, medan Vinje mest legg vekt på å framheve bladet, ikkje mannen bak signaturen.

Avslutningsvis, og sidan bladsjået handlar om å «sjaa paa Bladi», kan ein spørja seg om i kva grad Vinje mest var ein observatør av dei andre, eller om ein også bør sjå på han som ein likestilt aktør i avismarknaden. Eller sagt på ein annan måte: Var han outsideren som såg på «det gode selskap», eller stod han i fektekamp med jambyrdige? Svaret er nok mest det første: Han fekk ikkje dei same salstala som dei andre avisene, og sjølv om ein kan trekkje fram at også *Dølen* fekk ein slags redaksjon av hjelparar og tok inn tekstar frå mange bidragsytarar (Grepstad, 2017, 39–41), vart vekeavisa *Dølen* aldri ei etablert avis på line med dagsaviser som *Morgenbladet* og *Aftenbladet*. I staden observerte og kommenterte han frå sidelina (og tidvis sette han dagsorden), til glede for dei lesarane som valde å følgje han. Vinjes bidrag i den samanhengen var å vera fyndig og frimodig – ved å halde eit «show» eller sjå over kva dei andre avisene bidrog med av nytt og matnyttig for offentlegheita.

Publiseringshistorie

Vinjes bladsjå-artiklar kom med i utvalet då nynorskfolket sette seg føre å samle Vinjes tekstar mellom stive permar. Ein finn dei allereie i *A. O. Vinjes Skrifter i Utval* (1883–90) med Vetle Vislie og Halfdan Halvorsen som redaktørar. Dette var eit tideleg krafttak frå Det norske Samlags Forlag si side for å gjera Vinjes omfangsrike verksemd som diktar og journalist tilgjengeleg som lesestoff for ei nynorskrørsle som skulle byggje ein litterær tradisjon og ein skriftradisjon, og i det fjerde bandet (frå 1887) er det med ein eigen seksjon som heiter «Bladsjaa». I denne seksjonen finn ein ei stor samling av Vinjes tekstar om journalistikk frå *Dølen* (henta frå til saman 38 nummer av avisa),^{u1} og brorparten av desse tekstane er bladsjå-artiklar. Dermed har *Skrifter i Utval* fungert som eit referansepunkt og ein eigna startstad i samband med utarbeidinga av denne utgivinga.^{u2}

Praksisen i *Skrifter i Utval* har gått ut på å samle Vinjes tekstar om journalistikk under same tak, og dei har nytta den overskrifta Vinje som oftast nytta då han skreiv om journalistikk – «Bladsjaa» – som tittel på den seksjonen.^{u3} Men det er altså ikkje alle tekstane i *Skrifter i Utval* som har tittelen «Bladsjaa» frå Vinjes hand (fordelinga på det punktet er 27 av 38), og det er heller ikkje slik at utvalet er uttømande. Ved ein gjennomgang av heile *Dølen*, dukka det opp fem tekstar til med «Bladsjaa» som tittel som ikkje var inkluderte av Halvorsen og Vislie. Dermed er det faktiske talet på bladsjå-artiklar 32 (altså 27 + 5) – mot dei 38 som står i *A. O. Vinjes Skrifter i Utval*.

Målet med denne utgivinga har vore – til glede for alle med ei interesse for pressehistorie – å samle og publisere den spalta som hadde «Bladsjaa» som sjangertittel. Dette er første gong dei 32 blir gitt ut samla, og det er eit stort skritt frå *Skrifter i Utval* (som vart trykt med frakturskrift, til liks med *Dølen*) til antikvatypar og eit søkjevenleg digitalt format – som denne utgåva kan by på. Ønsket har vore å dokumentere og tilgjengeleggjera denne eigne sjangeren med kommentarartiklar som Vinje utvikla i *Dølen*. Dette skjer i tillegg i form av ei tekstkritisk utgåve.

Tekstkritiske prinsipp og avisoversikt

Dei tekstkritiske prinsippa som har lege til grunn for denne utgivinga, liknar på løysingane i utgivinga av [Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859](#), utført av Nina Marie Evensen og Jon Haarberg. På tilsvarande vis som ved utgivinga av korrespondentbrev til Vinje frå *Drammens Tidende* er det også berre snakk om éi tekstkjelde, og utgivinga har gått ut på å gjennomføre eit konjekturalfilologisk arbeid. Sjølv tekstetableringa kom i stand som følge av ei løyving til Det norske språk- og litteraturselskap (NSL) frå Norsk kulturråd. NSL engasjerte studentar til å transkribere tekstane, sidan OCR-lesing ikkje gav noko særleg til utgangspunkt. Arbeidet mitt har dreidd seg om å ferdigstille tekstetableringa gjennom korrekturlesing, og parallelt med dette arbeidet har eg gjort nokre rettingar. Alle dei vesentlege rettingane er med i eit tekstkritisk apparat. Jon Haarberg har vore tilsynsmann frå NSL, og som stødig læremeister og samtalepartner har han bidrege til at det tekstkritiske apparatet, men også utgåva elles, kunne bli av rett kaliber. I hovudsak dreier rettingane seg om feilstavingar av importord, men det er også snakk om feiltrykk.

Stillteiande rettingar er utførte når det ikkje herskar tvil, til dømes ved omsnudde eller forveksla bokstavar, manglande eller forveksla teikn (hermeteikn, bindestrekar, punktum, komma, diakritiske teikn). Det same gjeld ved blekkflekkar og dårleg trykk. I dei tilfella er det gjort stillteiande rettingar etter det ein med overvegande sannsyn kan fastslå var satsen.

Det som ikkje er retta på – og som er med på å vise fram det faktiske avisproduktet frå den gongen – er alt som illustrerer at Vinje kasta seg over eit nytt skriftspråk, noko som omfatta utprøving og moglege glipptak. Her finn ein slikt som kan sorterast under språklege inkonsekvensar (disse eller desse, end eller en, betste eller beste, ikki eller ikke m.m.); uvande, men frå Vinjes side gjennomførte skriveformer (som Bilthoggar, namnjetne); fornorskingar av skrivemåtar (som Reaktionen, Konkurrent og Føljetonen). Også opplagde feiltrykk som nok botnar i overgangen til eit nytt skriftspråk, både for skribenten og dei på trykkeriet (som et, en, være, væra, Fremferd, gjør), står som dei gjorde den gongen.

Typografiske val som er gjorde, er at framandord og sitatteikn som står i antikva i originalen, står med kursiv. Det same gjeld ved sperringar og feit skrift. Andre val er å gjennomgåande vise Vinjes fotnotar som vanlege notar, og det blir ikkje gjort skilnad på sitatteikn for sitat kontra sitat i sitat (sidan dette ikkje er gjort i stykka).

Det andre settet med kommentarar, som kjem i tillegg til det tekstkritiske apparatet, er kommentarar på personnamn. Sidan Vinje ikkje alltid var treffsikker på stavemåten av namn, og sidan stavemåten også i nokre tilfelle ikkje låg like fast som i dag (jf. innleiinga til *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859*), er dette meint som ei hjelp undervegs i lesinga. Då kan ein få opp fullt namn saman med utdanningsveg og/eller yrkesbane. Dermed treng ein ikkje lure på om «L. Daa» er «Medalje-Daae» eller ein annan Daa(e), men ein finn raskt ut at det er snakk om historikaren Ludvig Ludvigsen Daae (som mellom anna deltok i krinsen «Den lærde Holland» hos Paul Botten-Hansen). Med personregisteret i faksimileutgåva av *Dølen* (i fjerde bandet) og personregisteret i *Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859* fanst det på dette punktet gode kjelder som gjorde det lett å finne ut av rette vedkomande i tvilstilfelle. I jakta på galne vinbyggjar har Arkivverket vore gledeleg imøtekomande, og for å finne svenske riksdagsrepresentantar har det digitaliserte arkivet til Kungliga biblioteket over svenske dagsaviser vore vegen til innsikt.

Det er ikkje lagt til eit register over kvar dei ulike avisene eller tidsskrifta opptrer ettersom det er mogleg å søkje dei opp i denne utgåva (og ettersom stavemåten av desse ikkje er like usikker som for nokre av personnamna). Dei avisene Vinje refererer til i desse bladsjå-spaltene, er dei følgjande (i alfabetisk rekkjefølgje):

Historiske: Andhrimner, Den Constitutionelle (også kalla Nella), Den norske Tilskuer, Folkets Røst, Granskeren, Krydseren, Statsborgeren.

Norske: Aftenbladet (også kalla Krydser-Aftenbladet), Aftenposten, Almuevennen, Budstikken (også kalla Budstikka), Christiania-Posten (også kalla berre Posten), Christiania Intelligentsedler (kalla Telligensen eller Intelligensen), Dagbladet, Daglige Nyheder, Drammens Tidende, Folkevennen, Friskyttten, Illustreret Nyhedsblad (også kalla Nyhedsbladet), Katholsk Intelligentsblad, Norden, Norge, Norsk Folkeblad (også kalla Folkebladet), Rigestidenden (også kalla Rikstidenden, Rigsen eller Riksen), Skilling-Magazin (kalla Skillingmagazinet).

Påtenkte: Noregr, Tiden.

Utanlandske: Aftonbladet (svensk), Fædrelandet (dansk), Göteborgs Handels- och Sjöfartstidning (kalla Götheborgs Handels- og Sjöfartstidning; svensk), Göteborgsposten (kalla Götheborgs-Tidenden; svensk), Illustreret Tidende (dansk), Le Siècle (fransk), Nya Dagligt Allehanda (svensk), The Times (britisk).

Litteratur

Eide, Martin (red. og forf.) 2010. *En samfunnsmakt blir til 1660–1880*, bd. 1 av *Norsk presses historie 1–4 (1660–2010)*, hovudred. Hans Fredrik Dahl. Oslo: Universitetsforlaget.

Grepstad, Ottar 2017. *Vinje-bibliografien. Skrifter av og om Aasmund Olavsson Vinje 1843–2016*. Hovdebygda: Nynorsk kultursentrum.

Haarberg, Jon 1985. *Vinje på vrangen. Momenter til revurdering av en nasjonal klassiker*. Oslo: Universitetsforlaget.

Vinje, Aasmund Olavsson 2018. [Korrespondentbrev til Drammens Tidende 1851–1859](#), utg. Nina Marie Evensen og Jon Haarberg. Oslo: Det norske språk- og litteraturselskap.

Vinje, Aasmund Olavsson 1993. *Skrifter i Samling [1916–1921]*, 6 bd., utg. Olav Midttun (1–5) og Jon Haarberg (6). Oslo: Det Norske Samlaget.

Vinje, Aasmund Olavsson 1882–1890. *Skrifter i Utval*, 6 bd, utg. Halfdan Halvorsen (1–4) og Vetle Vislie (5–6). Kristiania: Det norske Samlags Forlag.

Vislie, Vetle 1890. *A. O. Vinje*. Bergen: Bokforlaget.

1. årgang (1858–59)

07.11.1858 (Nr. 3)

Bladsjaa.

Morgenbladet, som no er ein stor Sekk, hvori Alt kastas, har af og til nokot godt, som Innsendarar af Naade gjever det, eller some dugande Menner, som det stundom har i Tenesta si. Soleids har det længe havt ein mykit lærd Mann, og no i den siste Tid lyt altid han ut – under «Redactionsartikelen» – naar nokot godt skal skrivas. Han er lett at kjenna den Mannen, liksom Einhver, der er betri en den store Mugjen (Mængde). Han liknar «Philosophen» som var paa Dølen. Herinne kjenna vi paa Gjerdi Einhver, som skriver godt, enten han prentar Navnet sit under eller ei; og det er Rett at gjera Skilnad millom ein slik Mann og «Bladet», for at ikki det, for den vesle Skrivarløn, skal faa den Ros, han fortener. Det gaar ikki an at segja, at Morgenbladet er godt, men at den og den er god i det, for det har altid kyst den, som har gjevet det mest, sosom for «Oppositionen» og no Pengemagti.

Det er Synd, at Philosophen skal laana Pennen sin til slikt eit Blad; men Herregud, hvad gjerer Ein ikki for Magt og Løn! og so verdt det leset vidt, so at det Gode kjem til Nyttes. Men Verdi lyt ataat faa vita, hvorleids det henger ihop.

Philosophen – for enten han er den Eine eller den Andre, so er han ein Philosoph i god Meining – han skreiv her om Dagen over det Brigd (Forandring) som Kunsti havde undergjenget i dei siste 100 Aar i alle Greinir, som Bilthoggar-, Maalar- og Diktarkunst og Musik, samført med Pek paa Grækenland og Roms Mønstertid. Han syner, hvorleids Kunsti meir og meir nerar seg Naturen, og soleids verdt greid og paatakande. Han spaar Verdi mykit godt af dette, og det maa vist einhver vitug Mann gjera, naar Kunsti berre kunde halda seg uppe fraa Vesaldom (Trivialitet) og forklaare Livet, paa sama Tid som den gav det i Sanning. Det er dette, som er Livets Helse. Soleids som Folk heilt og haldent standa og ganga og tækja og tala, det er

Livets Armod og Sjukdom, for Ingen er fraa først til sist heilt igjenom so god, som han skulde vera. Det Vonde maa derfor stiljas ut som Lettekornet fraa det stride, og ikki vera med i det Offerbraud, som Kunstnaren leggjer paa Aandis Altar. Det er dette som kallas at «idealisere». Det er dette, som er so vondt at gjera, naar Kunstnaren, som det heiter, vil ettergjera Naturen, og derfor gjenger han over Livets Afgrunn paa Knivseggi millom Gud og den Vonde, som den gamle Folketru segjer.

(meir).

14. 11. 1858 (Nr. 4)

Bladsjaa.

Eg skulde hava skrivet sidst det, eg skriver her, og ikki med ei Gong stupat inn paa Morgenbladet. Eg har i desse otte Dagar voret rædd for, at Folk skulde tru, at det gamle Avisbraak kom til at kveikjas uppatter med Dølen. Det skal Ingen vera rædd for; men han likar no ikki heller det Broderlag, som no i lang Tid har voret millom vore store Aviser. Det er fint at «Redactørerne» ere folkelege mot hverandre i Samver, i Munn og Pen, men dei maa vita, at Folk leser deim for at faa Sanning at vita, og dersom nokon af deim fer med Fjas, so lyt den Andre tala paa det. Det tarv ikki vera den gamle Bikkjebiting, som millom Stabell^{k1} og Daa,^{k2} for det, og som har gjort, at ein full Fred er komen istadenfor den gamle Trætting. Ender og daa har dog voret eit litit Ordskifti millom Morgenbladet og Aftenbladet, om Bank- og Pengevæsen, men det er no den gamle Morgenbladsmannen, som ikki kan afleggja si gamle Naaletunge, og Aftenbladet har og ein god Hug paa denne Mannen, som liknar det so mykit; men det er vonlegt, at Aftenbladet ikki kjem so haagt upp likevel det.

Det gjerer ikki litit til det gode Vinskap millom Aviserne, at dei andre ere rædde Aftenbladet, og soleids lata det bausa fram i alt det, som det vil, uten at lyfta Munnen imot det. Eg kjenner soleids Folk, som have voret hos dei andre «Redactioner» med Stykki og fengjet det Svar: «Ja du kan nok faa det inn, men du fær berre «Ubehageligheder» af Aftenbladet for det.» Derfor skriver Aftenbladet sine Artikler straflaust om, at vi stulle føra Krig mot Tydskland for Danmarks

Skuld, og no under «Pengekrisen» om, at Landet skulde laana og laana i det Endelaase. Dei andre Aviser, og daa helst Christianiaposten, som altid har voret det folkelegaste¹⁴ Blad, sjelf daa den foer fraa den eine Kandidaten til den andre, som Ringjen i Leikjen; dei hava vel i mangt og mykit voret af ei onnor Meining en Aftenbladet; men, dei vare rædde for «Ubehageligheder». Det var ogso nokot at vera rædd! Men betri er det at sleppa for «Ubehageligheder;» men so skulde dei ikki gjeva seg af med at leida Folkemeiningi, for den, som gjever seg af med det, maa somenn ikki vera rædd for «Ubehageligheder». Det er vel den Tru, som gjerer det, at Aftenbladet er løglegt¹⁵ (vittigt). Jamen er det løglegt imillomaat, naar «Krydseren» er ute, men det er no Smaaløgi (Kjeldermænd) og altso intet Storløgi (Humor) og derfor berre til at flira aat. Men Folk ræddas no for alt Løgi, og til aandsveikare Mannen er, dess ræddare er han.

Naar no til dette Smaaløgi kjem, at Sanningi ikki skal styra Aftenbladets Lyst til at løgja Folk, so kan det skaffa «Ubehageligheder.» Dessutom er Aftenbladet eit Kafféorgan og soleids og kan skaffa «Ubehageligheder.» Det fekk Dølen her ein Kvelden kjenna; det var Kvelden etter, at Aftenbladet tænkte paa at drepa honom med sit Smaaløgi, at han utanfor ein Kaffé raakade paa nokle foretne og fordrukne Handelsmänner – gamle gode Krydserfolk – og desse vare grove i Munnen mot honom.

Eg forteler dette som ei af dei «Ubehageligheder,» som det kan valda at faa Aftenbladet paa seg, for dei ærade Herrar vare Aftenbladets Vinir og just havde leset det. Daa havde dei fengjet Mot, naar ein slik Autoritet havde talat. Af Stamgæstir paa Kafféerne – sosom gamle Copister, Skue- og Billardspilarar, unge Folk, som Forældri surt halda her i Byen forat læra, men som hava betri Hug til Restaurationerne en Læra – af denne gamle Krydserhær har eg havt mange smaae «Ubehageligheder,» fordi at deires Talsmann, Aftenbladet, gav deim Mot. At eg af slike Folk havde «Ubehageligheder» som Drammenscorrespondent finn eg fortent, fordi eg ender og daa svarade Krydseren og Aftenbladet, men at eg skulde hava det no, før eg havde opnat min Munn mot det, finn eg «karakteristisk,» og lyt her hogga det i Graastein, forat Folk etter os kan sjaa, hvordan vi livde, og hvad det var for Magtir, som regjerade Folkemeiningi om Bok- og Bladskrivning. Om eg enn er ein Mann, der etter Thronheimsposten har fengjet ei blodutt Side af Aftenbladets Stikk, kan eg endaa halda af det, fordi det er meg eit so godt Virki til Verks; og so har det mange gode Sidur; det vøre Synd at segja annat, og at det har lagt sit Elsk paa meg kan gjerne ikki vera so ille, som eg meinar. Tidi fær afgjera det; men vi

maa fortelja, hvordan Tidi no er. Hvo veit, om ikki desse Kafféfolk med sit Organ, som eg her med so liten Vyrndad talar om, ere dei rette Fuglar, som vara Samfundet om Uveder, liksom den eine Kraaka i Hopen gjerer. Sovidt eg har røynt, er det hos alle Fuglar so; Folki hava det paa sama Maaten, og desse Fuglar kallas hos deim Genier. Dei fyrikjenna Vederforandringi i Aandeheimen. Dei fleste verda drepne for den sama Teven (fin Lugt). Men Tidi er no so opplyst, at Aftenbladet med al denne sin Garde, godt kunna vera Genier, fordi om det gaar deim godt.

Aftenbladet har nokle Huspoeter til at skriva Hærkevisur som tidast paa «piperviksk». Den eine af deim, ein af Byens bedste Ungmänner, gaar for at vera ovløgleg (overordentlig vittig) og «Garden» og mange af dei haage Skyldfolki hans finna, at desse Krydservisurne hans paa «Julia, Julia, Julia Hopsasa» ere uhorveleg løglege (uhyre vittige). Der staar han som eit Ljos i dette hægste Samfunnslag, ender og daa stigande ned til Aftenbladet med si «Julia;» han maa mest løyna seg til dette, for det er no ikki finfrægt (høres ikke vel), at ein slik Mann skriver i Aviser.

Om desse Hærkediktararne og den Undran, dei vekkja i den fine Verdi, laut eg og tala, forat kunna hængja upp paa Tidis Bokvegg eit Billæti til Starasyn (Beskuelse) for Ettetidi.

21.11.1858 (Nr. 5)

Bladsjaa.

Det har voret ei god Tid for Krydser-Aftenbladet: dei andre Aviser vare rædde for «Ubehageligheder» og tagde stille eller – som Smaaaviserne, soleids Throndeimsposten – stode med Hætta i Haandi, undrande over dets Løgi; ja endaa ein Professor, der talar godt, men betri siter ikring Bordet, har funnet stor Hugnad i desse Brev om «Lortebækken,» «Fillesophia» og fraa Tenestegjenta paa Vestlandet til Statsraad Erichsen^{k3} om, at han ikki maatte taka Gutarne fraa dei stakkars Jenturne og senda deim til Sjø; om Statsraadens Smørhandel og om «Maarakvister» og om Vaskerkonur i Vaterland og Visur om Gatesaur (smuds) med liknande løglege Evni, paa sama Tid som alt det, der var djupvitugt og stortænkt vardt atløgt (gjort Nar af), soleids som ein annan Professor, der med al

sin Stivleik, dog er ein lærd og rettænkjande Mann, der ender og daa kan skriva nokot, som minnar om *Times*. Det er naudsynlegt (nødvendig) at gaa so fint inn i det Eine og Andre, for at sjaa, hvorleids her faa ut i Bladvegjen under Krydsertidi, og hvad det var for ei Aand, som vann fram, bori af Folk, som skulde vera gilde i Landet. Det vilde Intet hava havt paa seg, om det ikki havde voret slike Folk, som havde haldet Krydsere uppe, sosom ataat Studentersamfundet, der endaa tok «Journalisten» til seg som «Æresmedlem.» Det var intet Under, at «Stations- og Spisemestere» og sovordne Stormenni laut tykkja, at Krydsere og Aftenbladet var uhorveleg løglegt, naar dei saa slikt. Merkjas maa enno som det Bedste, at L. Kr. Daa^{k4} i Christianiaposten sette Krydsere javnsides Thacheray,^{k5} den navnetne Engelskmannen. Men det fekk han sidan Stryk for af – Krydsere, for det er slike Blòdsⁿ⁶ (Blades) Natur at bita deim, som sleikja (slikke), og det maa segjas at vera eit godt hugdrag i deim, for det er ikki af det Gode for andre en sjelfe Fiskararne, at slikt verdt sleikt.

Ja, det har voret sjau gode Aar for Krydser-Aftenbladet, dei sjau magre koma vel ei Gong dei og; for det skal no bretta upp Kragjen, kremta seg (rømme) og vera aalvorsamt liksom dei andre Blòd imillomaat; men det verdt nokot starastivt af det, som ikki kan hugga Folk, og nokot seigt, som er vondt at faa til Livs. Det er Smaagutar, maa vita, som det kan vera løglegt eit Bil sjaa at slaa Ball, men som bera imot, naar dei vilja vera vaxne; ja, eg meinar no her sjelve «Journalisten,» for dei Andre duga no kvaarki (hverken) til det Eine eller Andre, berre til at renna etter Nytt, og vera brukføre Folk i Embætsvegjen. Det er Synd at slike Folk leggja seg paa Avissskriving; men skulde aleine dei gjera det, som hava Tankjens Trong til at skriva, so vardt her ikki rett mange Aviser. Ein kan «gjera i Aviser» liksom det segjes at gjera i Mjøl og Malt, i Sild og Salt osv., og Aftenbladet har «gjort» godt i Bladvegjen, om enn ikki so godt som Morgenbladet, og det kjem seg af det, at det ikki har «gjort» i politiske Principer; med deim har det tvertimot stelt seg so, at det kan verda armt, sosom ved at vera Skandinav, paa sama Tid, som det har stelt seg so, at det ikki kan elskas af Kongen; men, det vil hava sin Bati hos Folket, for det maa segjas, at det har talat som eit norsk Blad burde tala mot Sverig, kanske nokot for beiskt og munngrøvt, men ellers so, at det fortener Takk. Her tagde dei andre Blòd meir eller mindri. I det Heile tykkjes Aftenbladet at hava politisk Greidhed og Rettvisi: soleids har det altid viljat havt dugande Menner paa Stortinget, og voret paa deim, som der eller i Heimbygdarne sine vare Smulegraatarar, hjartetronge og faavitande, liksom det og har stridet for betri Styr og Stell i Krigsvæsenet og talat paa mangt og mykit, Regjeringi har gjort, soleids som at taka mest af sine eigne Folk i Departementerne til Domarembæter, og daa den lét saksøkja Procurator

Sverdrup^{k6} for Ulydnad, idet han lydte Stortinget. «Politikeren» i Aftenbladet er ein brav Karl, som ser ut til at meina det godt med si Gjerning; men der er ikki dei Aandsgaavur i honom, at han kan verma Folkis Hjarta; han er ein Haandverksmann, som er si Ære værd, berre som eg sist sagde, daa han vilde, at vi skulde føra Krig mot Tydskland og gjeldbinda os for nokle Kaupmenner. Men, han vidste ikki betri, og so var han vel godt kjend med gilde Kaupmenner; og vi hanga Alle i det, som er ikring os. – Om «Lauparen» i Aftenbladet maa segjas, at han renner og løyper godt, og soleids fær vita mykit nytt til andre Dagjen. Ein god Laupare er ein nytteleg Mann i eit Blad, for Nytt vilja Alle vita. Alle gode Aviser hava sine Fuglar, liksom Odin havde sine Ravnar, sitjande ein paa kvaare Oxli (Axel), nebbande honom Nytt i Øyra, som dei fjukande havde funnet. Den, som kunde faa eit godt Nyhetsblad istand, vilde derfor gjera noket, som gjekk; og til Aftenbladets Ros maa segjas, at det i dette Stykki vonleg er det bedste Blad.

Morgenbladet er tungt at taka paa, og det tyngste er, at Ein ikki kan tala om det uten Navns Nævning af ein Mann, som Dølen i mange Stykki held af. Men det er no ei Gong vort Lagi (Skjæbne), som skulle skriva, at vi ikki maa vera rædde for «Ubehageligheder.» At nævna Morgenbladet uten A. B. Stabell^{k7} med, vøre meiningslaust. Stabell siter og rykkjer i Trædarne (Traadene), og desse mange Hallingmenner af «Redactører» dansa, so det er hugsamt at sjaa. Og anderleids kan det ikki vera: det er Bondens Hest og Bondens Havre. Med Folk, som sjelf kunde hava ei Meinung raakade han derfor usams, naar dei havde skrivet eit Bil i Morgenbladet, sosom Daa og Rolf Olsen,^{k8} og Sylvester Sivertson^{k9} gjekk det no so som so med, etterat han for god Dagløn havde havdtⁿ⁷ upp Morgenbladet i Aarene 1836 og derikring, daa Flakstriden, Uppløysingi af Stortinget og Samgreidur (Unionsaffairer) med Sverig nørde (tændte) i vort Frisind. Det var Antringisⁿ⁸ (Oppositionens) gyldne Tid, som bar Stabell fram til Fe og Frægd. Daa «gjorde» han i Opposition og lét Rolf Olsen «gjera» for seg utetter til 1848, daa E. Bøgh^{k10} «gjorde» i alle Storfolks Meinungⁿ⁹ her i Byen og førde honom fram paa Theatret til Klapp og Pip. No var der ikki nokot meir at «gjera» i Oppositionen: den havde gjort honom til Storthingsmann, Statsrevisor og Bankadministrator, og at halda paa den længer, vilde hava voret at gjera i ein tom Skarvesekk, som det ataat gufsade Kolgov utor, so det var til at verda aalsvart af; thi tok «Forretningsmannen» paa, so smaat om smaat, at «gjera» i den finare Verdi og Regjeringi, hamrande laust paa «Arbeiderurolighederne,» som vare ei Fødsle af hans gamle Gjeramaal, og mykit betri en det kunde ventas etter Morgenbladets gamle Braak paa Embætsfolk og Regjeringsstell. Han gjorde det godt, krekande Fot for Fot over, inntil han steig upp i ei Nævnd (Commission) for nokle af vore Samgreidur med Sverig. Vi minnes Alle,

hvorleids han talade og atkvad (stemte) for Sverig og imot Norig, og greidede seg fraa denne kongelege Betrusel, til dess han vardt «Ridder.» No sidan har han «gjort» seg i «Pengekrisen» til Bankschef, komande inn i det fyrste Pengeraad paa Forslag af ein Handelsmann, som han (Morgenbladet og Opponenten) havde gjort til Storthingsmann. Der siter han no nokso fint ihop med Folk, som for 10 Aar sidan ikki vilde hava klypt i honom med Eldtongi, og at disse Folk gjerer honom til Storthingsmann for Christiania er vist, om han sjelf vil. Dette er godt gjort, og den, som ikki teker af seg Hatten for ein slik «Forretningsmann» veit ikki, hvad Forretning er for ein vandsam Ting.

Det er sluttelegt, at han snart verdt Statsraad, baadi for han er ein «Forretningsmann,» og fordi det maa vera høvelegt at hava i Regjeringi ein gamal Folkemann, som kjenner alle Oppositionens Knip. Politiet tek titt i Utlandet i si Teneste gamle uttente Tjovlar (Tyve) og andre Brotmenn, og det er greidt, at dei maa vera gode til at snusa ikring og farjaga (spor-).

Daa vil Morgenbladet, denne Ku, som har voret honom so mjolkegod, koma etter, dinglande med Bjølla; men seint og fint, so Ingen gaar det (blive det var) snuande Hovudet atende og drønjannde etter den Høysaata, hun gjekk ifraa.

Dette er faamælt Morgenbladets Historie; ei onnor Gong skal eg tala mangmælt, naar eg har fengjet reint Bord for alt det Andre, som no maa takas fyrst, før eg dags dagleg kan halda Bok over Aviserne.

At Morgenbladet er godt, tarv ikki eg segja, naar heile Landet, som held det, segjer det, liksom det og segjer med det Sama, at Stabell gjerer det, som ein god Redactør skal gjera soleids i det Eine og det Andre. Kongen segjer og det Sama ved at setja Stabell inn i ei Nævnd (Commission) og ved at slaa honom til Riddare, og naar han no ei Gong gjerer honom til Statsraad, er Segli paasett tilgagns. Naar slike Magtir finna Stabells Framferd god, so kunde han læ, om Dølen sagde nokot Annat.

At Morgenbladet har mange Stykki fraa Innsendarar og dei mange ombytandes «Redactører,» som tala att' og fram snart om Politik, men meiri om andre nyttelege Ting, det kjem ikki Morgenbladets Politik ved; den slængjer seg som ein raud Traad igjennom det, og denne raude Traaden er Stabell.

Folk hava den vonde Vanen at lasta paa Verdi. Verdi er god den; det visar Stabell. Oppositionen, som las Morgenbladet for 20 og 30 Aar sidan, Leser det enno; den gjorde honom til Storthingsmann og Bankadministrator, og han er det den Dag idag; han hélt paa i mange og lange Aar at kasta Saur og Surpe, Skolvatn og Surke (aandeleg tekjet) i Anlitet paa Regjering og Raad, og dei gjera honom til Nævdarmann og Riddare, og slutteleg til Kongsraad – dei hava gjort so mykit, at dei gjerne kan gjera det med –. Det er eit godlynt Folk, ei meinlaus Regjering, og om Kongen kan Intet segjas, daa Grunnloven forbyder det. Og Christiania, ja det er Hovudstaden; det lo i 1848, daa der i Komedien var Røda om at hængja honom paa Lygtepælen, og no brukar det honom til Potte og Panne. Men, det kjem seg af det, at han er «Forretningsmann,» og af Dyggdir, som Dølen likso godt som nokon Annan kunde tala om, dersom hans Ros ikki vilde vera likso meiningslaus som hans Last, etterat Hovudstad, Regjering, Konge og Folk havde ropat med slikt rungande Raust (høi Røst): «Stabell er so, som vi vilja hava ein Mann, og Morgenbladet eit Blad, som kan vera til Dømi (Exempel) for alle Blød.»

Alt dette visar ataat det frie Folk, den frie Regjering og Konge, der liksom lær over sine egne Mistak, og elsker den, som kan vera løgleg (vittig) over deim. Dette Godlyndi kan titt gaa so langt, at Ein kjem inn paa Hundenaturen, som har størst Vyrndnad for den, som kan gjeva Ein det største Nakkedrag.

Med Morgenbladet for seg og livande midt inni Tidi, er det endaa mogeleg at fara villt; skulde eg hava gjort det, vilde det grava meg i Hugjen, og eg vilde beda Stabell om at afsaka (undskylde) meg liksom og alle deim, som dette lesa. Eg vilde no ikki faa det, eg bad om, men derimod «Ubehageligheder,» som eg no fær kvaar som er (saa alligevel).

Morgenbladet og Stabell kunna ikki godt maalas, uten at Solvold^{k11} med sin «Statsborger» gjekk i Fyrivegjen og Daa med sin «Grandsker» og «Tilskuer» og Christianiapost eit Bil Side om Side. Eg har mange gode Evni liggjande paa Kistilbotnen til dette, og Fyndvisur (Epigrammer) i lassevis. Men, Gud naade meg, dei ere i Bokmaalet. Kniper det, so leter eg deim strjuka med, som dei ere, men det, som kan omskrivas paa Norsk, skal verda det.

Eg trur, at Dølen's Lesarar vilja venta paa ei slik Maaling og Samanlikning af desse tvo – tri – store Mennesker, som hava boret Politikken vor i so langsameleg Tid over

til os, som njota godt af deires Stræv.

Christianiaposten vardt fødd i 1848, forat verda Morgenbladets Bane.

Embetsmännerne so godtsom i heile Landet, nema (undtagen) dei, som «gjorde» i Oppositionen sosom nokle Prestar, og Studentersamfundet og alle «Dannede» vare imot Morgenbladet og Stabell, som daa strax før Postens Burd (Fødsel) fekk ein Pipeconcert, dette «Intelligentsens» Ridljod (Beskrig) før Posten kom til. Den er fødd med Saarleik (Smerte) den og, Stakkar; Klappingi til «Nyttaarsaftenen» med si ottande (anende) Meining om Stabells Upphænging paa Lygtepælen, kan kallas Visa i Postens Barnsøl og Liksalma over Morgenbladet. Men ... ja, vi vita Alle, hvad det er for eit Men. Morgenbladet fekk nok ein Blekk, men endaa vardt det størri strax etter; det gjekk nok slunket i Skinnen eit Bil, liksom ein og annan Storétare no etter «Pengekrisen,» som gjorde Ende paa so mangein god Aabit (Frokost);ⁿ¹⁰ men so gjekk det over i den nye Idés Teneste, det vil segja, Stabell «gjorde» i Opinionen (Folkemeingi), og no sjaa vi Alle det digre, trillande, ronde og blømande Morgenblad, som vist liver længer en nokon af os. Og Christianiaposten? Ja, Daa var i den og var fljugande vond paa Revolutionen og Lamartine,^{k12} som vi, brennande Ungmenni, likade ille, og daa her i vort Land intet er at gjera Revolution etter, og vi soleids ikki kunna hata men vel mata den, so var ikki det nokot at «gjera» i.

28.11.1858 (Nr. 6)

Bladsjaa.

Christianiaposten kunde ikke fjelga seg, om enn sogodtsom den heile Embætsstand var for den, og det kom seg vist af det, at Daa^{k13} var for sur og de andre Styrimennarⁿ¹¹ for lærde uten Aandens Eld til at smelta og melta Kunnskapens Malm. Men desse lærde «Redactører» havde den Tru, at Morgenbladet og Stabell^{k14} vare af det Vonde, som det var lærde og betrudde Mennars Skylda at verka imot; men daa Morgenbladet og Stabell vox kvaar som var (saa alligevel), vorde desse Folk trøytt, og den Eine gjekk til sin Lærar- og den Anden til sin Domarstol, latande «Posten» standa for Lut og kaldt Vatn. So kom Daa atter og skulde kveikja honom uppatter, men so tok han paa at «gjera» so mykit i dei svenske Greidur, og nasabrende seg so, han vardt ein ubrukeleg «Post»førare. Deretter kom «Candidaternes Tid,» daa «Posten» foor fraa den eine Laudabilisten

til den Andre og sjelf fekk *non contemnendus* (ikke at vanvyrdas). Havde ikki «Postens» Kostnarmann (Forlægger) voret so rik og drivande, vilde han hava fengjet bøtt for den Tankjen, at ein god Candidat og ein god Avissskrivare kjem paa Eit ut, daa Skilnaden er den, at den Eine lyt hava Tankar sjelf og den Andre kan berga seg med Andres. No nyst er Posten komen i Hændarne paa ein Mann, som lovar det Betste, og den kan soleids betri en før verda eit folkelegt (gentilt) Blad, som det er Hugnad at hava. Postmannen likar ikki Dø lens Maal, men det er det Sama: han er like brav Karl for det, naar han som ein kunnande og manngod (human) Mann segjer si Meining. Landet treng til eit stormannlegt (aristokratisk) Blad liksom til nokle store og velbune (indrettede) Hus, haage Folk og heilage Embæter, stuttmælt, til eit Stormannsstyr, naar det kan vera aandeleg stort ataat.

I Folkehavet heilag maa
Vitvardenⁿ¹² staa,
som Pøbelbylgja brytes paa,
so Sjømann inn i Havn kan gaa,
naar Nott verdt myrk og Hav i Fro.ⁿ¹³

Oppositionen har no sidan 1848, daa Morgenbladet tok til at «gjera» i nokot Annat, voret som Sauden uten Hyrding. Det er sagt, at her no ikki længer var nokot at antra (opponere) imot; men eg meinar at Norigs Politik ikki med det Aar so braat kunde verda ein Gudsflugl, paa sama Tid som den i dei andre Løndⁿ¹⁴ (Lande) foor paa den verri Vegjen. Lat sjaa paa Statsraadet! Stang,^{k15} som var den mest velvyrde Mann i Regjeringi, var vist den Sama etter som før 1848. Vogt^{k16} er likedan; han denne støde, greide Mannen, som var ein af Hovudmennarne til at omgjera det danske bundne Regjeringsstell til eit frigjort norskt. Det var ikki nok, at Grunnloven var skriven: det heile Regjeringsstell med sine Protocoller, Resolutioner, Circulairer og Tilgjerd paa alle Maatar laut fylgja med i sama Aand. At kunna gjera detta fljotande uten Hopp og Skak, var Departementernes stille Gjerning, men like stor for det, og Vogt, denne Protocollens Mann, har her gjort meir, en Nokon trur; men denne Mann, likso stiv som Retten, var likeins etter som før 1848. Og Løvenskjold,^{k17} hin gamle, gode og folkelege Adelsmann var og den Sama; og Pettersen,^{k18} denne ordhage, godlyndte og løglege (vittige) Mann, stupade vist ikki heller Staalhuva (hovudkulds) i 1848; og no Bretteville,^{k19} som daa ved Lag kom inn i Raadet? Ja, af honom skulde der ikki drjupa mykit Feitt. Alt Snakk om at Regjeringi var omgjord, og at Opposition etter den Tid var urimeleg, er derfor Snikksnakk. Og i Lovgjevingi er der heller ikki framkomne slike

Stortankar, at ein Opposition ikki kunde trivas like vel for den Ting; det skulde daa vera desse stakkars Rettarbøtar i Skjots- (Skyts) loven, som no nøyder Lensmannen til at køyra paa ei Skranglekjerre, dersom han ikki legg Pengar af seg sjelf til betri Køyregreide. Kan vel vera, at slike Rettarbøtar hava døyvt (døvet) Oppositionen, for dei store Lovar, sosom Erveloven, kan det ikki vera, daa desse ikki meir vare deires Kravsmaal en Regjeringis. Det var ikki somykit Stortankar, den foor med, som at Embætsmennar skulde faa liti Løn og laag Skjots og soleids etter Haandi koma ned i Stakkarsdomen som «Opponentterne» eller dei «Liberale.» Eg segjer ikki dette som eit Sneidord til Oppositionen: Den var nytteleg til si Tid og til sit Bruk, og vil alltid vera det; og om no enn Sportel- og Vegloven, desse tvo Hjul under Oppositionens Kjerre, ere stelte med, so kunna enno desse sama Hjul brukas eller andre af sama Slag finnas. Og no at spara daa, som var Oppositionens største Verdleik? Ja daa er det etter 1848 vordet mykit verri med at øyda og slysa (sløse); no er det Statslaan paa hvert Storthing, kan Ein segja. «Men so verdt Pengarne brukade til Nyttas,» kunde Oppositionen svara. Men vorde dei kastade bort for det? Og var ikki det Eine likso turvelegt (nødvendigt) som det Andre til Landets Framvoxter, om enn Tid og Stad ikki vare dei sama?

Nei, eg leitar og leitar paa alle Vegir og Vidottur (Strækninger) og kan ikki finna nokon mindre Grunn til at antra (opponere) no en før 1848.

Her er soleids ein tom Stol for eit Oppositionsblad, sidan Morgenbladsmannen har flutt seg upp paa ein hægri Sess. Aftenbladet kan ikki setja seg i den Sessen, dertil er det sjelf for rugglande og svivande til alle Kantar, og so kan der koma eit Glefs ender og daa (af og til) til Oppositionens Stormennar, som skjemma det Heile ut. Det er ikki lett at vera eit slikt Oppositionsblad; det lyt ganga med Skylappar, so det berre fér stabeint endefram. Det skal ein Morgenbladsmann, ein «Forretningsmann» til det.

Skulde Oppositionen hava sluttat, so maatte det hava voret i 1845, daa Oscar^{k20} vardt Konge, og frigjorde Flaket og tok Stang og Riddervold^{k21} og Sørensen^{k22} inn i Statsraadet. Men Oppositionen skreik like haagt paa nye Statsraadar i 1848 og skreiv den navnetne «Adresse.» Hovudmennarne vare ikki endaa komne so langt fram, som dei vilde. Dersom her havde voret nokon Opposition i 1854, kunde den daa og hava dovnat, etterdi Lange vardt Statsraad, han som er slik ein greid og dugande Mann. Hagerup^{k23} kunde og hava døyvt Skrik, dersom her havde voret

nokot at døyva. Nei, Ein kan snu og venda seg, som Ein vil; Oppositionen med Morgenbladet som Talsmann, traut paa ei Tid, som ikki var den rette, og derfor har Ein Lov til at tænkja, at det ikki var af Hjartat eller Vit Oppositionen kom og traut, men af Reikning eller Faavit, komande og trjotande liksom teljande paa Knapparne sine.

Her har voret stort Stræv med at faa eit Oppositionsblad istand. Dei gamle Gudar vare ikki længer truande paa. Somykit vitste Alle; men at faa seg nye, det var vont at vinna. Det verdt vel vonlegt ved det Gamle, at eit og annat hvast Stykki ender og daa kjem i Morgenbladet til Hugnad for Oppositionen, der daa segjer som den snille Mannen om den vonde Kona si, naar det blide Lot (Lune) kjem paa hena: «det er daa den gamle Duva likevel.» – Og so varer Samlivet ved.

Paa lang Tid, kanskje aldri før, har her voret ei slik Trong som no til eit Oppositionsblad. Med «Regentskapet» er ei Luft komi inn i Politikken, som ligg tung paa os Alle. Her maa koma Lyn, som kunna brenna upp denne Blyluft og reinska den. Vi ere kanskje eit ihugsentⁿ¹⁵ Folk mot Sverig; men naar vi sjaa, hvad Crusenstolpe^{k24} skriver, so kan Ein nok vera ihugsen, for han skreiv ikki so, dersom han ikki vitste, at det kom i god Jord; og ein so genial Mann som han, andar vel, hvad der ligg i Lufti; og lesen verdt han vist meir en nokon Annan. Vi saa, hvorleids dei svenske Studenter las «Carl Johan og Svenskarne.» Den laa som ei Bønebok i deires Skipsrum. Crusenstolpe er Ordføraren i det svenske Stormannskap (Aristokrati), og hans Ord maa gripa einhver Adelsmann fraa Umeå til Ystad. Vi skulle ikki undras over dette og hata Svensken for det; men paa Post maa vi vera, og det er Ting, som Ein ikki kan sleppa fraa med Atløgi (gjera Nar af), so narrelegt det enn titt kan tykkjas.

Dette er no Ting som den framfarande Tid vil døyva, og Sanning koma istaden. Men, det, som er verri, er denne Hermannsaand (militær-) som synes at vera komi inn i Styringi, og enn meir den Uppflutningsmaati, som tykkjes raada i Flutningi til Embæter og daa mest til dei hermannlege (militære). Vi sjaa Folk so unge, at dei lyt farga Dunskjægget sit svart, stiga upp til haage Embæter, paa sama Tid som klokare og eldri Folk ingen Veg koma. Vi høyra og – hvor sandt det er, kan ikki eg segja – at Armékommandoen og Regjeringi faa Pek i Fyrivegjen om, hvem de skulle taka fram. Det er betst at segja det, som sandt er, at her for alt dette er eit Mismod, og eit Samlyndi (Enighed) blandt alle Aandens Mennar, som gjerer, at det nok er

betst, at snu om paa den Vegjen det fortaste Ein kan. Lykkefuglarne ere ikki nokot at lita paa: dei ere altid dei fyrste til at fjuka bort dei.

Oppositionens Tid er ikki ute.

12.12.1858 (Nr. 8)

Bladsjaa.

«Illustreret Nyhedsblad» grunnlagdes af Polakken Dzwonkowski, ^{k25} ein Mann, som var for stor for os, og derfor rømde han ogso fraa os, etterat han havde gjort størri Gjeld, en han kunde bitala. Det var i Speculation (Febragd) han var so ovstor, i den Speculation, som vi so litit vita af, og som ligger i at skrøyta og ljuga, og lova ikki halda, men briska seg for at halda uppe Crediten (Betruselen). Det var denne amerikanske Speculation, som Dzwonkowski dreiv paa med, og som brukas so mykit i Europas størri Byar, hvor Folk ikki so snart verdt kjende. Men her er det so smalt og trongt, at ein slik Speculant ikki kan aalboga seg. Derfor gjekk det ille med Dzwonkowski og «Nyhedsbladet» og hans Utloddingar og Præmier og Joletré og Jole troll.

Det var ein god Speculationstanki, at kalla Bladet eit «Nyhedsblad» og «illustreret» (utskjeldrat) ataat: for Nytt vilja Alle vita, og slike Afskjeldringar ere for Kvennfolk, og Smaaborn, og mange, sosom Mannslik (Portræter) og Reidskaper, for vaxne Folk og. Men Bladet kunde ikki vera Nyhetsblad, daa det berre kom ut ei Gong om Vika. Eit Blad lyt koma ut hver Dag og Kvelds og Morgons ataat for at vera Nyhetsblad. Vi hava no Posten og Morgen- og Aften- og Dagblad (som ligger og sev (sover) til Nyaars), so vi maa tykkjas at hava Nyhets-Blòd nok. Og vist er det, at «Nyhedsbladet» ikki held seg uppe for det, at det er «Nyhedsblad» og «illustreret,» men *uagtet* disse Speculations-Greidur af Dzwonkowski.

Daa han var laupen af Land, stod Bladmeistaren (Redactøren) Paal Hanson Botnen, ^{k26} denne Dølen, tilbaka med eit Blad, som ikki kunde bera seg, og om det enn var ei Trong for honom til at ganga fram paa den fundne Vegjen, so havde han ikki Raad til at leggja Pengar paa Tankjens Altar, og han var nøydd til at lata Barnet sit døy, daa det vox som betst. Men so sloge nokle af dei mest velvyrde Bokfolk seg

ihop for at halda Bladet uppe ved at lova det Stykki (Bidrag) fraa si Haand. Professor Monrad^{k27} og Munch^{k28} og Welhaven^{k29} og Asbjørnsen^{k30} saa, at Botneguten var ein nytteleg Mann, og daa Aalmenningjen (Publicum) saa dette, so saa den det Sama og tingade (subskriberede) paa Bladet, som no trives vel og fortener sin Trivnad.

«Nyhedsbladet» har so mange velskrivne Stykki og er so fint prentat, at det vilde vera ei Ære for eit mangedubbelt størri og rikare Land end Norig, for kvaarki (hverken) i Tyskland eller England fér ein betri Blòd af det Slag, om enn dei hava hundrede Lesarar for ein. Der er soleids ov gode Dømingar (Kritikker) i det og vist det største Bokkjennskap i heile Landet, for Botnenⁿ¹⁶ er ein Boksamlare og Bokkjennare, sannsynt den største etter afdøyde Justitiarius Berg,^{k31} men langt ifraa med hans Lærdom, som kanskje ikki eigong Archivar Lange^{k32} og Professor Keyser,^{k33} men berre den makalause Professor P. A. Munch kan naa upp til. Der har ogso no iaar voret prentade Brev fraa Biskop Bugge,^{k34} samlade og no utgjevne i ei liti Bok af «Fuldmægtig» M. Birkeland;^{k35} dei lysa godt upp i den myrke Tid fraa 1808 til 1814. Berre vi maatte faa fleire slike Brev! – Student L. Daa^{k36} har samlat i Brevgjøymli (Archiver) Opplysingar om Christianias Latinskole, og med Vit og Løgi (Vittighed) gjort af det, han fann, ein Spegil, som Tidis Stakkarsdom og Galskap og lærde Jaalskap for hundrede Aar sidan og so fram etter livande er at sjaa i. H. Ibsen^{k37} prentar Vers ender og daa i Nyhetsbladet; A. Munch^{k38} likeins; Professorerne Hansten^{k39} og Monrad og Welhaven skriva der imillomaat, og I. Aasen^{k40} (paa Dansk), so det er greidt at Nyhetsbladet har det Betste at bjoda i Bokmaalet.

Botten sjelf kan skriva so fint og tveggjat, at Ein ikki skal finna Mange til at gjera det honom etter. Det, han i Nyhetsbladet for halvandet Aar siden skreiv over den geniale men sérlyndte og sértænkte Oluf Brock,^{k41} var nokot af det mest Flirande, som finnst i vor Bokavlⁿ¹⁷ (Literatur) men altfor spottande etter nydøydd Mann. I «Andhrimner,» den Bladkrokjen, som Botnen og Ibsen og Vinje vare ihop om for 8 Aar sidan, skreiv han ei lang Forteljing, der skjeldrar Bondelivet so sandt og sérmerkt (karakteristisk), at Ingen enno har gjort det betri; men kanskje den er for aatløgjande (satirisk) til at gjera slik Lykke, som dei meiri endeframme (naive) gjera. Den er ertande og flirande og naalestingande heilt igjenom – sovidt eg no kan minnas. Den skulde koma ut som ei onnor Bok, og kvaarki (hverken) «Fjöllbygdi» eller «Solbakkjen,» skulde skemmas i Syskynlagjet, om enn hver er paa sin Vis.

Det, som drap «Andhrimner» (om han enn var ein Gud) var den Urædsla, hvormed disse tri nævnde Mennarne toke fatt i Alt, som dei ikki likade, foruten det at Bladet begyndade med eit Navn, «Manden,» som ikki var horvandes og med so stygge Teikningar (Illustrationer). Af Skade er Botnen no vorden so viis, at han provar paa at lata Verdi styra seg, som hun sjelf vil, og derfor leser hun og Nyhetsbladet. Den gamle Stridshug løyper dog af med honom ender og daa, so at han saarar Ein og Annan, som daa segjer Bladet upp paa Flekk og Stad etter gamal Sedvane. Men so hender det og, at ein ny Kaupare (Abonment) kjem, som var glad i, at Uppreksmannenⁿ¹⁸ fekk Smurning. Men vaaskøytt (prekært)ⁿ¹⁹ er dette, og det Greidaste er ikki at fæla Nokon fraa seg. Jacob Aall^{k42} var ein Mønstermann i det, som i so mykit Annat. Daa han soleids oversette Snorre,^{k43} so rosade han Keyser og Andre i Fyritala, og soleids døyvde deires Døming (Kritik), som var den einaste ræddandes.

Men dette Aallmønster vil Botnen aldri naa, for slike Bondegutar kunna ingesinn venja seg af med Slængje-Munnen sin, og ein god Dag kan derfor den fine Verdi, som har tekjet Botnen til seg, fara kvekkjandes upp af eit Sneidord, «Herrerne» dragande i Silkjvesten sin og «Damerne» nippande i Krinolinen. Skal eg segja mi Meinung, so kan ikki det Samlag enda godt. Eg minnes som idag, den Gong han skreiv eit Minni om J. Meyer.^{k44} Der var nokot af ein ægyptisk Dom i det, og soleids som det burde vera etter Hver og Ein, som er stor; Domen var fin og meiri ottande (anende) en segjande; men der vardt ei Rædsla, og det store Bulid (Familie) las vist ikki «Nyhedsbladet» paa eit Aar, kanske ikki enno. Og «Borgermester og Raad» gjekk vist med ein gruseleg «Indignation» (Harm) i lang Tid, kanske enno.

No sidst under Krigen mot Rusland, skreiv han, eller oversette eit hvast Stykki mod dette Land; men ikki før havde Politimestaren leset det, før han sagde Bladet upp, og i dei «diplomatiske Kredse» var vitst eit stort Upprør.

Etter Storthinget i 1854 tok han paa med at skjeldra nokle Storthingsmennar baadi treskjerandes og omrødandes, men daa han ikki kunde lata vera at klodraga imillomaat ein og annan «stor» Mann, vardt det for «anstødeligt» (utykkjande) at tala om «livande» Folk paa den Maaten, og han fann det klokast at slutta. At han gav O. Vig^{k45} og Vinje Skrubb for deires Norskhet var derimot til Pass og i den «gode Smag.»

Denne fine Fane, han tener under, og som breider sine Bladkurⁿ²⁰ ikring honom, den har honom, har eg meint, som ein god Stridsmann mot Norskheti, fordi han kjenner hena, og soleids kan hogga og slaa for disse danske Herrar betri en nokon af deim sjelf. Nokon Aftale er vist ikki gjord imillom deim, men dei forstaa hverandre, og Botnen arbeider i deires Aand, og dei koma til at skaffa honom ein Bokgjøymslepost (Archivar-), om han verdt tru inntil Enden. Han fortener ærlegt ein slik Post ved sin Kunskap og Bokkjensla, det er ikki for det; men han vilde no aldri faa den, dersom han var Døl, idetmindste ikki so længi dei no Raadande livde, likesolitt som Welhaven nokotsinn var vorden Professor, dersom han ikki hadde godtgjort sin «gode Smag» ved at klora Wergeland^{k46} i Augo.

Dette var min Uppfatning før; men sannsynnt er det og, at Botnen ikki er komen solangt, at han har funnet atter sit norske Maal, men fullt og fast trur paa Bokmaalet. Han sagde no, og det maa truas, at eg ikki var norsk nok før og at han derfor gav «Dølen» betri Lov, men dog liksom med Augneglytt til sine Folk. Det vera langt fraa meg, at meina nokot Hjartevondt om Botnen; men sagt honom har eg titt, at han er komen inn i vondt og uhøvelegt Selskap, so godt det enn er, og at det vil draga honom bort fraa sin eigen Veg og kasta ein Skuggi af Aands-Ustødhet paa honom; for hans Ungdom og Strid og Røynsla er so usams med deires, at dei aldri kunna samstavas, uten at han legg af seg sin eigen Natur, og soleids verdt borte for seg sjelf og Landet.

Han er no Ordføraren for desse Dansk-Norske, som standa med den eine Foten i Danmark og den andre i Norig. Kanske dei tru, at det er den rette Standing. Aa ja, dei vita vel ikki betri en so. Derfor har «Nyhedsbladet» ogso Tilsyn med dei Bøkar, som koma ut i Danmark og skriver Dømingar over deim; og so er det til Byttelag velvyrddt i Danmark ved soleids at lata Norig som før vera eit Annex til det. Dei ere ikki stortænkte desse Mennarne, men dei meina at vera fælt kloke, medan vi ere so ukloke, at vi missa Alt.

Men hvorleids det no enn er med Botnens Medhald og Stell med vore sidste Danske, desse Brutus'er (Welhaven, Monrad, Munch, Hansten o. fl.) denne norske Bokdomstol (literære Areopagus): so er det dog vist, at Botnen, naar han gjekk etter eget Huglyndi, vilde leggja ei gangandes Bru millom Danmark og Norig, han vilde brjota meir paa Norsk, og soleids koma over, medan dei Andre aldri koma af

Flekkjen. Dølen skal med Athygliⁿ²¹ (Opmærksomhed) fylgja Nyhetsbladet og «Literaturens Veteraner» (dei gamle Bokfolk).

Sannsynt kan det og vera, at Botnen meir og meir berre verdt ein Reikenskapsførare over Bøkar og Bokskrivarar, og at «Nyhedsbladet» verdt liksom ein aandeleg «Skifteprotokol,» havande sjelf ingi Meining, men berre uppteiknande Alt. Bladet og Botnen vilde paa den Maaten kanske gjera største Nyttan, og so slap det «Ubehageligheder,» njojande Vyrndnad af Alle, meidande (saarande) intet Moders Liv. At hava Meiningar er ingen meinlaus Ting. Og Botnen er Mann for ei Meining.

27.02.1859 (Nr. 19)

Bladsjaa.

I Bergen gjever Presten Holfeldt-Heuen^{k47} ut eit katholsk «Intelligentsblad,» som skal opplysa Folk om den katholske Tru og visa Skilnaden millom hena og den lutherske. Det fyrste Nr. er utkomet, og Bladet er so klaart og greidt skrivet, at det vist vilde vera til Nyttan for Mange at lesa det; eg der er ingen Faari med den Lesnaden, tvertimot er der mykit at læra af den, for det er alltid værddt at vita, korleids den Tru er, som somange Folk hava. Her er fleire Katholiker i Europa en Lutheraner.

Eg meinat dog, at Utgjevaren sliter ut sine store Kræfter til Unyttan, for her i Norig vil vist ikki det katholske Saadkorn vexe upp. Aalmugjen hever altfor mykit imot den katholske Tru, og opplyste Folk ere vaxne fraa den Tid, daa dei tænkte, at Sæla vard afgjord med at byggja Tempel i Jerusalem istadenfor paa Garizim. Det er i Folkis Barndom dei slaast om slikt. Naar dei verda vaxne, byggja dei Tempel i Aand og Sanning, latande Smaaborni slaast om Templets Tuft, soleids som dei alltid hava gjort og vilja gjera til Dagarnes Endi.

Det som hugdreger «Dølen» mot Katholikerne er ikki Trui, men det er, at dei her i Norig hava haldet seg til Landsens Maal, for sovidt det gjekk an for Latinen deira. Soleids sees det af «*Diplomatarium,*» at den sidste «katholske Erkebisp» Olaf Engelbrechtson^{k48} skreiv Norsk, medan Geble Pederson,^{k49} hans lutherske

Motstandare, skreiv Dansk. Den sidste norske Styttu vardt rivi ned med Engelbrechtson'en.

I den katholske Utsending nord i Alten skal ogso lærast Gamalnorsk, og det sama skal den katholske Prest her i Christiania, Lichtlé,^{k50} halda paa at læra. Vonleg lærer Holfeldt-Houen det og.

– Februarheftet (Nr. 2) af Budstikken er utkomet, og det maa segjast, at Prisen 3 Ort for heile Aargangen er vel faren, om det so vøre for ein Husmann, som berre siter med ei Ku, 4 Saudir og 1 Gjeit, og om det so vore berre Stykkit «om Husdyrenes Behandling og Forædling,» han fekk, for han vilde hava det atter paa eit Lamb eller tvo, en segja paa ein heil Kalv. Det er Hugnad at lesa dette Stykki, tænkjande paa all den Nyttan, som det kan gjera; den kan ikki reiknast ut, den, for det heile Land i den lange Framtid. Og so all den Gaum (Opmærksomhed), det maa gjeva Folk i sit Festell, som endaa for Folkeupplæringi er til størri Gagn en den Nyttan, som kan takast paa. Hovudsaki er at faa Folk til at tænkja med alt, som det ferer med. Den som gjeng med Gaum gjennom Livet, er opplyst, om han so ikki kan lesa eit Ord, medan Gaumløysa er uvitande, om ho lesar aldri somykit.

I det lange Stykki om «Sukker-Runkelroen,» greidest ut med Sakkunnskap denne Næpenaturen og det Mistak, som er gjort mest i Frankrike med at gjera Sukker af hena. Det var eit Ord i rette Tid, etterdi der var Røda om ned paa Moss at saa Næpur og gjera Sukker, no naar Eplesjuken seer ut til at gjera Ende paa Brennevins-Brenningi, som der saud og rann jamt og stødt før.

Dersom vi havde havt Folk, som kunde hava talat slike Varslingord i Fyrivegjen, daa her vardt tekjet til med Bomulls-Spinning og Vevnad, so havde Landet sluppet denne Yvirfylling af Fabrikker, som maa sjukna bort no, daa Storhinget ikki kan setja Haag Toll og soleids lata heile Landet yta ein Skatt til at skapa Bomulls-Lorder og ein Armodsflokk af uvitande og lauslyndte «Fabrikpiger,» drivande Pengarne til at leggja seg paa Verk, som ikki eiga Rot i Landets Jord og dragande Folk bort fraa det, som heimelegt er, soleids som Maskinverk meiri vilde vera, daa vi hava Jarn. Kan Bomull spinnast og vevast i Kapp med England, so fær det vera som det vil, men kan det ikki det her, som vi hava Fossar istadenfor Steinkol til at driva Maskiner, so visar det, at dette Yrkje er uhøvelegt for os, og at Staten heller maa kaupa seg fraa Fabrikseigararne en at halda paa med ein Toll, som sykjer (gjerer

sjuk) Landet meir og meir – soleids som det i Frankrike i 1842 var tænkt paa at gjeva Eigargarne af Runkelro-Sukker 8 Millioner Spd. Men Landet var so stuttænkt, at det vardt ikki nokot af med det.

Paa Budstikkens sidste Blad stend om ei lettvin og god Treskemaskine, som Lensmann Jersin^{k51} i Sokndal i nördri Bergenhus Amt hever oppfunnet. Det er Troll til Lensmennar! Lensmann Walsøe^{k52} hever no nyst funnet upp ein Netbinding-Maskine, som skal binda Net og Not baadi fort og vel. Det meinast, at ho vil gjera ein heil Omstøyt i Fiski, eg so kan Folk gjera andre nyttelege Ting istadenfor at sitja og pusla med den Netbindingi, som det so ikki kan verda annat en Armodsdøm af med, kvor som er.

Eg hever høyrte Folk segja, at Budstikka tidt skriver for langt om ein Ting, istadenfor at ho meir skulde gjeva stutte Utkomur (Resultater, Recepter). Men dette kan eg ikki finna er rett: betri faatt og vel en mangt og ille. Desse lange Stykki ere ved sin Lærdøm lærerike at lesa endaa for Byfolk, og eg kjenner af gomol Røynsla, at slike Recepter som tidast ere til inkjes for Landmannen. Han veit kvaarki Maal eller Maati med deim; dei liggja like alle «abstracte» Setningar som Stein i Magjen. – Det er den Slags Kost, som «Philosophen» eter sjelv og seter paa Bordet for andre.

– «Dagbladet» kjem no dagstødt ut, men daa det enno ikki hever komet med nye Synsmaatar eller havt nokot framom dei andre Aviser, so er det litit at tala om. Stilen er, som ventandes fraa den Haand, greid og lett i «Redactionsartikklerne,» naar det gamle Slarv med unaudivge framande Ord kunde afleggjast. Ei ny politisk Avis maa vera ei ny Vara paa Aandis Marknadsplats, skal Folk vilja kaupa. Det kan vonast, at Dagbladet vil verda dette, men enno er det ikki komet so langt. Det kan tidt vera klokt at bida eit Bil med Kulurne, puffande med laust Krudt, til Folk koma paa godt Skot.

18.09.1859 (Nr. 48)

Bladsjaa.

I Christiania-Posten hever stadi og stendi enno nokre Stykki af Navn «italienske Forhold,» som historisk greider ut Tilstandi i Italia alt fraa Folkeferdirnes Tid og til no, og var det lærdaste og beste eg kann minnst at hava lesit i nokor norsk Tidende. Det burde prentast af til ei liti Bok. Men det var so grundigt og langt, at eg er rædd for, at det berre var faae, som lesa det, for dei fleste Lesarar hava det paa den Maaten, at dei kasta Avisa, naar dei sjaa nokot, som er langt. Det kann ogso for Mange vera Naud paa at gjera detta, for dei hava ikki Tid til at lesa alt det, som no verdt prentad i Tidenderne, og dei ero so tidt narrade med det Duglause, at ingen kann fortenkja deim i, om dei vraka alt langt yvir Hovud. Men ein slik Artikkel som denne i Christiania-Posten maatte kunna hevja eit Blad upp til Vyrndad, for naar slike Folk senda sit Verk til Bladet, so maatte dei andre mindri kunnande ogso tru paa det. Det er hugsamt at lesa slike Stykki millom i vaare Tidender; dei plaga ellers berre vera Rennekonur, som fara kring Lond og Strond med Dagsnytt.

– I Aftenbladet hever ogso stadi og heller enno paa at standa eit godt Stykki om «Handelskrisen i Bergen;» det greider godt ut, kvifor so mange Handelsmennar i Bergen ero busprengde (bankerotte) no: dei forhandlade seg elder forkaupte og forselde seg i Korn og Fisk, i Skip og Eimbaatar og Maskin-Værk, desse varme Bergenhusingar; dei fortoke seg baadi paa den eine og andre Handelsvara og stelte seg som Bergen skulde hava legit i eit stort rikt Land og ikki vest paa Noregs nakne Strond. Dei vaaro for store for det vesle Land, og dei vaaro for mange om dei faae Ting, som Bergen kann omsetja i Handel. Den traee og seige norske Natur, som Folk solengi hava heklata paa, den hadde ikki desse Bergenhusingar og derfor gjekk det ille; men dei hadde fortent ein betri Lagnad. Der var Liv og Ungdomsmod i deim, og den kalde ⁿ²² Klokskap og svarte Armod som bøyger slike Folk, er slett ikki hugsam. Bergenhusingarne gjorde eit Handelsdikt, og om dette ikki var so godt som deira norske Theater og norske Maal, so kom det berre afdi at Korn og Tran og Fisk og alt slikt er eit ubrukelegt Evni for Diktning. Det var Toets (Stoffets) Skuld. Men Bergenhusingarne ero ikki aaleine om den Diktning; heile Verdi diktade i det sama til dess at «Pengekrisen» kom snart tvo Aar sidan; men Bergenhusingarne heldo Soga (Fabelen, Intrigen) gangande lenger, til dess at ho no ogso brast for deim med, og det so mykit kvassare, som ho lenger og finare var utspunni af deim. Papir og Brev gingo Haand fraa Haand som paa Theatret til dess ingen vitste kvaarki upp elder ned; dei foro att' og fram; so kom der Ljos inn; so saago dei, at dei gingo paa Papirhus; so ramlade alt ned og dei med; so rullade Teppet ned. Publikum sturer og kjenner ikring seg, om det ogso hever Fotfesti.

09.10.1859 (Nr. 51)

Bladsjaa

Aftenbladet hever no i desse Dagar omgjort seg baadi ute og inne; ute med det, at det rømer mindst ein Femtepart mindri af dei størri Bokstavar, som det no prentar med. Det er so grovstilat, at gamle Konur godt kunna lesa det brillelause, og det er godt, for det hever innvortes omgjort seg paa den Maaten, at det teker upp Navnet det «liberale Parti» paa Folk, som hava lært mindst. Der er vel Anførarar, som hava lært mykit, men den store Hopen kann ikki kallast dei «Liberale» (frilynde), somykit som vi ellers halda af desse Folk og finna deim gagnlege til sit Bruk. Det er dei Vellærde og Tenkjande, som til alle Tider og i alle Riki hava kjæmpat for Fridomen, vunnit og haldit paa honom mot alt Ovriki (Despoti). At gjera dei, som kunna mindst til Fridomens Berarar elder at kalla deim dei «Liberale» det er berre til at læ aat, og Morgonbladet, som gjorde dette ikring tolv Aar og lenger sidan, det maatte slutta med den Galskapen, og eg trur her er mindri Kans no for Aftenbladet til at faa Liv i dette Lik. Aftenbladet kann draga til seg somange Folk det vil, det fær aldri nokon dugande Mann til at ganga inn paa slike Tverdømi (Paradoxer). Lat Bladet strida for Juryen, det er ei Sak, som er Strid værd for kver, som trur paa hena, og vi maa, til vi sjaa nokot annat, tru, at kver Mann trur paa den Sak, han strider for. Men vil Aftenbladet gjera Gagn, som eit Blad med so mange Lesarar kunde, so maa det ikki skjæmma Saki ut ved at taka upp Ord om Ting, som skræma Folk ifraa seg. Det kann vel henda, at det fær dette «liberale Parti» med seg; men det er Folk som eg eigong kvad om:

«Dei vanta dei Risi, som Verdi kann dengja:
dei hava 'ki Kunnskap, ki' Aand elder Penga(r).»

Dette «liberale Parti» var nytteleg nok i si Tid under mange af vaare danske og uvitande Embættesmennar, og under dei mange Misbruk fraa den gamle Tid; men no er her komet størri Opplysning og Sans for Fridom, og korleides det en er, so er det vist, at kver og ein, som styddar seg til annat en det mest opplyste i Landet, han gjenger seint elder tidlegt til Grunds. Og naar desse kallast dei frilynde (liberale), so seer det ut, liksom vi andre ikki skulde vera det.

Det maa vera gagnlegt, etterdi det er so, at der i eit Land standa Parti kvasse mot kverandre, og daa som alltid ero galne kver paa sin Kant; men eg trur, at vi ikki her trenga til slikt, af di vi hava det so greidt, og ingen Mann hever nokon Sérrett (Privilegium) at strida for. Teker eg med denne Tru i mist, so hever eg Urett, og Aftenbladet Rett baadi naar det talar om det «liberale Parti» og naar det talar om at blanda upp Lagthinget med støde Folk, liksom det «liberale Parti» sjølv skulde hava skrivit det. Eg tenkjer meg det rette Lagthing som eit Samlag af eldri og klokare Mennar (Senat, Yvirhus) til at styra og stagga dei yngri (Odelstthinget, Underhuset) naar dei fara for fort fram; og so er Tanken alt fraa gamle Rom til no i England, der Fridomen trivest endaa der er ervelege Sérrettar, som ikki her er; men kannske vi ero vaxne fraa denne Tanken. Vi faa no sjaa, for nærare kunna vi ikki koma med den Afgjerd, om kven af os som hever Rett.

– Det er illt, at vi ikki hava somange opplyste Gardemennar og Handels- og Haandværksfolk og andre sjølvstandande Folk, at vi ikki turvte velja andre Embættesmennar til Storthinget en dei, som vaaro komne solangt fram, at dei ikki kunde koma lenger, for ein ung embættesøkjande Mann er litit høveleg til at gjæta Regjeringi, som han maa faa si Framflutning af. Men vi maa berga os som vi kann, og enno hever ikki mange Ulykkur hendt, for ulykkelegt vilde det vera, om Regjeringi skulde taka paa at framflytja for fort dei yngri Embættesmennar, som i Storthinget heldo med hena, for daa torde Folket ikki velja slike Mennar inn i Storthinget, og det vilde vera til ubøteleg Skadi for deim og Regjeringi og Folket sjølv. Vi saago alt i Aar, at Folk for dette ikki vorde valde, som ellers burde hava vorit det. I dette havde Morgenbladet storleg Rett her ein Dagen, daa det talade om denne Sak; men det Tilføre (Anledning) som det tok til at frembera dette, var ikki det beste, for at Storthingsmann Nielsen^{k53} elder Byfut Horster^{k54} vardt Byfut i Holmestrand det kunde koma paa eit ut, for var Horster nokre Aar eldri, so havde Nielsen fyrr inkje Embætti havt, og so var han vald som Storthingsmann fraa Holmestrand, so det var rimelegt, at Byen fekk honom til Byfut. Dette tykkjest meg er Ting, som ogso Regjeringi bør sjaa paa, og ikki lata Folkets eget Ynski vera jamgodt med inkje, som det tidt seer ut til. Og so aatte Nielsen Gard i Holmestrand, eg var ellers heime der, so at alt maatte tala for, at han vardt Byfut, naar Skilnaden millom honom og den andre søkjande ikki var størri en her.

Det var derfor uklokt gjort af Morgenbladet at taka Tilføre af denne Utnævning til ei slik Straffetale, som ellers var mykit god. Nielsen høyrer til desse lastelause Folk,

som det er urettferdugt at taka paa den Maaten. Han fortener godt det stakkars vesle Embætti, og Horster hever eit fyrr, so alt er vel gjort.

– Aftenbladet klagar yvir Morgonbladet, for det snart talar so og snart so om Juryen; men Aftenbladet tenkjer ikki paa, at Morgonbladet er eit so stort Hus, at der kann krjupa inn baadi Mann og Mus, og at det soleides maa tala i Dag i Aust og i Morgon i Vest. *Times* gjerer det sama, og er endaa eit Verdensblad liksom Morgonbladet med denne sama gamle Skikken er det største norske Blad. Her siter mangein Prest og slike burt i Afkrokarne og lesar Morgonbladet med den gamle Tiltru, om det en segjer eit i Dag og eit annat i Morgon, og han trur, at det enda er seg sjølv likt, som det ogso er. Det er det gode ved desse Tidinder, som hava «Redactioner,» at den eine kan slaa den andre i Hel, og endaa liva dei allesaman. Aftenbladet kunde gjerne sopa for si eigi Dyr. Folket er so klokt, at det veit, at Per er ute i Dag og Paal i Morgon, og derfor kann dette Riki vera usams med seg sjølv og endaa ikki ganga til Grunds.

Men naar Morgonbladet hever talat i Aust og Vest eit Bil, so plaga der koma ein klok Mann, som gjerer, at det gamle gløymest. Soleides ogso no. Om Fredagen var der ein Mann ute, som minte vaar unge Konge paa, at det no kunde vera paa Tidi, at vi fingo ein Minister med Andsvar for vaare utlendske Sakir, likso vel som vi hava det for vaare innlendske. Daa vaar Grundlog om Hausten 1814 vard tilklypt for at passa til Samfestet med Sverike, daa vard Andsvaret for vaar utrikske Minister burtklypt, af di dei trudde, at Andsvaret ogso for os flaut af den svenske Riks-Skipnad samhalden med vaar. Men so var det ikki, og daa vi gaadde dette (vordo det var), so klagade vi yvir dette Hol i vaar Riks-Skipnad, og den Skort paa Trygd i dei allravigtigaste Ting, som dette maatte føra med seg. Tilslutt hørde Kongen os, og gjorde 1835 (13 April) ei Afgjerd (Resolution), som sagde, at vaar Statsminister elder ein Kongsraad skulde vera med og høyrast, naar den svenske Statsminister las upp for Kongen til Afgjerd utlendske Greidur, som nærast kom Noreg ved. Men dette maatte omgjerast so, at ein norsk liksovel som ein svensk Mann kunde verda Utanriks-Minister, og at kven som vard tekin stod til Andsvar for baade Riki og at han likeins galt som Embættesmann for baade Riki, som Tilfellet skulde vera med vaare Sendemennar og ikki som no, at desse berre sverja kver til sit Land, og so maatte dette verda paalagt ved ei Utfylling i vaar Riks-Skipnad og ikki berre ved ei kongeleg Afgjerd, som kann takast atter naar Kongen vil.

Eg trur, at vi alle Norske, som skriva og tala om Politik, maa halda ihop med Morgenbladet om denne Ting, og bera honom fram for vaar unge Konge, som tykkjest hava Hug til at gjera det beste, han kann for os og vaart Broderfolk; og Svensken kann heller ikki hava nokot imot, at denne Sak verd utgreidd, for han maa likso vel som vi vilja, at vi tvo skulle vera like i vondt og godt. Naar han fær tenkt seg om, vil han finna, at ikki han heller hever so stort Gagn af, at det gjeng som det gjeng, at det kann vega upp det Misnøgi, som det maa vekkja hjaa os, og som gjerer, at vi til Gjengjæld ero vrangre paa andre Kantar, og at soleides Husfreden i vaart Samliv alt som tidast verd brotin.

– Christiania-Posten er for alt det, Folk segja, det beste Dagblad: dei beste Stykki hava stadit der – sosom no om «italienske Forhold,» og no skrivest der nokre Ord til Ettertenking for vaare Storthingsmennar, som der er mykit sannt og godt i; men det er Postens Feil at han skriver so langt, at Folk ikki lesa ut, og derfor tru, at der ikki er nokot ved det.

I desse Ord til Storthingsmannen segjer Posten, at den største Magt i Landet er hjaa Regjeringi, som hever Embætti at gjeva burt og ellers kann draga Folk mest til seg, og derfor er det ei Skylda (Pligt) at halda med Storthinget, som hever mindri Magt og maa slita meir for at halda seg uppe; og i det andre Stykki om det sama segjer Posten at Embættes-Standet hever haldit med Regjeringi mot den framvinnande Folkamagt, som endaa mot slike Fiender hever vunnit fram. Dette er so frilyndt (liberalt) som endaa Aftenbladet kann ynskja, men det er af eit djupare Slag en Aftenbladets Frilynde, og var eg Styrare, og bar Hat til Folket, so vilde eg vera ræddare Posten en baadi Aftenbladet og Morgenbladet.

16.10.1859 (Nr. 52)

Bladsjaa.

Det kann merkjast, at Storthinget er komit isaman, at Kongen hever vorit her og at Regjeringi verkar paa sin Kant, for slik Summel i vaare Tidender hever vist ikki vorit paa lang Tid, kannskje aldri. Det er no denne kongelege Afgjerd om at nedsetja ei Jury-Nevnd, som mest verd talad¹²³ om, og so det, som Tidenderne hava talat om dette. Det Heile tykkjest meg no at vera ein so ugredid Hespil, at eg

imindsto kvaarki veit att' elder fram, og eg trur, at det maa vera likeins med dei fleste Lesarar af alle vaare Tidender. Lykkeleg er den Lesaren, som berre lesar ei Tidende, so kann han endaa vita nokot vist, endaa han ogso maa koma i Ugreide, dersom det er Morgonbladet, han lesar, for dette store Blad, som so mange lesa, maa afspegla det ugreide ogso ved at lata ein Mann skriva so og ein annan so.

Merkjelegast af alt dette, som no er skrivit om denne kongelege Afgjerd, er eit Stykki i Christianaposten med Navn «den nye Regjering.» Denne nye Regjering er daa Statsraad Birch^{k55} og Statsminister Sibbern^{k56} og den gamle Regjering er dei andre eldri Statsraadar endaa Lange tykkjest standa midt imillom det gamle og det nye. Mannen, som hever skrivit dette Stykke, seer ut til at vera ein haagtstandande Mann, og Hatet mot denne «nye Regjering» er so stort, at det inkje Under var, at desse vaare gamle Storfolk ikki brende Ljos for Kongen, og at Folk fraa den Kanten vaaro imot Studenternes Ferd med Tyrilogar. For fyrste Gong hender det her, at so mange af det hægri Embættesstand er imot den styrande Regjering; var det ikki fordi at det «liberale Parti» med Aftenbladet var beint imot desse Folk i Jurysaki, so kunde dei slaa seg ihop og gjera ei sterk Magt; men daa denne stakkars Jurysaki er Grunden til alt dette Motmæli (Opposition) mot Regjeringi, so turva vi ikki fæla for nokot Samband (Alliance). Saki er vist den, naar alt kjem i Hærdingi, at den «nye» Regjering er likso mykit imot Juryen som den «gamle,» berre ho teker det paa ein annan Maati. Eg trur derfor, at her snart verd Fred millom vaare Regjeringar. Ei onnor endaa merkjelegare Strid er her imillom vaare Tidender. Her var ein Mann ute i Morgenbladet og skreiv, at vi ikki skulde strida mot dei svenske Tidender og det svenske Folk, fordi dei ikki vilde kann (erkjende) os som like gode og med sama Retten i Samfestet, men at vi skulde tola og tigja og njota Lykka vaar. Mot dette hever baadi Posten og endaa meir Aftenbladet med stor Rett talat, og Morgonbladet sjølv hever til andre Tider likeins talat mot dette sama og vil ogso sidan gjera det. Men Mannen, som skreiv, tru mange er ein størri Mann en nokon tenkte, og soleides maatte ein slik Mann koma til Ords. Anten vi no gjeta rett elder inkje, so er det vel merkjande for vaar politiske Stilling denne Tid, at vi tenkja paa napoleonske «Monitørnoter» og sjaa liksom dei gamle Grekar upp mot Berget Olymp etter Lyn fraa han gamle Jupiter. Men Skilnaden millom os er, at dei gamle Grekar og dei noverande Franskmenn tru paa desse Lyn og ero rædde deim, medan vi berre læ aat deim, vel vitande, at vi kunna skjota mykit heitare Lyn sjølve.

Det er sjølvsagt, at vi ikki maa tigja til alt det Skakke og Skeive, som dei svenske Tidender segja om Noreg og Samfestet imillom os; men i Magt af Retten og

Klokskapen vaar, svara vi med Vyrndad og verdt det altfor galit, so skalkeherma vi det imillomaat. I dette Stykki halda vi alle ihop med alt huslege Smaaplukk, vi ellers trætta om. Eg trur derfor vaar «nye» Regjering til at vera for klok til at gjeva os slike Raad som denne Mannen i Morgonbladet. Ho vaagar seg ikki i Slagsmaal med ei so sterk Magt.

2. årgang (1859–60)

06.11.1859 (Nr. 3)

Bladsjaa.

Morgonbladet og Aftenbladet hava vorit endaa grovare i Kjæften mot ein annan denne Vika en den fyrri. Det er no ingen Maati paa slikt, og eg kann aldri minnst ein so hard Avisstrid. Det er komit so vidt, at dei fleste Lesarar ikki fara nokot etter det, som dei tala, men berre læ aat det, for det er altid Gaman at lesa slikt, so synduge ero vi. Naar tvo Sluskar slaast i Gata, so krullar der seg altid Folk ikring, og naar dei detta ned i Rennesteinen og standa uppatter saurutte paa Klædom og blodutte paa Nosi, so glisa mange og læ. Likeins er det, naar tvo Bikkjur bitast.

Gode gamle Morgonbladets Stabell^{k57} og Aftenbladets O. Richter,^{k58} drogo paa Slutten navngjetne ut mot kverandre, og det maa segjast, at Richter var grovare i Munnen en Stabell, som skreiv med ein ældre Manns Vyrndad. Det er ei so lang Sak, at det ikki er godt i ei Snarvending at døma imillom deim, og det kann ogso vera det sama, for Lesaren kjerer seg vist ikki om at vita, kven af deim, som hever Rett; for det er ikki lenger Saki, dei tala om, og naar dei skjella kverandre ut for alt ulikt, so hava dei kannskje Rett baade tvo. Men uklokt handlar Aftenbladet, som teker paa Stabell, for det nyttar ikki eit Grann det. Den Guten hever haldit ut so mangein Støyt, han, at han nok helder ut dei, som koma her etter Dags, og dei fleste Lesarar ero ogso leide af alt det gamle Gnaalet om honom.

Aftenbladet hever no navngjevit seg, med di at Navnet paa Styrimennarne stander sist paa Bladet; altsò hever daa Aftenbladet gjengit inn paa den Tanken, som det stridde mot i Vaar, at Utgjevarens Navn skulde standa paa Bladet og ikki det tokutte Navn «Redaction.» Det vilde vera vel, om Morgonbladet og Christiania-Posten gjorde det sama, so slapp daa den stakkars Prentaren at bøta for Bladet, naar slikt kom paa, som ikki hever hendt so sjeldan med Morgonbladet.

Aftenbladet maa i dette Stykki vera varare om seg etter denne Dag, naar der ingen Blindemann er til at standa for Støyten.

Det er «Reformforeningi,» den Krøkja,ⁿ²⁴ som Tidenderne no ero komne so i Trætte om, og som dagstødt rivst ned af Morgonbladet og byggjest upp af Aftenbladet. I Morgonbladet stod eit Brev til Ueland^{k59} og Sverdrup^{k60} fraa Harro Harring,^{k61} som var nokot af det beste Ein kann lesa. Det var ettergjort so godt i Harrings Aand og Stil, at det var til at storlæ aat. Det var ikki skrivit af Harring sjølv, som no skal vera paa Jersey med dei mange andre landlyste raude Fridomsmenn, men det var ettergjort, som tidt hender med so løglege og meinlause Ting. Aftenbladet helder paa med at gjera «Reformklubben» til ein sann Gudsfugl, og det Iær ikki eigong aat seg sjølv, men talar med eit djupt Aalvor, liksom ingenting var. Det puffar og pustar og sigler afstad som Svarten (Locomotivet) og ferer af Hjulfaret burt i Stein og Stakar, Haugar og Hamrar. Ja, no er her Liv i Leiken.

Og her er ogso Dugleike, for H. Ø. Blom^{k62} hever i Morgonbladet skrivit ei Døming (Kritik) af eit Theaterstykki af Franskmannen Scribe.^{k63} Denne Døming tykkjest meg vera ei af dei beste, eg hever lesit all min Dag. Det er den mogne Mannen, det, som veit, kvat han skriver om, og so poetisk attaat, at det er hugvarmt. Det er slike Folk, som skal ut og halda Styr paa Smaagutarne. Blom fører her med retto Strid mot ein aalmenneleg villfarande Tanke, at vaar Tids største Theaterdiktare Scribe ikki skulde vera so god, som heile Europas klappande Publikum segjer. Den store J. L. Heiberg^{k64} i Danmark sagde dette vist i ein sanselaus Augneblink, og so herma mindri Kunnstkjennarar det etter, som det plaga ganga. Endaa det var nok den tyske Diktaren Heine,^{k65} som sagde det fyrst. Etterat han havde liknat ihop Scribe og den franske Musikkdiktaren (Componisten) Aubert^{k66} og rosat deim baade tvo, so segjer han paa Slutten med sit makalause sprakande og stingande Vit:

Es fehlt aber dem Dichter Poesi
und dem Componisten Musik.ⁿ²⁵

Men det var sannt! eg foor for braadt yvir den Sak, at Aftenbladets «Redaction» hever navngjevit seg. Det er D. Meydell^{k67} (den gamle Krydser) og B. Bjørnson^{k68} som no standa navngjevne til Styrrarar af Aftenbladet. Det er gode Hovud og Evni

baadi tvo, kver i sit Yrkje, og bruka dei sine gode Gaavur vel, so kunna dei gjera stort Gagn. Men med alle deira gode Gaavur trur eg ikki, at dei ero mogne og kunnskapsfulle nok til at styra eit so stort politisk Blad aaleine. Det skulde ellers gleda meg, om eg mistok meg med denne mi Tru. Med det sama maa eg ogso segja, at eg tykkjest Bjørnson at vere for god til at slita med eit Dagblad, naar han daa ikki vil fremja ein stor Tanki f. Ex. vaart norske Maal. Politik trur eg aldri, han skulde fara med, for til at vera politisk Skrivande maa der anten ein Jurist elder ein annan eldri vellærd Mann, som kjenner kver Sin og Segi (Sene og Muskel) i Samhallets Likam.

Bjørnson skulde ein fire fem Aar liggja utenfor Livets Dagstræv i eit aalvorsamt Studium. Fyrst daa kunde han trøda fram som den mogne Mann, anten han vilde dikta elder vera Politikus, endaa han er enno so ung og verkfør, at han kann gjera mykit utanfyri Aftenbladet, for at «redigere» eit slikt Blad er lett gjort, daa Lysingar og Afprentingar etter danske og innanlandske Tidender er det meste. Eit litit godt Stykke midt i Vika og Sundagen kann Ein fljota paa. Den laupande Forhøyring etter Nytt, og Sax og Raudkrit kann ein annan hava med.

For ein nokot dugande og verkfør Mann, vilde det endaa vera lett at «redigere» eit slikt stort Ubeist som Morgonbladet. Med ein skjot (hurtig) Skrivarkarl var det ikki ein Times Verk om Dagen. Det drjugaste og leidaste er at lesa alle dei Skarve-Stykki, som verda innsende til eit slikt Blad.

Brydsamt og tidsøydande for ein Bladskrivare er ogso all den Lesnad af Tidender og andre Smaaskriftir, som just ikki altid skal gjeva Mannen grundig Kunnskap og Stødleike i Tenkning. Det er soleides, naar alt kjem til alt, ute med Skulen, naar Mannen for Aalvor gjever seg til at vera Tidendeskrivare. Han gjenger heller tilbake en fram, dersom han ikki dyrkar ei Vitenskaps-Grein attaat. Mannen er daa som vaxin komen ut i Livet, og det hever aldri ein Framvokstring godt af.

– Alle tri Tidender klaga paa Regjeringi, fordi Cand. mag. Siew. Petersen^{k69} vard «jagat» ut af Riksarchivet (Riksens Brevhus), af di han havde omsett fraa fransk og sett inn i Morgonbladet Brevsendingar (Rapporter) om Rikets Tilstand, fraa Statsraad Collet^{k70} til Carl Johan^{k71} ikring Aari 1820. Etter den svenske Log maa ikki slike Brev prentast fyr femti Aar etter, at dei ero skrivne, og Regjeringi vaar her var vist nøydd til at gjera det, som ho no gjorde med Petersen, som ikki gjorde

annat en ei god Gjerning, endaa det var som Utsending til Sverike fraa Riksarchivet, at han fekk sjaa desse Brev, og Afskrifterne vorde nok ogso sende til honom som Archivmann. Han tente inkje med dette, men han skulde endaa ikki hava prentat af desse Brev, og han var nok ogso af sine Fyrisette varat imot at prenta fleiri en det fyrste. Daa Mannen ikki kann segjast at hava gjort nokot, som er vondt i seg sjølv, so maa han vel faa Uppreisning paa ein annan Kant. Denne Sak berer ogso Vitni om, at vi alle halda ihop, naar vi tru at sjaa hard Fremferd mot nokon Mann, anten det kjem ovanifraa elder nedanifraa.

18.12.1859 (Nr. 9)

Bladsjaa.

Dei gamle Romerar kallade Pengar *nervus rerum gerendarum*, det vil segja den Sin og Segi (Muskel, Nerve), som dreiv alle Ting.

Det er rart med det: Penge kjem af det latinske Navn *pecunia*, eg dette henger ihop med *pecus*, som er Fe (Kvæg), og paa Gamalnorsk er ogso Fe det same som Pengar. At vinna Fe og Frægd (Penge og Berømmelse). Folk aatte i den gamle Tid inkje annat en Fe (ein Saud, ei Gjeit elder ei Kyr, ein Hest osv.) at gjeva for Mat og annat, som dei fingo af Andre. Det var det, som daa var til Ombyte, Endergjeld (Gjengjæld), og naar vi derfor nævna Ordet «Penge,» so maa vi minnst denne gamle barnslege Tid. No, ja, dette var berre ei Innleiding til det, som eg vilde tala om, og det er ein Strid om Pengar og Pengevæsen, som er førd millom Christianiaposten og Morgonbladet.

Den Mannen, som skreiv i Christianiaposten var vist ein Bankmann fraa Throndheim, og han greidde det so godt ut, at han vist synte den rette Vegen for Banken. Men Morgonbladsmannen, som meir er ein Handelsmann, han vil at Banken ogso skal vera ein Handelsmann med Pengar og selja og kaupa paa litin Dag (kort Henstand), og soleides vera ein Pengebytare (Banquier).ⁿ²⁶ Eg trur no, at Christianiaposten hever Rett, endaa det er ikki godt at døma om den Ting, for det er det vandaste, som finnst, at hava god Greide paa Pengevæsenet, og derfor er her mest ingen annan en Schweigaard,^{k72} som hever Vit paa det. A. B. Stabell^{k73} er god han ogso, men han teker det paa ein annan Maate: han kjenner liksom til det Ytre,

medan Schweigaard betre kjenner til det Indre og Vitenskapelege ved Tingen. Bergsaker^{k74} segjer, at Ingen kann skyna paa Pengevæsenet, naar han ikki er ein so stor Reiknemeistare, at han kann «Integral- og Differential»-Reikning, og daa no Bergsaker kann denne Reikning, so er ogso han ein Bankmann, og likeins O. J. Broch.^{k75} Banken kann gjera rikt elder arma ut Landet, ettersom han er til, og derfor er det af Vigt at lesa alt det, som verdt skrivit om den Ting. Eg skal sidan skriva meir om dette og Banklaan og slikt nokot.

08.01.1860 (Nr. 12)

Bladsjaa.

Morgonbladet hever denne Vika havt nokre gode og grundige Stykki om det siste Aars Tilburder i mange Heimsens Riki. Likeins hever gilde lærde Menn i Morgonbladet greidt godt ut i desse svenske Greidurne; det meste er nokot tungt og langt skrivit, men for den, som sliter seg igjenom det alt, er nokso god Greide at faa, og det er vel, at dei Svenske faa lesa slike Stykki, som med Log i Haand visa deim Retten. Morgonbladet maa faa den Æra at vera Hovudbladet i denne viktige Sak; dei gjera nok det, som dei kunna dei andre Blad ogso og daa mest Christianiaposten, men det er ikki med den Klemb og Lærdom, som desse Innsendarar i Morgonbladet, som nok høyra til Landets bedste Menn. Det vilde vera godt, om dei Svenske fingo vita det, so dei ikki skulde segja at det er umogne forflogne Bladskrivarar, som gjeva seg af med at tala Folkets Sak.

Christianiaposten hever ogso tekit til med at skriva om det siste Aars Tilburder i Utlandet, og det seer ogso ut til at verda godt; likeins hever der stadit eit langt Stykki om Pengevæsenet, som det kunde vera Tid til at tala om no, dersom det kunde gjera fleire Pengar, for her er stor Trong om Laan paa fast Eigendom no. Det verdt snart illt for mange Landmenn, daa Hypothekbanken heller ikki hever meir at gjera med.

Den gamle «Riksen» (Rigstidenden) er no vaknat upp af ein lang Svevn og kjem ut fraa Nyaar som Aftenblad berre ikki Sundagskvelden. Men det seer ikki enno ut til at verda nokot stort af med dette Bladet, endaa det kann koma seg. Det er enno uklaart og flokutte skrivit det vesle, som er komit, og det er ikki greidt, anten det vil

vera eit sokallat Regjeringsblad elder ikki. Det talar nok om, at det skulde vera vel at hava eit slikt Blad, men enno tykkjest det ikki at vera nokon Fart med det. I lang Tid er der rødt om, at eit Regjeringsblad *ogso her* vilde vera godt at eiga; men sannt at segja, so skynar eg ikki, kvat vi skulde med eit slikt Blad, daa vaar Regjering inkje annat hever at stræva for en vi allesaman, og dersom Regjeringi gjerer nokot galit, so vilde her det beste Blad ikki kunna hjælpa hena nokot, og naar ho gjerer det, som Rett er, so halda vi alle (kloke) med hena. Men derimot kann eit Regjeringsblad i den Meinung vera godt, solengi det vonde varer, at «Rigstidenden» hever Sérrett til alle embætteslege Lysingar. Det er baadi Synd og Skamm, at eit Blad med denne Retten ikki skal vera betre en dei andre; med dette Grundlag kunde nokot utmerkt koma i Stand. Det siste No. er betre.

Ein Mann i Aftenbladet hever greidt ettervisat, at vi hava laant af Andre og tekit mindre af vaart eget sovel i Skulekunnskap som Maal og Kunnst. Der finnst nok Mange, som vilja kalla ei slik Tale «raa Norsk;» men Tala er like sann for det, og den Tid kjem vel, daa Alle ero samtykkte i, at dette er sannt og læ aat den gamle Tid og denne, som ikki kunde sjaa slikt.

Men alting skal no hava si Tid, og vi hava ikki gjort annat en dei fleste utlenske Folk hava gjort, som lengi maatte ganga i Skule, fyrr dei fingo Vit til at sinna seg sjølv. Det gjenger med heile Folk som med den einstake Mannen: han er Apekatt fyrr han lærer at verda Mann.

29.01.1860 (Nr. 15)

Bladsjaa.

Der hender mangt utenkt: at Morgonbladet, som det no i tri lange Stykki hever gjort, teker hardt paa Ueland, [k76](#) det var ikki so utenkjelegt, endaa det trulegt var den same Mannen i det, som fjorten Aar sidan skreiv beint imot dette og med same Yvirskrift «Ole Gabriel Ueland» og daa gjorde den dygtige Vestmann til eit politisk Mønster paa Dygd og Fridom. No ja, upp kann snuast ned, og det Eine kann til Tid og Stad vera likso Rett som det Andre. Det er ikki om dette eg vil vera Domare denne Gongi. Det fær vel sin Mann dette. Men eg som maa sjaa paa Bladi, lyt taka slike store Ting i Augnesyn. Det er altso ikki nokot af alt dette, som er «utenkt,»

men at Christiania-Posten talar Uelands Sak og skrubbar paa Morgonbladet, det var utenkt, og hever snutt upp og ned paa den gode Post og den Aand, som 1848 fødte dette si Tids Barn med L. Kr. Daa^{k77} som den eine Jordemoder. No ero altso Daa og Stabell^{k78} komne til den same Tanken om Ueland og Bondepartiet. «Idag meg, i Morgon deg.» Men Posten er ikki enno komin solangt; han gjenger baketter liksom Krabben. Endaa meir utenkt var det, at «Rikstidenden,» som skulde vera fødd til eit Regjeringsblad for alle dei embætteslege Lysingar, som ho fær sjølveine, utenkt var det at sjaa ei Refsing til Morgonbladet fraa denne Kanten, og soleides eit Samhald med Posten, berre ikki i det, at Posten nævnde Stabell som den Skrivande om Ueland, endaa det er kunnigt, at der inkje Dulsmal er lagt paa, at det er han, liksom kver Mann maatte kjenna det paa seg. Slikt er ein Saarleike mot eit gamalt prøvat Navn. Ja, den, som no veit upp elder ned i Politiken, han er klokare en sjølve Dølen, og denne Ugreida verd endaa ugredidare af det, at Aftenbladet, dette Uelands «Ryggstod,» tigger kurende stilt. Det ligger vel no dette Bladet som ein saarat Stridsmann og drikker sterkt Kjøtsod (Bouillon)ⁿ²⁷ for at faa Blod i seg atter.

05.02.1860 (Nr. 16)

Bladsjaa.

Eg fann nok ikki den rette Meining siste Gong, daa eg sagde, at Rikstidenden helt med Ueland^{k79} og var imot Morgonbladet. Mot Christianiaposten var ho, og det hever ho ogso i denne Sak voret det denne Vika, for Posten er no ein sann Riddarsmann for Ueland, men «Riksen» seer ut til at verda det han burde verda, og det er eit maatehaldande Regjeringsblad. Men Aftenbladet ligger og liksom kviler seg ut; det seer vel nokot antrande elder oppositionelt ut imillom, men det teker inkje Tak; det Bladet hever heller aldri livt for nokon Tanke, so det var likso godt, at det døydde so snart som mogelegt, og helselaust er det vel ogso. Christianiaposten heverⁿ²⁸ havt gode Stykki om at Gamalnorsk burde vera «Artiums-Fag,» og gamle klaare greide Hansteen^{k80} hever der greidt ut, at Morgonbladet ikki havde Rett, daa det raadde Storthinget fraa at deilda det «philosophiske Facultet» i tvau. Eit merkjelegt Stykke stod i Christianiaposten, og det var eit Brev fraa den vidfræge engelske Lord Brougham^{k81} til den navngjetne Macaulays^{k82} Fader, der han gjever Faderen Raad um Sonens Upplæring.

19.02.1860 (Nr. 18)

Bladsjaa.

Naar Hesten verd sprengd elder fær eit Knipp i Foten, kjem han paa Handel; han kann endaa sjaa godt ut, naar det ikki leitar paa, og Seljaren kyter honom upp, so han seer ut som ny. Aftenbladet og Christiania-Posten ero ogso komne paa Handel. Prentaren Fabritius^{k83} skal hava gjevit 5000 Daler (ikki 12 elder 10000 som sagt) for Aftenbladet. Men kvat Prentaren Jensen^{k84} hever gjevit for Christiania-Posten, er ikki sagt; det er trulegt nokot mindre, det.

26.02.1860 (Nr. 19)

Bladsjaa.

Vi hava mange folkelege Segnir elder Anecdoter om, at den Eine smaahakkade gamle Skinnbrøker og steikte deim i Smør til ein god Rett, ein Annan gjorde det same med gamle lodne Kalveskinshudsko, som i Vaarbløyta vaaro røytt af i Flekkir, ein Tridje gjorde dette med gamle Vottir osv.; men Tanken i alt dette var at gjera Narr af deim, som brukade forlengi slike gamle Greidur, og derfor maatte eta deim upp paa Slutten. Dette folkelege Løgi elder Humor, som gjenger igjenom alle desse Segnir, maa Ein tenkja paa med all denne Strid, som no verd førd i vaare Blad om Ueland^{k85} og Stabell.^{k86} Det er gamle politiske Skinnbrøker baade tvo, som vaaro varme og gode i si Tid og derfor skulle haldast i Heider og Ære, og endaa verda hengde upp til eit Afminne i Gjøgmslehuset for gamle og sjeldfengde Greidur elder i Musæet; men naar Tidenderne som no taka deim fram og sjaa etter i alle Saumarne, so er det for at hakka og laga eit Maaltid Mat af deim for det arme Folk, som eigong gjekk og stod i deim, nett liksom vi høyra i alle desse Segnir om Hakkematen af alle desse gamle lodne Hudsko og Vottir og Skinnbrøker. Det er ein folkeleg Klædebunad altsaman, og Ueland og Stabell vaaro ogso ei Tid folkelege, det var i Politikens Skinnbroktid, havde eg nær sagt, daa den største politiske Dygd var at vera ubarkad, at gjera alle til Husmenn, at skriva Maningsbrev elder Addresser til Regjeringi om Broki – for at halda meg i denne ufagre Likning – skulde samast med barkat og beidt elder ubarkat og ubeidt Reim, daa Verkmanna-Uppstyren elder «Arbeiderurolighederne» var og slike nationale Ting. Det var ei Tid, som maatte vera til dette ogso, liksom der for alle Folk maa hava vorit ei Skinnbroketid. Den fine Lesaren maa tru, at det biter meg paa Tunga i Smaken kver Gong eg skal bruka eit so ufint Ord som Brøker og endaa verre Skinnbrøker.

Eg ovunder det rike engelske Maal, som segjer i den fine Stilen istadenfor dette *inexpressibles* «dei Unævnelege,» og det ikki fullt so rike men endaa finare franske Maal, som segjer, «dei Tillatelege» elder «*permissioner.*» Men daa det er den nationale Politiken eg talar om, maa eg bruka eit nationalt Tungemaal. Kver Lesare vil kjenna paa seg, at det ikki vilde taka seg godt ut, om eg sagde: «den unævnelege Ueland og den tillatelege Stabell.» Naar dei forne elder klassiske Folk, sosom Romernes Cicero,^{k87} skulde greida ut ein Setning, so sagde han f. Ex. det og det gjorde elder sagde gamle Lælius^{k88} om den og den Sak. Naar *Times* skal leika med Toreslaatten sin, t. Ex. for Keisaren af Austrike, so segjer dette Verdensblad: det og det gjorde Jupiter med den, som han vilde støyta ned i Afgrunnen elder Tartarus, og naar Dølen vil tala med Vyrdnad om Menn, sosom her om Ueland og Stabell, so segjer han: den og den Segn sagde Folket, f. Ex. her om gamle Skinnbrøker. Partiet er likt elder egalt. Det er Opningsspilet elder Ouverturen.

Heile denne Avisrøra kjem, eg havde nær sagt, af Dølen Skjægg, endaa det nok nærast er af dei skjeggelause Gutar, som Ueland rødde om i Ræv-ormen elder Ræv-formen, som hans største politiske Medhaldsmenn kalla Reformen (Foreningen). Dølen, som fann, at Ueland her og tidt ellers var ein Trældomens og ingen Fridomens Mann, skreiv Artikelen «Ueland og Napoleon,» paa same Tid, som Morgonbladet kannskje vel kvast, men sannt og godt, refsade dette politiske Donquixotteriⁿ²⁹ af Reformforening, som Tysken fyndigt vilde hava sagt.

Til Svar paa alt dette, kom Ueland i Aftenbladet med eit Stykke, som han kallade «Gamalt og Nytt,» der han gav Morgonbladet og Dølen og den heile Presse paa Pelsen og gjorde seg sjølv til ein Hovudmann i Landsens Framgang i Fridom. Dølen svarade paa sin Vis og gløymde likesolitt der som i «Ueland og Napoleon» at gjeva Keisaren det, som Keisarens var, imindsto strævade han etter at gjera dette. Og dette same tykktest det ogso, at Morgonbladet gjorde. Men daa kom ogso Stabell setjande med tri lange Stykki til Ueland, der Ueland ogso fekk sin Rett, men so var der no mange grove Ord paa gamal Stil imillom. Og maatte vi enn læ aat alle desse Stykke, so vaaro dei skrivne so, at dei maatte bita paa den store Mengden med all den Banking i Bordet. Saki er, at desse Stykki vilde hava vorit baade gode og sanne nok, dersom ikki Stabell havde skrivit deim, for alt det Vonde, som vardt sagt om Ueland, det havde Stabell i endaa større Mun gjort seg skyldig i, og derfor vardt der heller ikki sagt somykit vondt om Ueland, som der i Innleidingi var lovat, og som ein Annan vilde hava kunnat sagt. Soleides vardt ikki det sagt, at Ueland hever gjort det meste til, at Lagthinget ikki er det dømande elder kritiserende Yvirhus,

som Riksskipnaden maa meina, afdi Ueland fyrst og fremst vilde faa ei Jamvigt i politiske Synsmaatar inn i Lagthinget ogso, og for dette sette Folk derinn, om dei vaaro likso unge som uvitande, liksom ogso Lagthinget vardt gjort til eit Skraperum, der Folk vorde slengde inn, som ikki vaaro vel likade. Soleides kom baadi Daa^{k89} og R. Olsen^{k90} dit. Til alt dette var Stabell Uelands gode Hjælparmann, og kannskje han var endaa verre sjølv, endaa Ueland gjekk som vengsaar millom sine politiske Venir, fyrr han fekk Lagthinget «liberalt besatt,» so der kunde vera Yvirmagt i «liberale» Spursmaal og i Riksrettsdom.

So lempeleg som enn Stabell foor med Ueland, naar Ein teker undan all Skjelling og Smelling, men som høyrer med til denne gamle politiske Stilen, so forfælte vorde Uelands Venir, som saag i dette nokot reint trulaust af den gamle politiske Broder. Det tyder godt den politiske Tanken hjaa desse Folk, at dei tala om Truløyse mot den Mannen, som havde gjort mest til at Stabell vardt «Statsrevisor» og «Bankadministrator.» Det er rett som slike Postar var nokot, Storthingsmennarne gaavo burt af sin eigen Eigendom og derfor skulde venta Medhald i sine politiske Syndir af deim, som fingo desse Postarne. Det seer ikki ut til, at desse Postarne ero Landets og Rikets, og at til deim skal veljast dei dugelegaste Folk, anten dei so ero Venir elder Fiender. Storthing med slike Tankar vilde vera magtlause mot ei Regjering, som sette Folk inn i Landsens Embætti etter same Grundsetningar. Lesaren maa ikki tru, at eg med dette vil vera Stabells Sakførare likso litit som Uelands Saksøkjare. Eg hakkar ikki smaa og steiker i Feit gamle Skinnbrøker til eit Maaltid for Folket. Eg talar ikki om Stabell meir, enn eg er nøydd til for at greida ut dette Bladsjaa, liksom eg heller ikki her elder fyrr talar meir om Ueland, enn Dagen krever. Havde Ueland aldri rødt om skjeggelause Gutar og vanvyrdat «Pressen» og klagat yvir Mishandling fraa dens Side, so havde eg vist ikki skrivit nokot om honom, for her ligger større Ting i Dagen at skriva om no enn om Stabells og Uelands gamle politiske Gjerningar, imindsto for eit so litit Blad. Skulde ein derimot ut paa politisk Gryteskraping, so var der vel nokre Skovur at skrapa i seg. Saki er, so trur eg, at kvaarki Stabell elder Ueland med deira gode Hovud nokotsinn hever havt ein stor Tanke, for vilde dei hava lært Folket upp i Bruken af sann politisk Fridom, so maatte dei hava haldit seg til nokot større og djupare enn slike Smaating, som deira heile politiske Historie er full af, og ikki stridt somykit mot sann Framgang, som dei tidt hava gjort.ⁿ³⁰

Det er mange Folk, ja dei fleste af os, som segja med Reven, daa han vard slegin: «Det er ein Yvirgang, det gjerer godt.» Dette same sagde Uelands Venir etter desse

stabellske Stykki: «No er Ueland frelst, han vann ein full Siger; no skal han tegja still.» Det skal ikki mykit til at vinna Siger, naar dette er Sigervinning.

(Framhald).

04.03.1860 (Nr. 20)

Bladsjaa.

(Framhald fraa fyrre No.)

Ueland^{k91} og hans Venir meinte altso, at han havde vunnit ein stor Siger yvir Stabell^{k92} og Morgonbladet, af di Stabell ikki havde funnit meir politisk Vondt at segja om honom. Men no komo Christianiaposten og sidan Aftenbladet og skulde som Uelands Riddarsmenn gjera det endaa betre for honom. Det visar, at alt er snutt upp og ned i vaare Avisurs Hovudmaal og Partistilling dette, at Christiania-Posten teker Uelands Forsvar. Men eg trur ikki at Posten spinner Silke af det. Hovudstadens og Byarnes og Landsens andre opplyste Lesarar unna vist vel Ueland det, som han fekk af Stabell og vel so det, for her finnst no ikki mange opplyste Menn, som tru, at Ueland er den rette politiske Fridomsmannen. Dei meina som so: «lat han og Stabell slaast; det er den rette Enden paa eit slikt Broderskap.» Og af Uelands Parti skal heller ikki Posten faa stor Hjælp, for der er faae elder ingen af det, som hever Raad til at halda eit so dyrt Blad som Posten. Og Morgonbladet maa desse Folk slaa seg ihop om at halda som fyrr. At lita paa dette Partiet er – som det stender skrivit – at stydja seg til ein veik Røyrstav fraa Ægypten. Men derfor skal eit Blad likefullt halda med det, naar det hever Rett, og Chr.-Posten, som i denne politiske Tanken ligger eit Tjug Aar tilbake i Tidi, han maa tru, at Ueland hever Rett, endaa han ogso med det same maatte segja, at Stabell havde Rett i si politiske Gjerning, fyrr han vard usams med Ueland, for Ueland var den store vise Politikus, og Morgonbladet var hans Prophet. Men det laag meir i Lufti daa enn no at vera slik ein Prophet, og Stabell hever gode Nasar til at vedra der Vinden kjem ifraa. I denne Vedring ligger Morgonbladets store Magt, og solengi det hever denne sin gode Lukt, so nyttar det aldri det mindste at føra Krig imot det. Derfor gav Aftenbladet seg slikt eit Ulivssaar, daa det vardt eit Partiblad for Ueland og hans «Reformforening.» Det var no ikki klokt skrivit det,

som stod der, men den største Dugleiken vilde aldri kunna hava gjevit slikt nokon Gildskap: til dess ero vaare Lesarar altfor kloke. Eg trur derfor ikki at Aftenbladet vil gjera Lykke med sine lange Stykki¹³¹ mot Stabell no, endaa desse ero godt skrivne og visar Mannen, som kjenner godt til den eldre Tid og Stabells Politik. Folket er leid af at høyra nokot om Stabell og Ueland. Det er gamle Skinnbrøker, som den finaste Hakking og den feitaste Steiking ikki kann gjera ætelege, naar Folket som her veit, kvat det er for ein Rett. I alle desse Segnir vitste ikki Folk, kvat det var, dei aato, fyrr det alt var forseint.

Det er ogso ein Skort ved denne Aftenbladsmannen, at han ikki alltid segjer, som det er til. Soleides segjer han, at Galleriet elder Storthingets Aahøyrarar ropade Hurra, daa Stabell 1845 ikki vard valt til Bankadministrator. Saki er, at Folket ropade Hurra fordi Schweigaard¹⁹³ vard valt og ikki fordi Stabell *ikki* vard valt. Det opplyste Folket vilde faa Schweigaard fram, og daa den Meining sigrade, var Folk glade. I denne Gleden laag vistnok ogso Gleden yvir, at Stabell og Uelands Kunnstir fallt; men det rette er daa vel at tyda Gleden for det som hende istadenfor det, som *ikki* hende.

Denne Mannen i Aftenbladet er den rette Mannen til at huda og hengja Stabell og Ueland ogso, for han gjerer no Narr af deim baade tvo. Naar Ein seer slike Stykki, som Stabell skreiv yvir Ueland 1846, so er det sannt det, som eg sagde til Ueland: «Du hever dit gode Hovud at takka for, at du ikki er galnare enn du er.» Det var inkje Under, at Partiet tenkte, at det var ei Magt, naar det i Landsens mest lesne Blad saag, at det havde slik ein Anførare. Det var heller inkje Under, at Morgonbladet og Stabell i den Tid vaaro so vanvyrde af det opplyste Folk, at Hovudstaden klappade til Comedien, som drog Stabell fram og rødde om Lygtepælen. Det var slett ikki fortidleg for Stabell at snu om med sit Morgonblad, naar det skulde vera Organ elder Talereidskap for Landsens politiske Meining. Ueland og hans Parti havde tent ut: det havde ikki meir at gjeva Stabell, og det havde utført sin Mission elder Sendebod som politisk Parti: Dei eldre Embættesmenn fraa den danske Tid vaaro døydde ut, og den største Ujavnskap i vaar Yvirgang fraa ein einstyrd til ein folkestyrd Riksskipnad var javnad ut. Landet trong ikki lenger til slike Paradoxer elder Tverdømi som dei, at Heimfødingen er den største politiske Viismann og Fridomens Berare. Det var ikki lenger naudturvelegt at gjera Kunnskapen og Vitenskapen mistenkt for Trældomstankar. No kom den Tid, daa Opplysning kunde kjennast for at vera det, som ho er, og det er Fridomens Sol. Og vaar gjæve norske Bonde kunde no vera det, som han er, og

det er den støde Mann med det friske Mannavit, som ogso maa vera med i vaart politiske Styr og Stell og det endaa talrik, men ikki den mest raadande. Han kunde no verda det, som han er og ikki skruvast upp til det, som han ikki er og aldri kann verda, og som han sjølv i Lengdi¹³² vilde vera ille tent med. Og med dette var det ute med Stabells og Uelands Magt paa den Leid. Men Stabell er liksom Katten, at han alltid verd standande paa Fotom, om han støyter Staalhuva elder Hovudkraake elder «Kolbotte.» Han vard Hovudstadens Hjælp i Pengenaud, liksom han fyrr var Bondepartiets Hjælp i den politiske Naud. Alt til Tid og Stad, meinar Stabell. Og Størsteparten af Landets Lesarar vilja halda med honom no som fyrr, daa han var paa sit Beste, for Folket helder alltid med den, som kann gjera Andre til sin Reidskap, og med dette hava Magti og styra. Og Folket lær berre aat desse gamle Reidskapar, naar dei koma baketter og klaga liksom Ueland og hans Parti. Spott og Skade fylgjast aat.

22.04.1860 (Nr. 27)

Bladsjaa.

Daa dei mange Svenske med sine Talereidskap, sosom «Nya dagligt Allehanda» her i Vetr og Vaar vaaro so uppøste mot os og galne, daa riste dei fleste af os paa Hovudet og sagde: «Nei so rasande galne kunna me aldri verda;» og eg sagde endaa: «me hava ikki havt vaar Fridom for ingen Ting.» Jau, det skulde eg tru! Nei, no ero me midt uppe i same Galskapen som Svensken var. Vaart Aftenblad og Christiania-Posten ero likso galne i kver einaste Stad som Allehanda og Götheborgs-Tidenden nokotsinn var, endaa naar ein Villstyring kjem rett langt upp i Villskapen sin, so er det ikki godt at afgjera, anten han er verre elder betre enn ein annan. «Dei ero galne baade tvo,» plaga Folk segja, og leggja klokt til: «Det er ikki alle Galningar paa eit Vis; dei ero ikki Alle saare paa same Sida.»

Men i den Ting ero daa baade samtykkte, at kvert Lands Fridom og Sjølvstøda og «Nationalitet» paa det mest blodige er saarat, og at desse Folk ikki tola slikt, utans at dei ero so dovne og like fæle, at det er ute med deim. Dette er ei sann Arnemanns-Tale, som kann faa Kvendi og Born til at skriva under i flokkevis. Daa me hørde slikt fraa Sverike, sagde me, men mest med os sjølve: «Nei Gud fri os! hava me gjort somykit Vondt mot Sverike! det vitste me ikki det mindste um! Er det ikki fælt for alt det Ein kann gjera uvitande! den synduge Naturen er listig

han.» Det vardt sagt os solengi, at me vaaro slike Ugjerningsmenn mot Sverige, til me mest maatte tru det sjølve. Det gjekk med os som med ymse Kjeringar i gamle Dagar, daa Folk havde det so annsamt med at sanko Trollkjeringar til at brenna paa Baal. Dei stakkars Kvinnfolk vorde solengi skuldade for all den Trollskap og Djevelskap, som til var, at dei sist paa sjølve trudde, at det maatte vera sannt, berre dei ikki kunde minnast det.

No bitalar Aftenbladet og Posten Svensken med same Mønt, og sovidt me no alt kunna sjaa, verda dei Svenske likso forfælde som me yvir at vera slike Illgjerningsmenn. Dei maa tru at vera sanne Trollfolk dei ogso. Desse Svenske, som vaaro verst imot, trudde vist liksom me her, at dei vaaro i sin gode Rett,¹³³ og derfor maa dei no liksom me fyrr i Vetr lik gamle Jeppe paa Berget klypa seg i Armen og kjenna, um dei drøyma.

Eg minnest ein Mann heime i mi Bygd; han hét endaa Ledvor Rudet.¹⁹⁴ Han sat lengi bundin, for han var bindande galin; men so stilttest det somykit af med honom, at han imillem fekk raada seg sjølv nokot litit sosom at ganga ut med Stabben og hogga Ved. Der var ein annan Mann; han hét endaa Gunnar Thorsteinson.¹⁹⁵ Han var ogso galin men ikki heilt upp bindande. Han reiv det sette Bodord ut af Katekisma og ellers foor ikring og rødde som ein Villstyring. Sterk og stor var han. Til Rudet kom han ein Dag, og so skulde daa han og Ledvor ut at hogga Ved. Men so komo dei til at trætta um den rette Legging af Vedaladet (Stabelen), og Gunnar treiv i Sinni Øksi og vilde liksom leggja til han Ledvor. Daa flaug Ledvor inn og sette seg paa Krakken som eit annat vitugt Menniske og sagde: «Hu, hu! nei, han er daa reint galin han.»

Soleides sjaa me her den eine Galne gjera den andre klok. Allehanda talar rett som eit annat klokt Blad, naar ho umskriver for sine svenske Lesarar Posten og Aftenbladet.

Og naar no alle Chr.-Postens «Fabler» og Aftenbladets «Tag Stød» med alt det andre, som desse Blad hava skrivit, naar alt dette kjem fram, so verdt vist baadi Allehanda og dei andre Blad liksom andre vituge Folk.

Allehanda med sine Folk burde taka uppatter Galskapen berre for at faa Vit i Posten og Aftenbladet. Det er so, maa vita, at Ein fyrst maa hava vorit galin, fyrr slikt biter paa.

Er det no ikki ein Lagnad dette, at alle desse Blad just nettup med Villskapen sin paa den beste Maaten skulde føra til Utsoning Riksimillom! Vis og klok Tale vard ikki høyrd paa, det var at tala til den Dauve. Naar full Man talar i Ørska, so er det Ingen som skynar honom betre, enn den, som er like full og galin sjølv. Dei reiv med seg alle Javnlikar, og det var mange. Det gjekk so langt, at alle kloke Folk i Sverike maatte skilja seg or dette Selskap. So gjenger det ogso her. Men daa Aalvoret kom paa Toppen sin, stakk Skalkehermingi elder Parodien fram det flirande Anlitet sit. Eit Faafengs-Krav og ein Faafengs-Rett, som baade gjordest gjeldande med slik Styrke, maatte enda paa den Maaten.

Noreg og Sverike burde liksom Kongarne i gamle Dagar løna sine Hoffnarr, som nok ogso bøygde af mangein Krig. Det saag stygt ut, og havde Ingen gjengit so langt, at det friske Mannavit ikki lenger kunde vera med, so vilde Enden kunnat hava vorit usedd. Enden kann vera langt burte enno etter ei slik Hjælp.

Dersom det endaa etter alt dette skulde koma til Aalvor, so senda me baade tvo fyrst ut i Krigen desse vaare Arnemenn: Posten, Aftenbladet og vaare andre Villstyringar. Dei Svenske, Allehanda, Götheborgs-Tidenden og Brake^{k96} og Norström^{k97} osv., for

«Fyrst,» sagde dei Gamle, «den Mann maa slaa,
som er grøvt i Munn,
for den, som kann gjøy, han byr bita ifraa,
daa han er Hund.»

Det skal verda Strid, det. Og so sjaa me andre Borgarar, som vilja hava Fred og Fridom og Broderskap og Utsoning og Framvokster, me sitja paa kvaare Sida af Kjølen og sjaa paa desse vaare Fyrigangsmenn, som vist kunna bruka Neven likso godt som dei fyrr brukade Kjæften. Og dersom dei vilde draga seg undan sjølve, so skuva me deim fram og segja: «Nei Takk! det var du, som fann paa det.»

4. årgang (1866)

11. 03. 1866 (Nr. 24)

Bladsjaa

kann det no vera Tid til at taka for seg. Her gro Blad liksom i Lauvspretten om Vaaren, og dei som ikki hava sprunget ut, sjaa vi Knupparne til. Naar no alt fær blada seg ut, sjaa vi heile Skogen grøn og luvande, og daa skulle vi hava det koselegt.

Men der er mangt eit Tre med ein Sjukdom eller ein Knekk i Roti, og so er der ein og annan roten Kvisten og ein og annen frosen eller helselaus Knuppen, og so kann der koma Makk paa det unge Lauvet, som alt dreg til, at Du ikki fær sjaa alle dei Blad Du kunde venta deg, og om dei koma knuppande fram, so bleikna dei og skrukna ihop.

Slikt Unaad er eg rædd det likeins kjem over some Blad paa vaart aandelige Tre; for det kann ikki vera so mange; her er for arm Grunn til dess. Det er godt, det kann bera eit Par store og so mange mindre. Med eit stort kunna vi jamvel berga os. Og dette hava vi i det gode gamle Morgonbladet.

Men, for no at ganga fraa Naturen til Politikken, so er det med Morgonbladet som med eit ovende stort Rike, sosom China, at der altid er Uprør i det eine eller det andre Landskapet og i den eine eller den andre Byen. Folk vilja slaa seg lause og velja eit annat Styre. Men daa dei gjera si Upstand kver for seg og ikki sambinda seg, so kann det gamle Samstyre taka deim ein for ein og hengja og skjota alle desse Uprørsmenn.

Og so er det so underlegt med det gamle. Det har altid ei stor Magt over os, om det er aldri so stort Skrap. Eg veit soleides ein Prest femten seksten Aar sidan, som med somange Embættesmenn i den Tid var so eitrande vond paa Morgonbladet. «Ja, men kvi helder Du det daa, naar Du likar det so ille?» spurde eg. «Ja veit Du eit, Fa'r!» svarade han, «no har eg haldet det i 25 Aar, og det er ikki so godt med det.»

Eg kann derfor aldri tru, at desse paatenkte nye Blad koma til at faa den mindste Bukte med Morgonbladet, og faa dei ikki det, so faa dei aldri somange Lesarar, at dei kunna bera seg. Folk hava ikki Tid om dei havde Raad og Hug, til at lesa somange Storblad. Dei tvo vi hava er meir en mange nog, og derfor kjem heller ikki Aftenbladet i somange Hus som Morgonbladet; daa det er faae som hava Raad til at halda dei baade tvo.

Og eit kann og vera nog, naar det er slikt som no, at alt verdt lovat og inkje lastat. Der er ingen Grunntanke i nokot Blad, men det er som Skuffarne i desse eldre Upfostringshus, der ei Moder kunde ganga burt og leggja Barnet sit ned i, naar ho ikki sjølv vilde hava Brydet med det eller vera kjend som ei Moder. Dei maatte slutta med slike Hus, for der vardt lagde formange Krypar ned i Skuffarne. Det førde til større og større Lauslynde eller Umoralitet i denne Meining, vardt det sagt. Og so døydde der og so mange burt af desse smaa, at der var som ei dagleg Pest i desse Hus. Publikum tek seg heller ikki stort af alle desse Lausungarne, som koma in i vaare Blad. Dei faa sjeldan det mindste Tilsyn, so der verdt slik Sott ibland deim, at det er grove Ting. Det gjeng vel derfor overstyr med desse Upfostringshus og eingong; men solenge dei no standa, og solenge ingen seer ut til at setja nokot betre istaden, so kann det eine vera likso godt som det andre, og daa no Morgonbladet er den største «Rednings-Anstalten», so er det og af denne Grunn best at halda seg til den.

Det er ikke for det; Morgonbladet har aldri gjort Dølen det mindste godt, men tvertimot alt det verste det viste. Men Dølen er rettvís. Han gjev Morgonbladet Retten sin. Det kann vera so eitrande smaasint og stengekjeftat, at han har lætt somangein god Gong, om han^{u34} so sjølv vardt pigstungen af det. Derimot hava vi sett Folk fara up i heilag Harm, naar dei, vel at merkja, sjølve hava kjent Brodden. Dei hava rasat med Ord som «infame Personligheder», «Skandal» og alt slikt, som ikke er greidt at oversetja. Og no sjaa vi og, at Chr. Johnsen^{k98} til sit nye Blad

«Noregr» lovar, at der ikke skal koma «Personligheder». Eg undrast no, om han kann halda dette han her lovar! Han kom til at vera endaa meir usaltat at lesa daa. Publicum likar «Personligheder» so daa og daa imillom. Det friskar up. Og so er det for det meste fortent. Og so bør Literaturen vera liksom Livet sjølv er; nokot betre, om mogeligt; men ikke formyket betre heller; for daa verdt den usann, og Lygn er det verste af alt.

Det er liksom Folk faa ein liten kald god Vindsblekk i Lummervedr, naar Morgonbladet imillom kjem med «Personligheder». Det kveiker up og er jamleg det best skrevne af alt. Dei fleste Folk ero altid mest veltalande, naar dei faa ausa ut Harmen sin. Eg maa derfor tru, at disse nye Blad vilde taka burt dei beste Ord af Tunga si, om dei skulde forsverja «Personligheder». Og at Publicum ikke vilde halda ut med alt det «gudelige Tøv», det er vist. Vi sjaa alt dette og af den Ting, at Morgonbladet aldri har havt somange Lesarar som netup disse siste Aar, daa her har voret eit og annat Smaaoprøret mot Bladets «Personligheder».

Dølen er ikke rædd for, at nokon skal ganga i hans Næring, desværre burde han segja. Han kunde saaledes for den Skuld gjeva alle disse nye og paatenkte Blad gode Raad. Men, han er litt ondskapsfull, so han ikke vil ut med sine beste. Disse ero ellers ikke so leide, dei:

Eit Blad skulde først og fremst hava eit høvelegt Navn. «Norge», som Schulze^{k99} og Vibe^{k100} vilja kalla Bladet, og «Noregr», som Johnsen vil nævna sit, og «Norsk Folkeblad», som Skulemestaranne kalla sit, det er altfor kravsfulle Navn dette. Det er mest som naar Gateslusken heiter «Oscar» eller «Carl Johan». Eit stort Navn er ein ulykkelig Ting for ein liten Mann. Gamle Goethe^{k101} har en Sonarson som og heiter Goethe^{k102} og eg meinar Wolfgang attaat. Og denne unge Goethe skriver og Vers, og det rett gode. Men daa der kom ut ei Diktsamling af honom med Wolfgang Goethe paa Titelbladet, so brast Publicum i at storlæ. Havde han heitt Müller eller Priess eller havt eit annat Herkenavn, so havde han gjenget for ein brukfør Poet. Men det store Navnet var Ulykka hans.

Slikt er eg rædd for det kjem til at ganga med «Norge» og «Noregr» og truleg med «Norsk Folkeblad.» Det gjeng jamvel slikt med «Folkevennen», og med «Folkets Røst» gjekk det slikt. Dei kunna vera gode nog paa sin Vis alle desse Blad, men dei svara ikki til sit store Navn. Dersom Johnsen havde kallat Bladet sit «Speculanten»

– i Titelar kann Du bruka Latin – og Schulze og Vibe Bladet sit «Concurrenten» eller Kaplauparen, og Skulelærarne Bladet sit «Peusionen» og dersom «Folkevennen» hadde heitt «Tullen» eller «Godfjotten», so hadde der voret større Meining i Titulaturen, og dei hadde idetmindste havt Von om at kunna hava voret betre en Navnet sit. Det er alltid sagt at vera godt, at vera betre en sit Rygte.

Det er ikki so reint galet for eit Blad at hava ein Tanke heller. Tankar ero vistnog dyre og sjeldfengne og draga myket Bryd med seg; men det er daa stundom dei svara Reikning og. Der er daa idetmindste nokot menneskeligt i at hava ein Tanke med seg, god eller vond, berre det er ein Tanke. Men ingen af desse Blad seer ut til at hava nokon ny Tanke at frambera. Dei tala om «Uplysning» og om at vera «Bodberarar» for Uplysning ut over Landet. Men det er inkje annat en dei andre Blad gjera. Det er nokot nytt dei skulde gjera. Ja «Norge» er so klokt, at det ikki lovar «Uplysning» eingong eller at vera fri for «Personligheder», og forsovidt er det paa ei Sida klokt, men paa den andre Sida kann ingen sjaa, kvat Gagn eit slikt nytt Blad skulde gjera. Mange Blad verda grunnlagde, for den og den Skribenten ligg inne med Stykke, som dei andre Blad ikki vilja hava tekjet imot og sett paa Prent, og soleides verdt det nye Blad «eit Organ for Vrakgods.» Det er gjerne slike Folk med heile Haugar af Vrakgods, som mest skrika paa nye «Organer.» I Amerika er det sagt, at der er sereigne Blad for Daarehus. Galningar hava altso sit «Organ.»

Men i dette at hava ei Galnemanns-Tidende er der endaa ein Tanke. Det er den ytste Enden af den Tanken, at der skal vera ein Talsmann for kver Stand og Stilling og kver Tanke og Gjerning. Det er Arbeidets Deiling i si lengste Utspaning. Men her ero vi enno ikki komne in paa denne Tanken, eller vi hava gjevet den up, for Samfundet er for litet. Morgonbladet og Aftenbladet ero no liksom Bondeguten paa Landet, likt som eg lærde meg up, at han skal kunna gjera alt, som høyrer til Mannen og Garden, sine Klæde og Reidskap. Den flinke lærer seg up til alt dette, til at sauma Skor for seg og til at sko Hesten. Det verdt stygt altsaman, men han lærer seg til at tenkja over eit og annat.

Vi sjaa ikki at desse nye Blad vilja nokot annat. «Norge» og «Noregr» vil inkje annat en Morgon- og Aftenbladet og «Norsk Folkeblad», inkje annat en «Skillingsmagazinet» og «Nyhedsbladet.» Dette er maalade Blad (illustrerede), og det seer ikki ut til at hava nokot andre Tankar en desse. Det skulde hava lagt seg

paa Skulemeistartanken, om der skulde hava voret Meining i det, og so paa Nationalitetstanken, kort det skulde hava havt ein Tanke framifraa dei andre. Kanske det enno kann faa seg ein slik.

Vi hava til all Lykke ikki stort at klaga over. Folk styra og stella so godt dei kunna. Men, jamen vøre her eit og annat at klaga over og, naar nokon rett saag efter. Vi trengde til eit «Oppositionsblad» i forstandig Meining. «Norge» eller «Noregr» skulde hava gjevet seg ut for eit slikt, og daa havde det havt ein Tanke. Her er so fredsælt no, at Folk taka til at vera leide af all denne Freden, fordi den i Grunnen er usann, og alt i Livet kjem ikki til Retten sin. Regjering og Storting vilde likso vel som Folket vera tente med det, at eit Blad vilde naglefara deim eller sjaa deim efter i Saumarne.

Det er Synd at alle desse skriveføre flinke Folk ikki skulde kunna sambinde seg til nokot heilt. Nokot galet maa det vel vera baade hjaa alle desse skrivføre Folk og dei Blad, som vi alt hava, naar ikki ei slik Sambinding kann koma istand, men at Folk slikt skulde sitja andføttes i Baaten og ro mot kverandre. Skillingmagazinet er i den gamle gode Stilen, so nokot nytt efter den Planen ikki er so rimelegt. Men Eigararne af «Nyhedsbladet» burde som gode Bokhandlarar vidka Bladet ut og blaasa nytt Liv i det.

Den rette gamle Redactøren, som er den einaste der, som kann skriva godt i sit Slag, han er gjengjen over til eit annat Arbeid, so det er litet han røkk at skriva. Bladet skulde paa sin gamle Grunn kveikja seg up, og ikki taka up Vombfyll likt Morgonbladet, slikt som siste Sundag. Slike lange Stykke af det Slaget kunna vera gode nog til sit Bruk for dei faae som lesa deim. Men det er i ein slik stor Baas som Morgonbladet slikt skal koma.

Forstod Aftenbladet og Snittet sit, so vilde det draga til seg slike Bladmakarar, og det vilde vera ei god Motvegt mot Morgonbladet, og soleides truga det til at vera betre. Skal man tala alvorsamt, so burde eit Blad, som har so god Raad, vera betre. Men i Handelsvegen – og vaare fleste Blad ero ikki Literatur men Handel og Industri – der søkjer kver at tena so godt han kann, og han tek somyket han kann faa for so daarleg Vare, som det er moglegt at bjoda fram, naar der ingen er til at kapp eller konkurrere med honom. Det er Aftenbladet, som skulde vera

Kapspringaren her; for desse nye Dagblad kunna ikki vera det paa dei første fire fem Aar.

*

Netup som eg skreiv dette her uppe, fekk eg 2det Hefte af «Norden.» Ja det er og eit Skrift, som verdt plagat af eit for stort Navn, og det er likeins eit som ikki burde vera sjølvstendigt, men sambinda seg med eit større; for Utgjevaren Cand. Lieblein^{k103} visar seg at vera ein forstandig Literat, som vilde kunna vera ein brukfør Medarbeidare i eit større Skrift.

Men naar han i sin Kritik over Lyngs^{k104} Bok prædiker «Kjedsommelighedens Evangelium» i desse Ord, daa trur eg han ikki er ganske forstandig. Les her: – «Man giver Børn ind Mediciner i Sødt, og Publikum maa man give Sandheder ind i Spøg og i Morskab. Men Forfattergaverne ere saa ulige fordelte. En kan have store og rige Tanker, men mangler Vid og Humor; en Anden kan være vittig og morsom, men mangler Tanker. Hvem tror man vel Publikum helst vil høre, helst vil læse? Naturligvis den Morsomme, den Vittige. Finder man Tanker i det, man læser, er de just ikke^{m35} afveien; men er der nu, ingen, faar man nøie sig uden dem, naar det, man læser, blot er morsomt, pikant, humoristisk, vittigt, lett og behageligt, er Noget, «hvoraf man kan læ, hvoraf man kan faa sig en hjertelig Lungerystelse: det er saa sundt at faa sig en god Latter.» Saaledes tænker man, saaledes er Smagen. Alle ere vel ikke saa cynisk-ærlige at sige det med rene Ord, men de Fleste mene det dog, og man hører det ofte nok ytret. Grunden hertil maa være den, enten at et saadant Publikum er saa blaseret, at det ikke bryder sig om nogen Sandhed, eller at det er saa indbildsk stivt, at enhver ny fremmed Tanke uden nogen Prøve antages at være falsk. Derfor have indholdstunge Sandheder, som ere Livets Salt, og som vække Menneskene op af deres døsiges Slummer til Virksomhet, til Fremskridt og Lys, saa vanskelig for at trænge gjennem, naar de ikke ere krydrede^{m36} med tilstrækkeligt Vid; de maa da atter og atter gjentages, førend de kunne bane sig Udgang til Publikums Bevidsthed.»

Det er lykkelig med det: dei som tenkja so uklaart, at deira Tanker skræma kloke Folk fraa at lesa og høyra deim, dei bilde seg inn at det just er dei og ingen annan som tenker grundigt. Og dei, som tenkja so klaart, at kloke Folk lika Tankarne deira – det vil segja dei vittige og humoristiske – dei tru paa si Side, at dei tenkja

best. Der verdt aldri Forlik imillom desse tvo Slags Folk, so det nyttar aldri eit Gran for deim at tala til kverandre. Dei standa paa kvert sit Klot (Klode) og skrika. Det er liksom naar truande og vantruande Folk tala til kverandre, og Folk som kunne tala, og dei som hakka eller stamma. Den daarlige Talaren trur, at det er hans Lass med store Tankar, som gjerer, at han kjem med all Hakkematen sin, og den som talar godt trur, at dette kjem af, at han tenkjer godt, naar det daa ikki er nokot likamlegt Lyte, som legg seg i Veggen for han Stammesteinar og han Hakkehermod.

Og no den truande Mannen, han trur at ganga med all Sanning i Lomma si, men den, som ikki trur meir en godt gjerer, han synger:

Lett er at faa til Visdom up ei Bru,
naar den kann byggjas ved at tru og tru;
for det veit alle baade eg og Du,
at den, som ei kann tenkja, lett kann tru.

Men til Emnet!

Vi skulde hava tvo Dagblad; for om Samfundet her i Grunnen sin ikki kann hava tvo motstridande Parti som i eldre og større Land, so er det altid godt, at der er tvo politiske Blad, som taka kvert sit Grunnsyn af Rikslivet. Og so kunna tvo halda kverandre i Age og læra kverandre Folkeskik. Den som er eineraadande, misbrukar altid si Magt. So skulde baade desse Storblad, likso store som Morgonbladet, endaa ikki kosta meir en det aleine. Dei maatte endaa til en Pris af 3 Daler kunne vera betre en Morgonbladet no er til 6, og likevel tena godt. Det vantar inkje annat til at faa ei slik Bladtilstand en det, at Aftenbladet slær ein Daler af Prisen sin og verdt betre, so vil nog Morgonbladet vera nøydt til at dansa efter om nokre Aar. Det gamle er vel seigt, men billig Pris og god Vare har og si Magt. Og vil ikki Aftenbladet gjera dette, so kunde eit Samlag af skrivføre Folk med eit godt Stell og ein 10,000 Daler f. Ex. til Driftspenge gjera det. Eit slikt Blad maatte venta seg at ganga med Tap dei tvo tri første Aar, og derfor laut der ein Grunnsyn til. Men denne Summen kom nog atter med sine Renter, naar alt vardt godt styrt.

Nokot slikt kjem vel og seint eller tidlegst istand. Alle desse Smaauprør i Pressens Rike bera Vitnemaal om, at Styret ikki kann vera godt; og om alle desse Uprør for

det første verda undertrykte, so maa Styret bestna, skal det ikki paa Slutten vera nøydt til at gjeva Rygg.

Og so vilde eg hava eit maalat (illustreret) Vikublad slikt som Nyhedsbladet. Eit var nok i den Vegen her, og dette kunde og vera godt baade med Maalingar og Ord. Det er daa rett naragtig, at Folk skulle vera liksom nøydde til at halda Dansk Illustreret Tidende. Det er sama Spraaket og likso godt og betre til kunde eit slikt Blad vera her med Undantak af det, at vi vel ikki hava so gode Treskjerarar her som i Kjøbenhavn.

Og so skulde vi hava eit godt Maanadsskrift og eit Fjordungsskrift (Kvartals-). Alt dette, nemlig 6 Daler for tvo Dagblad, 2 for Vikubladet, 2 for Maanadsskriftet og 2 for Fjordungsskriftet vilde gjera 12 Daler. Vi hava ikki so faae Bønder i Landet, som kunde magta baade at lesa og bitala alt dette, og alle desse Skrift vilde føra med seg ein so stor Sum af Kunskap, at Folk til Husbruk ikki turfte meir.

6. årgang (1868–69)

09.02.1868 (Nr. 2)

Bladsjaa.

No er det daa greidt for Alle, at Morgonbladet er inkje annat en eit Partiorgan for deim, som paa Liv og Daude vilja driva fram dette Forslag til ei ny Riksact. Striden mot «Norsk Folkeblad» og Bladets eigne Stykke, f. Ex. dette lange: «Norge i 1814», alt gjeng ut paa dette. Men daa denne Politik betre fell in under desse mine Stykke her lenger framme i Bladet, nemlig «Vaar Politik», so vil eg berre minna litt paa det her. Det er nemlig so godt, at du aldri kan tala for ofte om den Ting. Og so kan det vera nyttigt for Folk at venja seg til at sjaa nokot so unationalt. At det verdt endaa verre i denne sin Politik, er so rimelegt; for ettersom det fær Augo up for, at det stampar mot Brodden, so verdt det meir og meir rasande, alt til det springer sundt og puffar til Veders med Knall og Røyk.

Aftenbladet heve ingenting at puffa med, det, stakkar, for det er lenge sidan gjeldt, det. Det lunkar og lunkar i Morgenbladets Fotafar; for det høyrer paa ein Maate med til «Familien» det og.

Publikum synes og at hava ein Tanke om dette, daa eg kjenner Mange, som i desse seinare Aar og mest i dette sidste hava upsagt det. Og det talar sterke Ord for Bladets minkande Magt, at det, som Alle kunna sjaa, fær færre og færre Lysingar (Bekjendtgjørelser). For slike «industrielle Etablissementer» som desse Dagblad, er Lysingane ein Gradestokk paa Bladet, og det maatte slaa Alle, som saag etter og tenkte over denne Ting, at Aftenbladet no i Marknadsdagane hadde so faae Lysingar i Samanlikning med Morgonbladet, som jamvel maatte koma ut i Dubbelnummer for den Skuld ein Dag, medan Aftenbladet, stakkar, paa vanleg Maate maatte metta seg med Aftrykk etter andre og daa mest danske Blad. Og Publikum er som vanlegt klokt i Matvegen. Er det nokot som skal ut over Landet,

so kjem Morgonbladet til mange Gonger fleire Folk en Aftenbladet. Og er det Tanken om at lysa nokot up mest for Byen her, so vil baade «Intelligentsen» og «Morgon- og Aftenposten» vera langt betre en Aftenbladet, ja desse tvo «Postane» vilja likeins vera langt betre utanbyes.

«Folkebladets» Ros over Peer Gynt her fyre Jol svimeslog det. Men no maa det koma seg, daa Folk sjaa, at det verdt so forfulgt af Morgonbladet for so god ei Sak, som det maa vera at faa uplyst fraa alle Sider¹³⁷ ein for det heile Land og Rike so stor Ting, som ein ny Millomrett med Sverige. For det kan daa vel ikke vera Tanken at lista og Iøyna ein slik in paa det norske Folk? Endaa det seer mest so ut, naar ikke «Folkebladet» skal faae Lov til at taka up ein Kritik over Forslaget fraa ein so rettslærd Mann. Det norske Folk vil nok vita at taka sine Menn paa rette Maate, naar det lærer deim at kjenna, og det fær tenkt seg om. Men meir om alt dette i «Vaar Politik».

09.03.1868 (Nr. 9)

Bladsjaa.

Det er ikke solenge sidan, at vaar Provinspresse vardt driven af ein og annan Boktrykkaren, som slang til at koma fraa Hovudstaden og burt i den og den Byen, der han gav ut ei Avis. Stundom kunde han sovidt Samanskrift, at han kunde setja ihop Bynytt og Ulykkestilfelle og ofte ikke eingong dette. So var der ein og annan meir skrivefør Mann i Byen, som slengde in eit Stykke ender og daa. Ellers var det Aftrykk etter Hovudstadsblad. So kunde det og henda, at ein og annan forulykkad Mannen med bokleg Kunnskap var Redactør for ei slik Avis, og daa var det no reint framifraa gildt. Inkje Under, at Provinspressa i den Tid var ein lydig Tenare af Morgenbladet, som og daa hadde ein Tanke og ein Mann til at styra seg.

No er alt dette omsnutt. Dei fleste Provinsaviser, helst dei større, hava no allesaman vitenskapelege og jamvel stundom talentfulde Redactører, som er meir en det kan bli sagt om baade Aften- og Morgenbladet. Det er derfor inkje Under, at Hovudstadspressa no reint ligg under for Provinspressa, helst naar alle Correspondenter til den herifraa verda tekne med. Gakk ned i Athenæet eller ein Stad, der du kan finna Landsens fleste Aviser, og du vil sjaa, at der er ulikt betre

Redactionsartiklar og ellers meir alsidige Syn paa mange Ting i Provinspressa en i vaare Storblad. Lesaren af disse vilde og kunna sjaa dette, dersom dei paa gamal Vis uptok myket af det beste etter Provinspressa; men no er det det Fule med det, at dette no ofte handlar om slikt som Dø lens Afsked og det, som dermed heng ihop, og dette kan naturlegvis vaare Storblad, som er likso galne paa Dø len som glade i dette Ministerium, ikke taka up, og derfor fær Lesaren af desse Blad ikke sjaa annat en mest af Landsulykkor ifraa Provinspressa.

Det gjeng no ellers sin Gong dette; dei klokaste Folk her inne sjaa Samanhengen og Folk paa Landet *lukta* den. Det er utrulegt, hosi godt det heve lykkas Morgenbladet at røta ut Folks Tru paa det. Eg for meg heve fraa rett gode Menn utover Landet fengjet Lykynskningsskrivelser for eg heve fengjet «Morgenbladet til Medarbeider,» og du kan koma kor du vil, so er der ikke større Tru på Morgenbladet en paa Reven. Det er og so rimelegt: setja ein slik Mann til at styra ei slik Maskine maa enda med Knak og Brak, og om Folk en af gamal Vane enno halda det, so er det like magtlaust for det, og det ventar berre Paa den Stund, at der kjem eit betre Dagblad.

For at faa nokot fram, so maa Morgenbladet no stella sig med Publicum liksom det skulde leida ein Gris: det maa draga tilbake i Bandet. Eg vil just ikke tala haagt om det, men so underhaand kan eg segja, at her er ein «Conspiration» i Gang forat faa Morgenbladet til at jafsa og bita i Bukseleggen paa nokre Menn, som dei gjerne vilde hava paa Storthinget, men som det utan dess ikke er stor Utsigt til. Det skulde daa gjelda om at faa rost desse Menn i eit annat Blad paa den Maaten, at Morgenbladet vilde kveppa i. Men her er Knuten at finna eit Blad, for det stakkars gjelde Aftenbladet, eller som Dunker^{k105} etter Heine^{k106} sagde «die Castraten», det er ein so fullkomen Rovediltare etter Morgenbladet^{m38} at der er det raadlaust at koma in med ei slik Fiskestang. Dei finna det vel ut desse Karane, endaa det kan vera vrongt nok. Det er flinke Menn desse dei vilde faa fram, og i Politikken kunde du vel ikke kalla eit slikt Krigspus umoralsk heller.

Det er godt paa mange Vis, at Provinspressa slikt kan møta up mot vaare Hovudstadsblad. Det lærer desse til at vera so gode, som eit Hovudstadsblad bør vera, om det ikke skal bli til Spott og Spe; og det forbyder, at desse faa ei altfor stor Magt, som dei tidt før hava havt til liten Bate for Landet. Ei Utbøling eller Decentralisation^{m39} er i slike Tilfelle gagnleg imot ei altfor stor Inbøling eller

Centralisation. Det er netop dette, som i somangt er den nyare Tidartanke f. Ex. i Frankrike, der det meste af Landets aandelige Magt er inbøld i Paris. Og me maa vel vara os for det i vaar unge Stat, at ikke Alt verdt inbølt her i Christiania, som daa lik Paris vilde bli ein Tugtemeistare for det andre Land.

Det vilde vera eit langt Capitel at setja Nyttan af ein sterk Hovudstad imot Nyttan af sterke Utbyar imot kverandre. Men vist er det, at det er nyttigt for ein fri Tanke i det heile Land, at Provindspressen slikt, som me no her sjaa, kan læra vaar Hovudstadspressen Folkeskikk og aga eller imponere den. Med alt det, at her maa vera stor aandeleg Capital samlad i Hovudstaden, so er her likevel Somange under Regjeringens og andre Inflytelser, at her er større Træleaand etter Maaten end i dei andre Byar. Naar ein Departementsmann f. Ex. fær seg eit Embætte og kjem til ein Utby, eller paa Landet, so verdt det Folk af honom og, endaa han altid maa vera nokot var om seg, sossannt som han vil søkja seg lenger fram. Han kan vel vera fri her og, so for seg sjølv og i Samtale millom Kjenningar, der det tidt er slik Oppositionstale, at Haaret kan reisa seg aa Hovde, men han vaagar seg ikke ut med det, og Rett gjere han; for han kan spegla seg i meg. Likeins er det med Menn, som tena andre Storfolk. Det er so gode Servilister, som nokon kan ynskja seg. Her er mange gode Matkrokar i Rikmenns-Hus, som ikke er værd mange Penge for Fridomen¹⁴⁰ deires. Det er som det stend i Visa:

Eg gjev no aldri ein Snutt og Snus
for slik ein Matkrok i Rikmanns Hus.

Det forstend seg, her er unge Studenter – unge maa dei vera – og andre frie Folk, og so er her aandelege Stormenn imillom; men so i ein Tversum, so er det naturlegt, at Utbyen er friare end Hovudbyen, naar alt er i godt Gjenge.

Det er i denne Sparetid ein practisk Nytte ved dette, at Provinspressen slikt kjem seg, og det er den at Folk i desse Byrotar (Districter) kunna hava nok med sit næraste Byblad og ikke tarv holda eit af desse Hovudstadsblad, naar det ikke er framifraa godt. Aftenbladet er i soleids til Ingenting for Folk, som sokna til Drammen, Hamar, Bergen og Thronheim. Det er ikke so godt som nokot af dei beste Blad i desse Byar. Morgenbladet er det no so som so med. Det maa koma som ei Laavedør til mange Hus, anten der no er Vit eller Uvit i det. Der er idetmindste Vomfyll, og med alt det Tull som der er i den noverande «Redaction,» so sleng der

altid til at vera nokot, som ein Mann maa sjaa, naar han vil «fylgja med». Alt til her kjem eit nytt Dagblad, so er det eit «nødvendigt Onde.»

26.04.1868 (Nr. 13)

I Drammens Tidende stod der her ein Dagen eit Stykke om Hovudstadspresen og Politikken herinne, som lagde alt dette ut just liksom Dølen sjølv skulde hava gjort det. Morgenbladet vardt kallad det ministrielle Organ, som baade skreiv ufolkeleg grovt og ellers paa ein Maate som «Smudspresen» i andre Land. Her var eit Meiningsstyranni herinne som berre slike sjølvstendige Folk lik Dølen kunde draga seg undan, men daa med Tapet af alt det, som desse Styresfolk kunde taka ifraa deim.

Dette er vel ikki annat og meir en det, som no i den seinare Tid er skrivet i somange Utanbysblad; men no kjem det merkelege ved denne Artikkelen. Den er skriven her fraa Christiania og etter eit Rygte af ein af Landets største Embættesmenn. Han viste, at der aldri kundeⁿ⁴¹ vera Tale om at faa den in i Morgen- eller Aftenbladet, og so sende han den daa til «Aftenposten», som i den seinare Tid heve havt rett gode Stykke om eit og annat. Men daa Aftenpostens Redactør er ein Departementsmannⁿ⁴² og viste af Dølen's sorgfulle Exempel det, ei sjølvstendig Skrivning kan føra til, so, fortele sama Rygte,ⁿ⁴³ tok han Artikkelen med seg til Departementet for at faa høyra, om den kunde vera faarleg for honom; og der fekk han daa vita (af Statsraaden eller Byrochefen?), at dei «ikke kunde innestaa for hans departementale Stilling», dersom han tok slikt eit Stykke up i Bladet sit. Og daa der no ikke var sama To i honom som i Dølen, so sende han Artikkelen tilbake, og soleids vardt den send til Drammen, der den beit betre en om den hadde komet i Dølen, for den kom der i eit Blad, som hadde haldet med deim, som Artikkelen refsad.

«Di galnare di betre», verdt det sagt, for naar Galskapen kjem rett langt, so taka Folk snart Livet af den. Solenge den er so halvgalen, so verdt den paa ein Maate told, for Folk vilja i lengste Lag liksom ikke tru at den er fullgalen, før dei rett vel faa sjaa. Du seer mangein Mann, som Folk kalla galen, men han verdt ikke førd paa Daarehuset, før Galskapen er «constaterad». Daa vakna Alle up og segja: «Ja, var det ikke det eg lenge saag og viste, at han var galen.»

Morgenbladet maa vel fæla for si Stilling, for det syner liksom ein gamal Syndare imillom nokot, som ser ut som «Samvittighedsnag» og Bot og Betring. Kjem no an paa, om Publicum likt Museflokken i Eventyret vil tru paa Kattens Omvendelse, den Gongen han var vorden solten og ved sin Heilagdom vilde gjera ein stor Fangst, som og lykkades honom, daa dei arme Mysane trudde paa det harde Hjarta i Munkehetta si.

11.10.1868 (Nr. 28)

Bladsjaa.

Det kunde synes underlegt for den, som ikke er kjend med Forholdet her inne, at vaare Dagblad ikke hava talad godtsom eit Ord om nokon af dei Politiske Saker, som no under Kongens Uphald og Storthingets Samkoma ero komne fram i Dagen. Det er paa ein vis Maate godt dette og, at her ingen politisk Dagsprent er; for eit Dagblad med den rette Dug og Tiltru artar so lett ut og styrer paa skakke; men naar her inkje Blad er, som Folk tru paa, so gjeng Livet sin greide Gang og steller seg som det vil. Det forstend seg, det er gamaldags dette, men Skam fare i det Gamle, det var ikke so burte det heller, og det er skjemtfullt for os at liva liksom i eit nytt og eit gamalt Samfund paa ei og sama Tid. Her kjem Blad som Laavedører ut kver Dag, og endaa er det politisk om¹⁴⁴ her ikke kom ut eit Guds Ord. Daa Morgenbladet var stort som Bladet i ein Huspostil, hadde det større politisk Magt en no, og den vesle Krydser var i all Smaagutskapen sin ein sann Stormann imot det digre Aftenblad. Aftenposten er i mangt ikke so laak endaa, men den er nok mest styrd af Departementsfolk, og i Politikken er der ikke stort at venta af deim, etterat det er vordet greidt for Alle, at dei ikke maa tala imot Regjeringens Vilje.

Etter denne Tankegang skulde det ikke synes at vera store¹⁴⁵ Skaden skedd, at Anton Bang,¹⁰⁷ som det seer ut til af hans Lysingar, ikke for det fyrste kunde setja sit paatenkte Dagblad i Gang. Og det er det no vel ikke heller. Eit Dagblad i desse Tider, som var af det beste Slag, vilde nok gjera store Ting til det Gode, men det er vandt at faa eit slikt, og betre er det at vera bladlaus som no en at faa nokot halvt istand. Det kjem nok eit slikt Blad, naar alt er mognad til det, og det skal Ingen fæla for, at det paa lange Tider verdt sopass Folk af Morgen- eller Aftenbladet, at dei koma til at staa eit slikt Blad i Vegen. Dei hava gjort formyket paa seg til dess. Verdt f. Ex. Unionsforslaget framsett, so er eit nytt Dagblad ferdugt med eit, som

vil drepa Aftenbladet i det fyrste Fjordungsaar og draga Morgenbladet ei ulækjelig Svindsott paa Halsen. Eg burde som ein diplomatisk Mann ikke fortelja slikt, for so kunde desse Blad beda sine ministerielle Venner for Guds Skuld ikke at framsetja Forslaget. Men eg er no, naar alt kjem til alt, meir Døl en Diplomat likevæl.

20.12.1868 (Nr. 38)

Bladsjaa.

Den meste Kunskap Folk no faa in er igjenom Blad og Tidskrift. Det minkar meir og meir med dei gamle store Bøker, som tidt kunde vera so tunge, at der var eit heilt Lyfte i deim. Naar her no imillom kjem ut Bøker, so ero dei for det meste so hendige, at du kan liggja paa Benken din eller i Sængi med Bok i Hand, alt til du sovnar. Det er høgt eller kvemt (comfortabelt) alt no: Hus, Klæde, Husbunad, og alt det som nevnas kan, og dette er vist ikke det mindste Merke paa god Smak og ein frisk Kultur. Det kvendskar eller effeminerarⁿ⁴⁶ Mannen, meina Mange; men det er raadlaust med det: Folk fara likso litet tilbake til sin tunge Liveskikk som til dei store Bokprotokollar. Dei vilja have sit Blad til Aabits (Frokost) og til Kaffeen om Ettermiddagen, liksom sit serskilde Sundagsblad og sit vesle Hefte til Maanadsdag. Paa den Maaten faa dei in Dagens Kunskap og det mest aalmenne Tankeutbyte i si Tid liksom utan at vita af det. Dei veksa ihop med si Tid og liva og tenkja med den.

Om ein Mann ikke les meir en dette, so er han ikke solitet klok endaa, og naar du tenker paa alle deim, som lesa dette, so verdt det ein stor Aalmennsum af Kunskap. Det er ei Uplysningsmaskine, om du vil, som omskaper Livet mange Gonger meir en Dampen.

Men derfor verdt det og større og større Krav til Dagsprenten, og det verdt sagt, at du kan døma deg til eit Lands aandelege Tilstand etter den. Sjaa me soleids til Dagsprenten i vaare Granneland, Sverige og Danmark, so er der mange af Landets beste Pennemenn med i den, baade Poeter og andre. I «Fædrelandet» og Götheborgs Handels- og Sjøfartstidning f. Ex. er der soleids Aaret rundt ein merkelig stor Sum af Kunskap og Undervisning i snart sagt alle Ting.

Det er ein gamal Vane at krauna eller sutra og klaga over sit eget, og eg gjere daa heller ikke dette for Dødens Vedkomande t. Ex. Men seer du paa vaare Storblad, som skulde vera Husbønder i den Veggen, so jamen er det laakt. Ein Utlending skal af deim ikke faa store Tankar om vaart Kulturstandpunkt. Eg talar ikke her om Tønen og Stilen, som idetmindste for Morgenbladets Vegne ligg ned i Kjeldarhalsen, men eg meiner Maalet af Tankar, den Kunnskapssum, som kjem derifraa. Denne er fælt liten og det meste af det vesle, som er der, det er Aftrykk etter danske Blad. Du kan og vita, at dette maa vera so i Blad med Redaktører, som liggja utanfor all literær Rangforordning. Ja, Meydell^{k108} var vel nokot i sit Slag han eingong, men han seer ut til at hava sovnad. Naar so til dette kjem, at Bladets Eigjarar vilja tena det mest moglege, so kan kvar vita, at det maa bli Fatik-Per-Erik af desse store Laavedører.

Men «Krukka gjeng solenge til Vands, til ho kjem hankelaus heim.» Det er derfor med Glede for Alle, som elska Uplysning for Folk, at høyra, at her no i Vinter nok kjem tvo nye Blad, nemlig eit med Hovudstyrken sin her i Byen og eit annat billigare til Landslyden og det sokallad Bondeparti Landet ikring. Det synes vera eit formyket dette; men for det fyrste var det ikke moglegt at faa somange Hovud under ein Hatt, og so kan det heller ikke rett vel vera den sama Politik for desse tvo Blad. Det svarar netup til det naturlege Krav, at det er tvo slike.

Det skal bli Kunnskap og Lærdom for os Alle til næste Aar under dette Kappsprang millom desse Blad og dei gamle! Daa faa somen *de Besche*^{k109} og *Fabritius*^{k110} punga ut til gode Pennemenn nokot annat en før, om dei ikke skulle missa alt; og for Aftenbladet er der Omvendning mogleg, og det heve alt no i Rædsla slegjet in paa Botvegen i desse tvo tri sidste Vikune. Her gjekk det lause Ordet, at der var ein Galtestøkk eller Panik i Bladet ved at høyra om alle Tillagningar til desse nye Blad, og det tok til at ruska paa seg og gnidka Svevnen utor Augom. «Du vil daa vel ikke omvende dig berre for at faa den Posten?» sagde ein Embættesmann her til ein Katholik. «Jau naturligvis,» svarad denne. Det talar jamvel alt om «raabarkad Bønder,» og soleids er Venskapet med Morgenbladet ute. Ja den Maten, den Maten du!

Det skulde eit Karstykk til at knekka eit so gamalt og grunnfest Blad som Morgenbladet. Men Hr. Friele^{k111} seer rett ut til at vera Mannen for det. Ja, eg og andre, som kjende Karen, viste nokot so nær, at dette berre var eit Spursmaal om

Tid, solenge til Naturens hans kunde faa spinna seg ut i all sin Glans. Det er liksom Bladet i Politikken sin skulde hava fengjet det, som Tysken kallar «höheres Blödsinn» eller Vatten i Hovde, etter at det skandinaviske Selskap kom in i det, og etter Landets Mottaking af Unionsutvalets Forslag, og ved Storthingsvalet i Vaar, og so no under Storthinget, der det i dei mindste Ting synes vera som fraa Vit og Forstand.

Det var under desse politiske Svingningar, at Bladet kom med «raabarkade Bønder» og sine Fantord til Aall^{k112} og Harbitz.^{k113} Berre desse tvo Ting vilde hava voret nok til at taka burt fraa det Tiltru paa den Sida. Men, det er som det skulde vera gjort paa, naar Ulykka er ute. Sjaa no her ein Dagen stod det, at Romsdals Amt var eit «Klokkeramt.» Og no fører det Krig med den heile Landsprenten og kastar ut i Ørska Fantord til alle Kantar. Og blandt Bladets mange «Personligheter» heve det ikke skadad seg mindst med si Forfylgsel mot Sverdrup,^{k114} og dets Skrivemaate mot Bjørnson^{k115} var og litet værdig. Kort, det kan syngja dette gamle Vers, som eg her vil læra det:

Mine Synder ere mange,
mangfoldige som Sand i Strand,
og mange som Solen i Strime.
Hjelpe meg ut af Syndens Band
og helst i den onde Time.

Ja, ja Fa'r! Det er mange nok, som sparka etter den hallande Vogn. Dei fleste Blad rund ikring Landet skjemma so paa det arme Tinget, at det er Synd at høyra paa. Dølen vil ikke vera med her. Han lyt vera rettferdig, det forstend seg; men han vil gjeva det eit Raad, som kan setja det istand til enno at turnere eller kringrenna alle desse andre Blad, og dette Raad er, at det gjev Hr. Friele og alle dei Andre, som i denne Tid hava tumlad seg i Bladet, Afsked paa graat Papir og afsvær alt deires Væsen og Gjerningar og beder det norske Folk om Forlatelse og lovar Bot og Betring. Dersom det vil, og bitalar meg godt, for af Morgenbladet vil eg hava Bitaling, so skal Dølen dikta ei Pønitentssalmeⁿ⁴⁷ for det.

Naar det so etter dette møter up med eit godt nytt Ministerium, og attaat lovar, at Hr. Friele ikke eingong skal faa Lov til at vera Gatelaupare for det, som han ellers er flink til, so skal eg vaaga Bladet eg; for det er seigt eit gamalt Blad, ja so seigt, at

det overalt i alle Land gjeng i Handel og Vandel som ein annan Gard. Det skal reint framifraa Daarskap til at helsetaka det.

Det maa gjera eit Ministerskifte, om det so berre vil vera «Organ for dei konservative Interesser,» for der skal Tiltru til at vera det og. Ja, der skal kanskje mest af det Slaget for eit sovoret Blad. Det trengst til eit slikt Blad no under denne Fridomsvind, som synes at blaasa overalt. Og dette nye store Blad verdt og «liberalt,» endaa det etter alle Merker maa bli eit fint Centrumsblad med uplysande og yndefulle Artikler og stor Mannamilde eller Humanitet. Dette mindre Blad for Politikken ikring Landet kan godt taka i utan Handskar, og forstend det si Gjerning, so maa det hava størst Utsigt for seg, blandt annat for det ikke verdt so dyrt. Det verdt vist ein Maureslukare for mange af desse Smaablاد.

Det trengst til at Hovudstaden mannar seg up i denne Veggen; for Dagsprenten rundt ikring Landet i dei mindste Byar heve no i lang Tid voret vel so god som desse Blad her inne. Du skal knapt finna ein Redaktør i nokon af desse større Smaabyar, som ikke er ein betre Mann en snart sagt nokon af desse Redaktører her. Dette er urimelegt og kan derfor ikke vara lenge. Er dette Læremeistarar for det heile Land? Berre du tek deim i Augnesyn, so kan du læ deim ihel. Det er liketil uanstendigt. Og Publikum fær meir og meir Augat up for dette. Denne literære Kræmartid maa vel snart vera ute, daa Menn, som «ere i Besiddelse af en omfattende Uvidenhed» kunde være Storredaktører og gjeva seg ei lærd Domarmine for det heile Land. Af alt det latterlige eg kjenner, so veit eg ingenting meir flirande en Bladstellet her inne. Og Landet seer, at Frugten og er deretter. Ja, det er vel feite Gutar, som styra og stella og skriva og føra det store Ord! Det er sagt, at desse nye Blad ikke vilja addere Nuller saman til sine Redaktionsraad, men hava Menn imillom, som anstendigt kunna syna seg fram for Folket.

I det Møte af Aktionærer til dette her nevnde store Blad, som var samlad om Kvelden den 15de, kom dei nok ikke vidare en til at nedsetja eit Utval, som skulde laga til Regler for Samlaget osv. Der er ikring 200 Luttakarar og af desse er over det halve af Christiania Handelsstand og so Embættes- og Ombodsmenn og Handverkarar i javnt Maal. Dette visar eit aalmennt Misnøgje med vaare Storblad, og daa helst Morgenbladet, som er utrulegt, og det spaar ilt for desse gamle Blad men godt for det nye. Kver af desse Luteigarar og deires næraste Kjenningar vil virka for dette nye Blad og avertere eller lysa up i det, og dette sidste er den sikre

Skillingen i Tap for den eine og til Vinning for den andre. Ille er det, at denne Maskine nok ikke kan koma i Gang før ut paa Vintren, men naar den so kjem, maa den staa med Stempelslagets Takt og Styrke. Disse andre Blad faa ellers ved dette Omrum og Sukk for seg og eit halvt Aars lenger Intekt, og Morgenbladet kunde imedlertid ved at fylgja Dødens Raad frelsa Skuta med eit litet Havari.

Med ein Styrke af 20,000 Daler, og fleire om det trengst til, og med Sameigarar, der ingen netup vil tena Pengar, men berre koma skadeslaus derifraa, med eit slikt Grunnlag kan der koma eit Mønsterblad med sine serskilte Departementer for Kirke- og Undervisningsvæsen, Finants og Toll, Sjø- og Skipsfart osv. Ringen rundt. Fagmenn vil faa god Løn for sit Arbeid, og Landet maa hava Nytte og Ære af det. Det verdt nokot annat en Redaktioner paa Slump og urimeleg Forteneste for Boktrykkaren, som bør vera det han er, nemlig Handverks- og Handelsmann, og spekulere i nokot annat en i Folkets Tolmod til at bera over med literært Slarv.

03.01.1869 (Nr. 40)

Bladsjaa.

Det er med det norske Folk som desse tykke gamledagse Kakkelovnar. Det varer lenge, før dei verdt gjennomvarme; men naar so daa Varmen eingong kjem, so maa Glas og Dør paa vidan Vegg, og der er varmt heile Dagen.

Denne Naturen synes at visa seg i desse Bladplaner og, som det no solenge er rødt om att' og fram. Dette nye store Blad skal no endelig koma, verdt det vist sagt, og det skal heita «Tiden» (*the Times*), og det maa etter alt rett bli eit Ubeist, naar det no frametter Aaret kjem i Gang. Der er Penge nok, og det er lagad so, at Ingen skal kunna hava meir paa ei Hand en 10 Actier, kver paa 100 Daler. Paa denne Maaten er det afbøyg, at Bladet verdt eit Industrianlegg eller eit Kræmarblad, sosom Morgen- og Aftenbladet. Naar ein Mann eller nokre faae eiga eit Blad, so verdt det ei Pengesak, ein Handel sosom med Beinmjol og Olie osv., og Handelshuset vil daa alltid sjaa paa Marknadens Gang og retta seg etter den. Det hender vel stundom, at Skillingen og den rette Tanken fylgjas aat, men som tidast stevna dei kver sin Veg, den eine til Ve'rs og den andre ned i Makk og Mold. Derfor segje og den gamle

Talemaaten: «Skillingen er som Skjøkja: der vankar varmaste Kyssen til den som bitalar best.»

«Tiden» vil derfor ikke so lett slaa om i sine Meiningar, og den vil likeins og vera lyft up over den aalkjende «Christianiaopinion», som likjest Ve'rlaget i Omskifting og trykker up og ned daglege Næringsblad liksom den rette Luft gjere med sin Tyngdemælare (Barometret). Det er vel so, at dei fleste Eigarar i Bladet ero her fraa Byen; men daa Ingen heve stort at vinna eller tapa, og alle større Spursmaal og Bladets Grunnfarge verdt dryft og vegjet i store Samlag, so vil altid den aalmenne Tanken koma der til Ords, og det heile Land langt meir tenkt paa, en i andre mindre og personlige Redactionsraad. Og med Hensyn til sit aalmenne Maal, so vil «Tiden» naturlegvis vera eit Folke- og Nationalblad i vidaste Meining utan at binde seg korkje til «Maalstræv» eller «Bondevenner» paa den eine Sida eller til serskilde Ministerier og Storthingsparti paa den andre. Det maa etter Navnet vera «Tiden», ikke ei Pengetid som «Times» og mange andre utlendske Storblad med mange og store Actier paa færre Hender f. Ex. det franske «*Siècle*», men ei Tid for den sunne Fornuft, netup liksom Dølen. Det kan ikke liva utan at vera dette.

Og so skal der, verdt det og sagt, i «Tiden» vera ei aarleg Generalforsamling, og Repræsentant- og Formannskap, som i alt og fører Tilsyn med Redactionspersonalet. Der skal vera, som ein Mann sagde, «constitutionelle Garantier» for denne Presse, so den med Rette kan bli det, den tidt heve gjevet seg ut for at vera, nemlig ei Statsmagt. Paa denne Maaten verdt det umogelegt, at den kan tala slikt personlegt Parti for Menn og Saker som t. Ex. Morgenbladet og tildeels Aftenbladet no desse Aar for dette Ministerium og for Skandinavisterne og for Unionsutvalet med Forslag osv. Den Medarbeidare, som vilde prøva paa med slikt, vardt naturlegvis snart afsett og Bot gjort, om ikke dette heile Regelverk skal vera Fjas.

«Tiden» er tenkt som ei patriotisk og vitenskapeleg Gjerning, og det vil den og bli, sosannt den kan halda, om ikke meir en det halve af det, den spørst at hava fyresett seg. Der skal bli Skipslister og Handelstidender og Brevskrivarar fraa Utlandet, som inkje annat Blad enno her i Norden heve havt. Norge er og nærast til at faa seg eit slikt Blad, daa vaar Sjøfart er so framifraa stor og vide vankande. Det er dette og mest dette, som eg synes burde elda up Folk med Raad og Daad til at faa nokot værdigt istand i denne Veggen. Det er viljefaste og velmeinte Folk, som stella med

dette store Fyrehav, og det spørst at der ikke vantar Penge, om det so skulde stiga up til nokot reint uvanlegt; men med alt dette er det likevel ikke værddt at lyfta paa Hatten, før du seer Mannen, daa Livsens Ande enno ikke er komen in i Hjulom, eller Menn, som kunna segja med Griffenfeldt: [k116](#) «Er ikke eg liksomkyet værd med Pennen min som du med dine 18,000 Mann?»

«Kom fyrst med Mat, so skal du snart faa Aand,» segje den Eine, og den Andre svarar: «Skaf Aand, so kjem Maten af seg sjølv.» Dei hava Rett og Urett baade desse tvo; for det er eit Samspel af baade desse Ting, som skal til. Der kjem vel og Pennar in i «Tiden», naar alt er ferdugt. Der kjem vel Liv, naar Organismen er istand, endaa dette er imot den vanlege Vokster, som gjeng ut ifraa eit litet Fræ, ein Livstanke.

Dette andre nye Blad, som og lenge er omrødt, skal heita «Dagbladet» og koma ut no over Nyaar. [n48](#) Det vil som eit mindre Blad høva godt med «Tiden», og det, som dette skortar i Pengemagt, vil det truleg vinna in i betre Kræfter, sovidt det no kan dømas etter dei Navn, som hava voret paa Tale til baade desse Blad. «Tiden» fær som sagt nok sine Pennar, naar no fyrst alle Hovud er samlad under ein Hatt, so dei tora taka andre med en «literære og politiske Konfirmanter,» som enno ikke hava brotet si Daapspect, naturligvis fordi dei ingenting endaa hava gjort. Det er altid klokt paa sin Maate at vera so «tærtepen» fraa fyrst af, for ikke at støyta nokon Mann, som kunde hava ein Skilling men ikke stort Vit. Det kan altid vera tidsnok sidan at synda.

Som eg før sagde, so spørst det meir og meir, at «Dagbladet» skal vera eit Landsblad med ein skarpere uttalad national og folkeleg, og om du vil, oppositionel Tanke en «Tiden», som meir etter alt maa koma til at vera eit By- og Utlendsk- og Handels- og Sjøfartsblad og so for mange Embættes- og Rikmenn utover Landet, liksom før Morgenbladet i Motsetning til alle mindre Blad. Det er at venta, at «Dagbladet» heller ikke vil ganga lenger og fortare fram, en at Landets beste Menn, om dei ikke liketil ero Politici, kunna fylgja med. Her var nok eit Bendetak blandt mange Storthingsmenn no straks fyre Jol, anten dei skulde taka dette «Dagbladet» eller lata seg nøgja med «Aftenbladet», som «sig havde omvendt» for Tilfellet. Men dei fleste og beste Thingmenn skal vera komen til det Utslag, at «Aftenbladet» etter alle gamle Gjærningar ikke kunde vera at lita paa, so det nok kjem til at ganga med det som den Tysken her i Byen, daa han sagde: «Man vil ikke have mig til Officier i

Brandcorpset fordi jeg er Katholik, og vil jeg mig omvende, saa vil man netop ikke have meg.»

«Naar Storthinget sluttar, so vil naturligvis «Aftenbladet» sovna in atter,» sagde ein Storthingmann, som fortalde meg, at han og some andre hadde skrivet heim til sine Valmenn og andre Kjenningar for at raada deim til at taka «Dagbladet». «Ja», svarad eg, «og so vil det snart gjeva etter for ein ny «Christianiaopinion». Det er at taka Pant i Revarova, at lita paa det.» Der er ellers so eit Par gamle gode Venner af «Aftenbladet» og Thingmenn, som stydja det; og det maa vel og vera ein eller annan af desse, som no heve skrivet some af desse sidste rett gode Artikler i det om denne Consulsak og Stemmerett.

«Dagbladet» er og mest grunnlagt paa smaa Eigendomslutur i det eller Actier, endaa der er meir «personlig Capital» i det en i «Tiden»; og daa det no legg i Veg med sterkare Farge paa sine Meininger, so er det og meir bundet, og kan ikke sosnart snu seg til en annan Kant, om nokre Menn skulde tru, at det for ei Stund var ein Skilling at vinna med det. Eg skynar derfor ikke annat, en at baade desse Blad maa hava dei beste Utsigter. Her er idetmindste tome Plassar i Folkets Tiltru at fylla.

Det er verdt sagt om ein Medarbeidare til Morgenbladet, at han sagde om desse nye Bladplaner: «Ja, me Storblad, me tigja naturligvis stilt med desse, so koma dei nok ikke langt.» Aftenbladet sagde og til ein Mann her ifjor eingong, at det hadde fyreset seg aldri at nevna Dødens navn. Det er denne sama Tagnad (*silentium*) med alt, som dei ikke lika, eller som dei ikke tora rosa likefram, det er den, som er deires Styrke. Dei tigja ihel og til Livs, ettersom det høver i deires Kræmarhus. Er ikke dette ein værdig Moral for Folk, som gjeva seg ut for at vera Ordets og Tankens Menn, so veit ikke eg?

Eit slikt nytt Blad maa no i desse Tider, om det skal koma fram, vera ein¹⁴⁹ af desse tvo Ting, nemlig anten eit forstandigt Partiblad, eller og finna si Mening i det at vera liksom meiningslaus og lata kver Side fritt koma til Orde og leita etter Sanning igjenom alle Motsetningar som ein fordomsfri Granskare og Vitenskapsmann. Tribunen skal etter det gamle Romerord vera fri, og Magt eller Rikdom eller Friendskap eller Kjenskap maa ikke trenga Sanningsordet fraa den. Daa eg her gjeng ut ifraa, at desse tvo nye Bladredactioner ero fornuftige Folk, som skyna paa

si Tid og dens Krav, so tek eg som givet, og dette gjeng fram af alt, at «Dagbladet» vil vera dette eine og «Tiden» det andre. Det høver og til Storleiken deires, at so er, og baade trengst her like myket til. Naar so daa «Dagbladet» verdt eit rimelegt Oppositionsblad, og Morgenbladet eit likso rimelegt ministerielt og eit Hoforgan, som det alt no meir og meir heve nærmad seg til i desse seinare Aar – dette fylgjer og af Eigarens Stilling – og naar so daa «Tiden» stend over og skiftevis tek deim i Skole baade tvo, so vil Bruket hans gaml' Olaf ganga paa denne Leid. Faa no sjaa.

28.03.1869 (Nr. 52)

Det er ein gamal politisk Tanke, at Ombodsmenn bør vera usams, so den eine liksom kan hava Tilsyn med den andre, og alle paa den Maate vera nøydde til at gjera si Pligt. Og denne Aabry- eller Jalousi-Tanke bør mest af alt visa seg bladimillom. Sams Blad er ein urimeleg Ting. Eit Blad er netup til, forat det kan vera nokot annat en dei andre Blad; for er det ikke det, so er der ingen Grunn for det til at vera til. Der er ingen Bruk i Livet for tvo slike Aftrykk. Eit kan vera nok.

Det var derfor nokot unaturleg i denne eldre Tilstand, daa Morgenbladet var sams med Aftenbladet. Det var ein Bladsvevn, var det, og det var og denne, som gjorde det mogelegt for Ministeriet at samansetja si Unionskommitte slikt, som den gjorde, og at sviva i den utrulege Faakunna om Landets Meining, so at Unionsforslaget vardt framsett. Desse Blad hava og nokot paa si Samvittighet! Ikke ville Dølen ganga i dei Klædom. Ministeriet trudde vist, at Dølen stod aleine med side Meininger, soat naar desse Storblad tagde seg, so tagde heile Landet. Det bør nemleg minnas, som sannt er, at det mest var ved at tigja og samtykka, at dei narrad Ministeriet ut paa Haalisen. Det var berre eit og annet upmuntrande Ord, der fall, og dette fær no Aftenbladet høyra af Morgenbladet, som i Grunnen var litt varare med Kjæften sin. Det fylgde af seg sjølv, at det var med, og so kunde det sleppa med ein Blink med Augat og eit Drag i den eine Munnvik, og so forresten trufast fortelja Tingens Gang eller det om den, som Folk hadde godt af at vita. Morgenbladet slog liksom meir paa Skaaki og meinte Mærri, og so var dei beste Menn i det skandinaviske Selskap meir eller mindre med i Redactionen, so det Bruket gjekk fælt so fint. Men Aftenbladet, stakkar, det støyrdde meir i, det, og Brevskrivaren derifraa til svensk *Aftonblad*, han var og meir uforsigtig. No kjem Reikenskapsdagen for desse, og Morgenbladet er so harmfull-dydigt, at det er ein

Hugnad. No skulda dei paa kverandre, so det maa minna om Ordspraaket: «Naar Tjovane koma te trætta, so fær Bonden si Ku igjen.»

(meir.)

7. årgang (1869)

04.04.1869 (Nr. 1)

Bladsjaa.

(Framhald fraa fyrre No.)

Det er ikke litet latterlegt at sjaa Morgenbladet fara afstad i denne sin «moralske Indignation» mot Aftenbladet, og det mest komiske er det endaa, naar det talar om denne Aftenbladsmannen og Brevskrivaren til *Aftonbladet* som ein udugeleg og upaaliteleg Mann, so det mest maa vera ein Spott for Landet, at han skal tala i dets Navn til eit annat Folk. Dølen er som ofte visad ingen Ven af Aftenbladet og denne dets Brevskrivare: men han maa daa for alt i Verdi vera ein sann Gudsfugl imot Morgenbladet og dets Redaktør. Han er ein anstendig Literat, han, og med anstendige Kunskaper; han er, som eg eingong sagde, til og med «habil». Men Morgenbladets Redaktør? Kven vaagar seg no til paa Prent at taka den Mannen i Forsvar eller tala om Dugleiken hans til annat en til at renna ikring paa Gata og «praie» Folk? Det er i den Grad under all Kritik, at det, som Tysken segje, ligg nede i den sekstande Kjellaren. Og ned paa Byens lesande Børs eller Athenæet er og Morgenbladet, sovidt eg kan sjaa, det mindst agtad af dei mange aandelege Værdpapir der, som just ikke alle er mange Penge værd.

Det forstend seg, der er nokso velskrivne Stykke imillom af utanblads Folk; men desse ero og no tingad til at vera af denne Politikken, som vil staa stil eller hopa seg (gaa baklengs). Det kan nok trengas til ein slik Politik, det er ikke for annat, men Bladets Stilling er klar og greid. Det ventar paa Atterslaget og liver i den Tru. Men imidlertid koma vist Aften- og Dagbladet so langt fram, at Morgenbladet misser sit gamle Fotfeste, og so nyttigt som det kan vera til sit Bruk, at det procederer paa Reactionen, so unyttigt er det vist for Bladet sjølv. Her kjem nok eit litet Atterslag, dersom det verdt drivet formyket paa med desse «Stemmeretsgreider»; men denne

verdt altid inringad til so faae Folk, at Morgenbladet, som er so stort vant, aldri kan vera tent med at vera eit Blad for den vesle Fylking. Det verdt some austlendske Bygder og ikke fullt ut dei heller, og so some større Byfolk og Embættesmenn. Det verdt eit Slags Aristokrati, om just ikke i Lærdom og Forstand so daa likevel i Velstand. Og var eg Politiker,¹⁵⁰ so vilde eg ikke støyta fraa meg desse Folk heller, men lata «Stemmeretten» kvila no ei Stund og liksom sova paa aarlege Storthing. Denne Rettarbot om kommunal Stemmeret verdt ikke sanktonerad, er det sagt, og so verdt det so greidt at pusta litt i Bakken med den Sak.

Aftenbladet kjem seg. Der er tidt myket Mat i det, om denne ikke altid kan vera af den beste. Det verdt no kravt af eit Blad, at der skal vera stor Vombfyll i det, og det er Vanten paa denne, som gjere, at Dagbladet, som og kjem seg, ikke enno kan vera nokot aalmennt Blad. Det maa Hava sit Publikum, nemleg det politiske, liksom Aftenposten heve sit, nemleg nærast det forvitne. Aftenposten heve updregjet eit vist Publikum, og det er hans Ros og Magt, og at han som no stundom kjem med rett gode politiske Stykke, det høver ikke med i Stilen.

02.05.1869 (Nr. 5)

Bladsjaa.

Det var seg eingang eg tok fyre meg nokre Blad af Friskyttten og talde etter dei Injurier,¹⁵¹ eller Æreskjenningar, eg fann ut, at Mannen maatte samlagt hava fengjet livsvarigt «Vand og Brød,» om alle skulde hava voret paatalad og straffad.

Likeins er det no med Morgenbladet. Der er vel ikke mange juridiske Injurier, men so er der somyket fleire moralske. Naar det kjem in paa Storthinget og dei raadande Menn der, so er det so det yr og det kryr med moralske Injurier. Det er Kjeltringspak og ureine Motiver allesammen. Det er som det skulde vera eit Selskap af det fælaste Pakk, som fannst paa Guds grøne Jord. Den amerikanske Congres maa vera ein sann Gudsfugl imot Storthingsmajoriteten vaar. Det er Handel og Vandel med Overbevisningar. Og so verdt desse Handelsmenn snytte for Kaupet, sosom her i denne Rettarbot om Lofotfisket. Naar du er i eit Fanteselskap, maa du venta deg slikt.

Og so er der den literære Faakunna liksom i Friskyttten. I dette Mønsterstykket: «Er Storthingsmann Richter^{k117} enⁿ⁵² alvorlig Mann?» der vardt f. Ex. Ordet «Adept» brukad i motsett Meining, og so det barnagtig-kjøbenhavnske Ordspil «Tugtens og Opsigtens Velde.» Det skulde nemlig vittigt uttrykkja, at Hr. Richter stod under O. Veldes^{k118} Tugt og Upsigt.

Det er inkje Under det synes vera ei aalmenn Meining her inne, at Friele^{k119} er førd til Gaustad. Idetmindste er eg af og til spurd om det. Det var soleids ein Skolelærer her ein Kvelden, som sagde, at han hadde høyrte det i Skolelærerforeningen, og so spurde de meg der paa Gata, om det var sannt.

«Fa'n heller,» svarad eg, «han strauk netup no der over Gata; men, det er god Tid enno.»

Ja, Apotheker Thoulows^{k120} Uprop til Folket om ikke at halda Morgenbladet hadde sin beste Grunn, naar der kunde vera alvorlig Tale om slikein Ting. Men Bladet er no so til Laatt og Løgje, at det ikke lenger trengst til Aalvor. Det kan imidlertid enno blandt faakunnige Folk gjera sin Skade, og so fell der eit Ansvar paa dei uplyste, som enno halda det. Det kan vera Moro at grina og læ, men du maa ikke gjera Skade med det, og det vilde du gjera her, om du for din eigen Kommers understyttad eit for Faakunningen so forargeligt Blad.

Friele er no ikke meir en *eit* Menneske han heller. Det han jafsar og gjøyr kan ikke forslaa stort til eit slikt Dagblad. Det er sannt, ein einaste Mann kan «gjera stygge Historier,» om Bladet er aldri so stort. Men, det er tydelegt, at Bladet er ein Samlingstad for mange Ulykkelege, liksom naar Flaumen jagar in paa hægste Skjer Mus og Lemen og Ormar og alt det som krabbande og fælt er. Dei liva for ei Stund inbyrdes fredelege der paa Skjeret i Fælska for den sams Fiende, nemlig Flaumen.

Af desse Dyr paa det snart overfløymde morgenbladiske Skjer kan du tydeleg kjenna gamle Skandinavister, og Samrøingar, og hatefulle Folk mot ein national Literatur, og Tilhengarar af det gamle Ministerium og det gamle Stell i Administrationen med Budgetoverskridelser og slikt nokot, og so dei mange Sorgfulle over, at Storthinget ikke lenger er den gamle polske Riksdag, der den eine

vil hit og den andre dit, so det er magtlaust. Denne Sorg finn sit morgenbladeske Uttrykk i Ordet: «den Sverdrupske [k121](#) Clique.»

Det er, om du vil, den gamle Kultur dette, det er antediluvianske [n53](#) Dyr, som krabba up paa dette Skjer. Det er fæle Kjeftar dei hava. For ein Jordbotten, for ei Luft og Gjørme det maatte vera dei vardt upfødde og livde i! Det er so du kan bli rædd ved at tenkja paa det. Det var godt, der kom ei Flod til at slaa sine Bylgjor over all den Styggedomen, og so laga til eit nytt Liv.

13.06.1869 (Nr. 11)

Bladsjaa.

Det er mange Folk og helst Kvendfolk, som snart sagt aldri kunna opna Munnen sin i daglegt Lag, men som bli reint veltalande, sosnart dei bli sinnad. Det gjeng da som Bekk og Aa. Eit Glas gjere og godt til at faa Tunga paa Glid, og det er Mange, som maa taka mange Glas for at koma up paa Samtalepunktet. Det er liksom at leggja i Ovn. Men dette at drikka seg varm og veltalande er alltid baade dyrt og usunt. Betre og billigare er det, naar det kjem af Sinne, og er det so lagad, at du jamleg kan vera sinna, so gjeng du med ein stadig Eld paa Tunga.

Ei slik Kjelda til «Begeistring» synes Morgonbladet at hava no. Det gjeng vist mangt imot det, og det treffer inderlig leide Folk, so det stødt kan hava Dampen uppe, og det er reint utruleg for Veltalenheit der kan fløyma ifraa det, naar det slikt rett heve ertad seg up. Eit merkjelegt Døme eller Exempel paa dette var no denne Refsetala til «Norsk Folkeblad.» Der var virkeleg «rhetorisk» Sving, reint «Indignationspoesi.» Harmen var likso heit som dydig. «Eg synes eg er eit overjordisk Væsen, naar eg gjeng i Rusen,» sagde Alfred de Musset, [k122](#) og Morgenbladet maa segja: «eg skriv godt, naar eg er sinnad.» Daa heve det funnet sit Specialtalent. Det skulde stadig ganga og skjera Tenner og bita seg i Lippa. Eg las dette Stykke tvo Gonger og lo, so det huskad i meg. Eg syntes at sjaa Skribenten framfyre meg. Det var virkeleg godt. Det var greidt, at Mannen hadde funnet sit Midtpunkt, si Ide, var komen paa Hylla si. Han maa vera som skapt for Bladet i denne dets Motgangstid. Der heve i Vinter og Vaar voret reine Mønsterstykke – Bravournumre – i denne Lemænstilen mot Storthing og dets raadande Menn.

Dølen kan ikke her inlata seg paa at forsvare korkje «Folkebladet» eller ein og annan af desse so medfarne Thingmenn. Han tek denne Sak her reint kunstnerisk eller artistisk og seer berre paa Stilen.

Ja, Folkebladet fortener ærlegt eit godt Sinne af Morgenbladet. Det er so utbreidt, at ikke Morgenbladet paa langt nær kjem til Somange, og det virkar paa deim, som tala med Folk om Politik og hava stor Magt ved Tillagning af Thingval. Og denne Folkebladets Politik er beint imot Morgenbladets. Dei hava soleids f. Ex. kver sit Ministerium at halda paa, og om Morgenbladets enno siter inne med Magta,¹⁵⁴ so veit Ingen heller, naar Folkebladets kan koma in. Denne Revisionsak kan koma til at gjera store Ting ogso i den «personlege Politik.» Og det er ingen Politik, som biter so saart som den. Desse «ledige Politikere,» som Morgenbladet i dette Mønsterstykket sit talad om, det var netup desse Herrar, som nok ein Dag kunna koma til at taka Styret fraa dets Folk. Det er «Administration»¹⁵⁵ og «Opposition» netup i engelsk Meining. Det er Ministerkandidater og Ministerar med sine Organer, som her staa mot kverandre. Og daa tvo slike Parti altid ero nyttige for Landet, so bør det halda Livet i desse tvo «Organer,» og lata dei slaast, so det ryk og det fyk.

So dei kverandre i Flettune sleit.

Sigrid laut sleppa, naar Sæbyggja beit.

Ja Folkebladet fortener ærlegt Morgenbladets Harme. «Eg dømer mi Magt etter Harmen imot meg», sagde ein Politikus, og det er ingen daarleg Gradestokk dette. Den vilde soleids f. Ex. passa godt paa Morgenbladets Hat og Sinne mot Sverdrup.¹²³ Han maa og vera leid for dets kjære Parti.

Det er no ikke at taka alt i den beste Meining, at tala so som eg gjere her heller. Kvi kan ikke Morgenbladet og vera dydigt, og sjaa burt fraa «Personer», naar det talar med slik moralsk Harme? Ja, seg det! Det trur vist sjølv, at det er den reine Dygd, som driv det. Men her kjem so mange Ting til, at det vist undskylder meg, om eg her tek dette paa denne Maaten.

Kven vil forsvare Folkebladets Framferd i desse Pengesaker? Men kven vil heller forsvare Morgenbladets Aatferd med at driva dette store Blad so paa Rov og taka in

alle Penge for det? Det er og ein Svindel og nokot «umoralsk», men under andre Former. Fraa den «moralske» Side kan det vel vera ytt som bytt med desse tvo Blad; men juridisk tapar Folkebladet, det er greidt nok. Morgenbladet svindlar paa Folks Hang ved nokot tilvant, paa «Træghedsmomentet»¹⁵⁶ i Nationen, som Physikeren vilde kalla det. Det gjev Folket Stein istadenfor Braud og Orm for Fisk, medan Folkebladet svindlar paa Folks Tiltru til nokot Nytt. Det eine dreg sine Ryttervekslar paa den svundne Tid, og det andre paa den komande. Grammatikalsk talad stend det eine i Imperfektum og det andre i Futurum. Der er ingen af deim i Præsens med sin Valuta.

Tru det derfor ikke vilde vera best, at desse tvo Blad ikke taka Ordet «moralsk» faafengt, og halda seg til det Skjemtefulle liksom Dølen? Lat Andre tala om det, som hava større Rett til det. Eg kan heller aldri tru, at Folkebladet i sit Svar kjem med dette Ord. Det verdt vel stortraavande og soleids skjemtefullt paa den Maaten, men knapt moralsk.

Ja, her er mange skjemtefulle (og mange vil vel og segja «moralske») Ting ved denne Sak. Ut paa Laugedagen, daa eg undrad meg, kvi Folkebladet ikke kom ut, saag eg Skillingmagazinet ganga paa Gata med Bogtrykkaren og ein Morgenbladsmann, og eg forstod snart Samanhengen. Det er sagt, at Skillingmagazinet gjekk den Dagen som i ei Høgtid og liksom «takkad Gud for sine Fienders Fall». Folkebladet er nemlig likso atalt eller inderleg leidt mot Skillingmagazinet som mot Morgenbladet. Det er ein Kappare eller Konkurrent, og det nett ein faarleg ein. Magazinet hadde derfor den beste Grunn til at koma i Sundagsklædom, naar Folkebladet ikke kom ut. Og Morgenbladet rækker det og ei hjelpsam Haand. Det er eit agtad og hæderlegt Blad det, som Folkebladet ved sine Svindlerier trampar ned. Eg undras no, om det ikke vilde vera best, at lata dei «moralske Begreber» her og vera utanfor Striden? Skillingmagazinet heve sit Lotteri, og det er vel ikke værddt at blanda Moralen in i det, om so Politiet er med under Dragninga ut af Lodder. Det er Spekulation, godt og vel, som naar Morgenbladet stend i Imperfektum og Folkebladet i Futurum.

Ja ja, her er Strid i denne Verda. Den Maten, den Maten!

8. årgang (1870)

16.01.1870 (Nr. 3)

Bladsjaa.

Morgenbladet slog seg up med Oppositionen fram igjenom, og ettersom Bondepartiet vann seg fram fraa 1833 og sidan Stig for Stig kvert Storthing, so steig Morgenbladet og med den, daa det var eit Uttryk for Folketanken, som meir og meir gjorde seg gjeldande. Det var i dette Framstig af det politisk-folkelege, at den no nys afdøydde Ueland^{k124} hadde so stort eit Medvirke; og det nyttad ingenting, at Bladet den «Constitutionelle» vardt grundad med Tilsagn om Pengelaan (og vel nokot Kontant) af Grev Wedel,^{k125} og med alle dei flinke Folk, Schweigaard,^{k126} Motzfeldt,^{k127} Fougstad,^{k128} Birch- Reichenwald^{k129} til Redaktører, og den heile andre literære Stok i Bakhaand sosom Munch'ene,^{k130} Welhaven,^{k131} Dunker,^{k132} Langeberg^{k133} osv., kort dei vitterleg mest boklærde og fine Folk i Byen. Du skulde tru, at desse med Tilstyrkning af Regjering og det meste af Landets Embætstand og likeins af den studerande Ungdom, og ellers alt, som «fint» skulde vera i By og Bygd, du skulde tru, at alt dette maatte kunna hava drivet fram eit Blad. Men nei, det vilde ikke lykkas. Det var at strida mot si Tid, maa vita, og Stabell,^{k134} som meir tente denne, han vann. Dei mest ideale Menn stod no ellers paa den liberale eller frisinnad Sida med Stabell, sosom Wergeland,^{k135} og Sylvester Syversen^{k136} og Niels Dahl^{k137} og L. K. Daae,^{k138} Heltberg^{k139} og ellers dei andre meir eller mindre ideale Kræfter Landet ikring. Det var det norske Parti dette, i Motsetning til det danske, og om Maalstrævet endaa ikke var komet i den utviklad Form som no, so var likevel Tanken der, solangt som den daa kunde vera komen. Det var Norskdomen i Politik og Literatur, som Morgenbladet daa var eit Organ for; og den Constitutionelle var Organet for dei fine Folk eller «Intelligentsen», som dei daa kallad seg. Det var vel norsk dette Parti og paa sin Maate, men under andre Former, idet Dansk var Mønstret i Smak og Literatur, og i Politiken galt det, at halda alt gangande i den gamle Stilen med Rædsla for Bondepartiet, som daa bar til at koma fram. Dette var Raaskapen i Politiken, liksom Wergeland og hans

Tilhengarar var det i Literaturen. So sagde «Nellefolket», som det og vardt kallad, og dette var dei raadande Magter i Regjering og det hægge Samfunds- og Selskapsliv.

Og likevel so tapad desse Magter, og det liberale Parti vann, og Stabell og hans Morgenblad med det; for dette var Ordet og Tenaren for Tanken i sit Folk og Landets historiske Logik.

So kom Atterslaget etter 1848 med Upstyret hans Thrane, og Morgenbladet, som før hadde gjengjet i Brodden for den liberale Fylking, det drog seg so smaatt tilbake og syntes liksom at tena Atterslaget eller Reaktionen. Men Stabell var ein so skynsam og praktisk Mann, at han ikke gjekk lenger en rimelegt var etter Dagens Krav. Men so døydde han, og Morgenbladet kom i Henderne paa Folk, som for det fyrste ikke förstod si Tid, og so dernæst hørde til dei gamle «Nellefolk» eller rettare til Skosveinane deires. Friele^{k140} var naturlegvis ingenting annat en til at læ aat blandt deim. Og so kom denne skandinaviske og svenske, kort den heile unorske Tanke in i Bladet. Og so kom daa til alt dette umogelege eit Partihat og eit Skamløyse i Ord og ei Urettferdigheit mot Motstandarar, som vist er utan Sidestykke i vaart heile Bladrike.

Kunna vi derfor læra nokot af Historien, so maa vi kunna spaa, at Morgenbladet er dømt af med Livet, dersom det ikke skifter om Folk og snur om, og det rett snart. Det stend nemleg mot Folkets heile Livstanke, og naar den «Constitutionelle» med alle sine flinke Folk ikke kunde staa seg mot denne Tanke, so kan Morgenbladet med alle sine Skrapekarar endaa mindre gjera det. Det er vel so, at Bladet enno har fine mange Tingarar, men naar det fyrst bryt laust, so er det med desse som Saudeflokken: naar den fyrste hoppa ut i Bekken, so hoppa dei andre etter. Naar den moralske Tiltru er burte, so maa Enden koma, om den so drygjer ute ei Stund.

Det er denne Stilling i vaart Bladrike, som gjør, at *Dagbladet* har kunnad slegjet seg so up i eit Aar, at det no etter alt synes vera sikrad. Dette er ein makalaus Framgang i vaart Bladrike. Det har vistnok af alle vaare Dagblad dei beste literære Folk til si Teneste. Men dette kunde i vanlege tider ikke hava gjort somyket. Den «Constitutionelle» hadde og dette, men kunde ingen Veg koma. Nei, det er Bladets norske Tanke, som har gjort det, naturlegvis attaat dei gode Artiklar imillom og den javne Dugleiken, som der er lagd for Dagen. No, dette som Motsetning til

Morgenbladets Upfatning og Aatferd,¹⁵⁷ det maatte føra til den Stilling, som no er, nemlig at Dagbladet har ei god Framtid fyre seg, medan Morgenbladet likso vist maa ganga tilbake no, som det gjekk fram daa det tente si Folkeaand i Motsetning til alt det ellers flinke «Nellefolk». Dagbladet har no Morgenbladets gamle Stilling, og Morgenbladet er komet in i «Nellevæsenet» med sin Krig mot alt «raabarkad» og alle norske «Skinnfeldar» og all den «Gamleosten», som i si Tid skræmde alle «Kringlemenn». Og naar so til denne Strid mot det nationale i Politik og Literatur¹⁵⁸ kjem, at denne Strid ikke no i Morgenbladet som daa i «Nella» verdt førd af dei flinke Folk men af dei «aandelege Marodører», so maa Utfallet bli endaa verre en daa. Det er heilt snutt om: før var det nokot so nær dei beste Folk, som stridde mot Norsksdomen, og no er det vitterleg dei verste. Dei allerbeste var naturlegvis altid paa den nationale Sida; men her er fleire af desse no der, en det daa var. Det mindkar med Landets Fiendar, eller rettare, det kjem fleire og fleire og betre og betre Hærmenn in i Nationalgarden.

Om derfor Morgenbladet samlad til seg og lønte stort alle dei beste Pennar, som var kaupande

– det er naturlegvis aldri dei rett gode som du kan kaupa det – so kunde dette ingenting hjelpa i det lange Drag. Nationen maa fram med Livstanken sin, og all Motstand mot denne er faafengd. Det kan draga Tid ut med Striden her millom det norske og det unorske,¹⁵⁹ men Utfallet er ikke tvilsamt. Morgenbladet kan under tiltalande Svindsott halda det gangande i sin Strid mot ein sjølvstendig norsk Politik og mot ei javn Utvikling af vaar indre Politik i folkeleg Retning og likeins mot ein rimeleg Framvokster af Norsksdom i Spraak og Literatur, kort imot alt Norskt, som det vitterlegt i all denne Tid har ført Krig imot; men det maa tapa, sosannt som den heile Nation ikke er feig eller maa døy snart. Og det kan ganga fortare eller seinare med Dagbladet, ettersom det skipar seg, men Tanken i det maa vinna fram.

Eg nevner her Dagbladet som Motsetning til Morgenbladet, fordi det er det reinaste Uttryk for denne Motsetningstanke. Det ser ut til at vera den sama Tanke i «Daglige Nyheder», men Bladet er enno so nytt, at det vel bør ventas med ei Meining om det. Her har voret Tale om at slaa desse Blad ihop, og dette synes at vera ein god Tanke. Statsrevisor Johnsen¹⁴¹ er ein praktisk Mann, og naar so Dagbladets literære Kræfter kunde koma til Johnsen med Trykkeri og inlærd

Administration og den store Leseringen af «Almuevennen», so maatte det vera til Styrkning for alle Partar og for den liberale Sak ikke mindst. Det er Feiler her blandt os, at vi hava so vondt for at slaa os ihop til eit Samvirke. Det er vel og denne Ganging af Motpartiet paa kver si Haand, som gjev Morgenbladet nokot af til Overmod. (meir.)

23.01.1870 (Nr. 4)

Bladsjaa.

(Fraa fyrre No.)

At eg ikke likeins nevner Aftenbladet i Motsetning til Morgenbladet liksovel som «Dagbladet» kjem seg af det, at Aftenbladet stend paa sama Sida som Morgenbladet i sine literære Meininger, so nær som med nokle faa Personalforandringar. Det er imot eit norskt Bokrike og vil liksovel laana seg fram der, som Morenbladet vil det. Og i Politiken var det og sams med Morgenbladet, alt til det vardt skræmt no under sidste Thing. Aftenbladet har ingen Livstanke for seg, og kan derfor heller ikke hava stor Tiltru. Det flyt frametter paa sine gamle Tingarar, men det kan ikke vara lenge med desse, sosannt som der ikke kjem andre Styresmenn for det. Det har ingen moralsk Rett til at liva; for til det skal der ein Livstanke, ei Upgaava i Livet, ei Ide. Morgenbladet derimot har ein Livstanke. Det er nemlig ein Livstanke det og, at staa imot Livet og slaa i Bordet til alle Framstig i Likning med Paven; men at vera med halvt og «sig omvende» rett som det er, det kan vera ein Spekulation, men ingenting annat.

Det var sannt, Morgenbladet seer og ut til «sig at omvende». Tru det og vil «spekulere»? Det gav nemlig etter i Stemmerettsaka her ein Dagen. Og so er det og sannt, det vil Framstig det med, nemleg aust mot Sverige. Det vil med sit Ministerium «utvikle Unionen» eller gjera ein Omstøyt, som alle andre Omgjerder etter 1814 ero som ingenting imot. Det er det gamle dette, at det er dei Reaktionære, som gjera Revolutionen, eller at det er Atterhaldsmannen som er den rette Omstøytsmannen, baade fordi han liksom Latemann siter still, alt til Huset dett ned over Hovudet hans, og fordi «han druknar seg for ei at bli vaat.»

Men om Aftenbladet ikke har nokon Livstanke eller Ide korkje i Politiken eller Literaturen, so er der mangt leseverdigt i det, og det synes idetheile at vera styrt og etterseet med nokso god Omhug og Dugleike. Det sama maa naturligvis og bli sagt om Morgenbladet, som har det største Lesestof af alle Blad, og derfor maatte hava sit gamle Overherredøme, naar det ikke gjorde seg umogelegt ved sin Politik og urimelege Skrivemaate. Partiske ero desse Storblad i like Maal. Det er ikke Tanke eller Tale om at vera rettferdig eller idetmindste litt rimelig mot ein Motstander. Men der er likevel den Skilnad, at Morgenbladet hekser og skjeller paa Motstandaren, medan Aftenbladet helst tegjer stilt og laast som Motstandaren ikke var til. Der er ved dette nokot meir menneskelegt ved Morgenbladet, naar det soleids larmar; men det ser ikke so fint og fornemt ut, som naar Aftenbladet gjer seg likso latterlegt ved at lata som det ingenting saag og hørde. Der har likevel no i den seinare Tid voret Strid imillom deim, og Friele^{k142} har tydelegt nok ein betre Slengekjæft en baade Meidell^{k143} og Bætzmann.^{k144} Morgenbladet har truleg ellers ingenting at fæla for af Aftenbladet, som knapt vil kunna vinna stort større Tiltru en Morgenbladet i politisk og literær national-folkelig Retning. Det kan vera at ein Part af Oppositionen for ei Stund og i ei Knipe kan tru meir paa det, men dette verdt ikke lenge; for desse Herrar fæla for, at det «sig omvender», naar atter Vinden for ei Stund blæs fraa ein annan Kant.

Men om Politiken i Aftenbladet er tvilsam og om det i Literaturen i Grunnen stend paa sama Sida som Morgenbladet, so er der likevel ei personal Partistilling imillom deim. Dei hava kver sine Englar og Dævlar. Det er nyttig at kver af desse gode og vonde Aander hava sine Talsmenn. So kan den eine Galskapen vega up den andre; og dette er netup ein af dei gode Ting ved alle like Partistillingar.

So er det Dagbladet *Aftenposten*. Politisk talad kan det ikke vera stort at segja om det, daa det verdt styrt af Departementsfolk, som naturligvis ikke fullt ut tora leggja sit politiske Ord med i Laget, om dei so aldri hadde havt Dødens Exempel til Skræmsla. Men ellers er Aftenposten eit frisinnad Blad med ikke liten Dugleike, og der er mangt eit godt politisk Stykke i den. Han er for ein Departementsmann at vera nokso fritalande, og han er ikke rædd for at taka up som «insendt» rett stride Artikler. At han er den mest upartiske Mannen blandt vaare Dagblad det er vist. Det var «insendte» Stykke der, som f. Ex. ikke gjorde mindst til, at det sidste Storthingsval for Akershus vardt som det gjorde. Og i Byens Politik er der og af og til skrivet rett godt der. Det er mest eit Christianiablad, og eg kjenner gode Menn, som helst putta dit eit Stykke om Bygreider; for dei vita, at Aftenposten baade er

meir upartisk en baade Morgen- og Aftenbladet, og at det, som stend skrivet der, kjem ikring til vel somange Folk her i Byen; og so vita dei, at Folk tru meir paa honom.

Han var ei Tid komen ut for Orde at vera mindre truande; for han daa hadde ein Mann, om utan Skjøn gav laust og fast til beste om «Nyt og Selvmord og andre uskyldige Hændelser,» som Aslaksen^{k145} segje i dei «Unges Forbund». Men dette, som skaffad Bladet mange Lesarar, er ikke lenger so. Aftenposten er no i dette Stykke likso myket at lita paa som dei andre Blad, og han har no dei fleste «Nyheder» af dette «uskyldige» Slag. Og ingen fylgjer so godt med i alt Theater- og slikt «Kunst»-Væsen som han. Komedispilarar og slike Kunstfolk gripa ikke so braadt etter nokot Blad som Aftenposten. Og i desse Kunststykke er han heller ikke so partisk som dei andre Blad, idetmindste ikke i Theatersaker. Aftenposten synes liksovel politisk som literært og teatralsk at staa utanfor «det gjensidige aandelige Assuranceselskap», som dei andre Blad kjendeleg hava sine «Actier» i.

(meir.)

06.02.1870 (Nr. 6)

Bladsjaa.

(Fraa No. 3.)

Det at Aftenposten er so upartisk fører ellers paa vanleg Maate til det, at han sjølv er meiningslaus og talar gjenom sine Insendarar likso snart den eine Sak som den andre. Folk ero ikke fornøgde med dette heller. Der skal vera ein Grunntanke liksovel i eit Blad som i eit Menneske, og om Aftenposten vist af Naturen er fritenkt, so er han, som eg sagde, bunden af si departementale Stilling. Her gjekk ei Historie ifjor, at han kom med eit «insendt» Stykke til Byrochefen sin og spurde, om han kunde taka det up. «Ja», svarad Byrochefen, «men daa maa du ut af Departementet.»

Det var ikke værdt at vaaga so myket for so litet; litet var det nemleg, som det synte seg, daa Stykket kom i eit Drammens Blad, som det vardt sendt til, daa det ikke kunde faa Hus her i Byen. Aftenbladet var endaa ikke «omvendt», men framturad i sine gamle Synder.

Der ligg ikke stort politisk Tilsyn i det, at Folk gjeva seg af med at vera Bladstyrarar, naar dei sitja i Departementet. Det er mest som at sitja i Storthinget til Doms over Regjeringen og søkja eit Ombod af den. Glett der paa Tvomannshaand eit Ord utaf deim, so segja dei som den fine Gjenta, naar den spræke Guten har stolet eit Kys af hena: «Jøses, dersom nokon saag det!»

«Telligensen» er eit Dagblad for Byen framom alle andre, og han er eldre en dei alle tilsaman lagde ihop til eit. Det er mest Lysingar (Bekjendtgjørelser), som det Bladet har at fara med, og det er det, som alle Blad ero so gridske paa. Dei fleste Lesarar likeins. Det er den rette «Damelektüre», og uprigtig talad, vilde eg heller hava den Dame som las Lysingar med Mordhistorier og «Elsk og Giftermaal» imillom, en den som las lange politiske Artiklar.

Det er altso eit Dameblad «Telligensen». Men det er og eit Sakfører- og Handelsblad. Eg kjenner Folk af dette Slag, som fylgja godt med «Telligensen» og hava si meste Næring af dei Auktioner, som staa til Lysingar i den. Det er ein sikker Næringsveg dette for omtente Folk med litt reide Penge til dei fyrste Utlegg, og var eg ein ung Mann med «Geni» for Handel og ein liten Arv, so vilde eg heller leggja meg paa denne en paa mange andre Handelar. Gardar og Lausøyra og Reidskaper og «alt Slag» ero alt slegne til Auktions, so den fyrste Pina er over for Eigaren.

Det er ellers underlegt for all den Lærdom der stundom kan vera i Kjellarhalsen (Føljetonen) paa «Telligensen». Der kan vera Theaterkritiker og andre Bok- og Kunstdomar med den beste Sakkunskap og Smak. Det er ikke tidt dette hender, men det har hendt. Det maa vel vera «Magistraten», veit eg, han som har eit Slags Tilsyn med Bladets Drift.

Det er altid nokot framifraa med slike gamle Væsen. Der er nokot vist aristokratisk ved deim. Det er merg- og saftlaust som med alt gamalt, men den vesle tunne

Skuggen af Liv, som der er, den er fin og fornem. «Gamle Telligensen» kjem sjeldan med ugildt Bladsnak. Eg minnes eingong, at der kom nokot slikt. Det kom fraa ein Advokat, som sidan gjekk fraa sit Liv, liksom daa baketter fraa sine Ord. «Telligensen» var ulykkeleg og maatte nok bøta for Kjæften sin liksom eit annat Morgenblad. Stakkars tunghøyrde Telligens! Eg møtte honom i den Tid paa Gata, og han saag ut som ein Seraphimeriddare, naar han har gjort Upbod, og hans Vaapen verdt nedtekjet fraa Minneveggen og sunderbrotet, og der verdt Klokking over honom, liksom han skulde føras til si Grav. Han er borgerleg daud (*civiliter mortuus*), og den fine Herren gjeng der atter som sin eigen Skugge.

(meir.)

Noter

[n1](#). Tekstane frå dei 38 nummera er i *Skrifter i Utval* sorterte under til saman 24 overskrifter (i samsvar med Vinjes markeringar av framhald i neste nummer (til dømes gjennom «(meir)» eller «(Framhald)»), eller når han følgjer opp ein tidlegare artikkel). Overskriftene er tilførte av Halvorsen og Vislie som meir informative tilgangar til innhaldet, til dømes: «Vaare Blad og Svenskestriden», «Utanbysblad mot Hovudstadsbladi» og «Morgenbladet i 'dydig' Harm paa Norsk Folkeblad». Som oftast er overskriftene ei opplysning om kva for avis(er) det handlar om, i si lengste form på følgjande vis: «Hovudstadsbladi, Morgenbladet, Dagbladet, Aftenbladet, Aftenposten og Intelligentssedlerne».

[n2](#). Seinare samleutgåver er mindre aktuelle som referansepunkt. Sjølv om ein del bladsjå-artiklar også er med i Olav Midttuns samleutgåver *Skrifter i Samling* (førsteutgåve 1916–21 og språkleg modernisert folkeutgåve 1942–48), står dei ikkje der som ein eigen seksjon, men kronologisk blant andre bladstykke frå *Dølen*.

[n3](#). I merknaden til utvalet skriv redaktørane at ein også i andre band finn tekstar om journalistikk: «I 1ste Bandet finst av Stykke, som handlar om Bladlitteraturen: Ved Nyaar 1859 (S. 46), Morgenbladet og Dølen (S. 90), Lørdags-Aftenblad (S. 371) og fl.» (bd. 4, 1887, 582).

[n4](#). *Note i Dølen*: eg tek her folkelegt i Merking af «gentilt» som netop er det Sama, for gens=Folk.

[n5](#). *Note i Dølen*: Subst. Løgi og Verbet at logja, nerast faa til at læ (le).

[n6](#). *Note i Dølen*: Soleids Pluralis af Neutrer: Blad, Blød, Vatn, Vøtn, Fat, Føt osv., o'et uttalas mest som aa, i Oldnorsk verdt det skrevet ö.

[n7](#). *Note i Dølen*: af hevja, langt a.

[n8](#). *Note i Dølen*: af antra segja imot, tverka, opponere.

[n9](#). Meining] *retta frå* Meing

[n10](#). *Note i Dølen*: Dogur (Davre) heiter et Matmaal paa den Tid. Fyridogur er tidlegare og Aabit er tidlegast; men Frokost gaar for alle tri, rimelegt fordi det er tydsk.

[n11](#). *Note i Dølen*: Eg tek no til at skriva Pluralis Mennar for Menner, som eg efter I. Aasen har skrivet; men daa mine Pluralisendelser i nokle andre Stykki heller ikki likjas hans, men ere meir etter mit Modersmaal, so lyt Alt samstavas, og ere mine Endelser vonleg likso rette og meir musikalske, idet alle sosom ar, er, ir, ur, koma

med. I Gamalnorsk står mennr, og det ligg lettare at løysa upp dette Ljod i *ar* en i *er*. Det er heller ikki ukjennt i gamle Skriftir sosom i *codex tunsbergensis*. I sidste No. tok eg og eit Stig længer fram og skreiv *fyrste* for første og *yvir* (i Vers) skulde etter mit Maalbrigd vera *ivi(r)* for *over*. Soleids ver Modet; berre det ikki kjem for tidlegt!

[n12](#). Note i *Dølen*: Fyrtaarnet.

[n13](#). Note i *Dølen*: Froda, i Uttala styt af: Fraade, o'et uttalas som aa.

[n14](#). Note i *Dølen*: Pluralis, o'et uttalas som aa.

[n15](#). Note i *Dølen*: som frygter (formeget) Ondt.

[n16](#). Botnen] *retta frá* Bottnen

[n17](#). Note i *Dølen*: i Likning med Feavl, Fiskeavl osv.

[n18](#). Note i *Dølen*: at reka upp nokot, gjera ein Handel omatter, brotja den.

[n19](#). prekært] *retta frá* prekrært

[n20](#). Note i *Dølen*: Bladku af Blad, «Lameller» udtalas mest Blòdku; at bladka seg, briska seg; ei Vedrbladku, nokot som flograr i Vinden; ein ustød Mann.

[n21](#). Note i *Dølen*: af huga aat ein Ting, tænkja paa den.

[n22](#). kalde] *retta frá* kalle

[n23](#). talad] *retta frá* talat

[n24](#). Note i *Dølen*: Hunkjyn af Hankjynet Krok.

[n25](#). Musik] *retta frá* Musikk

[n26](#). Banquier] *retta frá* Banquirs

[n27](#). Bouillon] *retta frá* Bouillion

[n28](#). hever] *retta frá* hevee

[n29](#). Note i *Dølen*: Han, den spanske Riddaren Don Quixotte, som Holberg synger om:

«som paa en Skindmær med en gammel rustet Klinge
vil rense Verden og all Jordens Kjæmper tvinge.»

[n30](#). Note i *Dølen*: Ueland var med at underskriva Forslaget om at innføra Gamalnorsk; men daa Utvalet ikki vilde taka Forslaget godt, so mælte Ueland aldri eit Ord for det i Thinget. «Vi maa vera 'kloke' og ikki 'prostituere' os med at tala for Ting, som ikki ganga fram.» Dette er hans Politik og visar Mannen, som vel kan vera klok men aldri stor. Den store Mann talar ut med Fynd det, som han trur paa, om han so skal vitna mot eit heilt Aarhundrad. Schweigaard sjaa vi f. Ex. tala og røysta sjølveine i Thinget, og «prostituere» seg, som Ueland aldri gjerer, afdi han er «klok» d.v.s. ikki gjerer annat enn det, som seer ut til at kunna faa «Majoritet.» Det er slike Folk som tala om at «reformere»!!

[n31](#). Stykki] *retta frá* Styiki

[n32](#). Lengdi] *retta frá* Lengde

[n33](#). *Note i Dølen*: Me maa tenkja dette og ikki tru, at dei Svenske vilde brjota Eiden sin og taka til Nevaretten. Sjaa me eigong dette, verdt det annat Aalvor i Leiken.

[n34](#). han] *retta frå* hon

[n35](#). ikke] *retta frå* ikki

[n36](#). krydrede] *retta frå* krydrde

[n37](#). Sider] *retta frå* Sidar

[n38](#). *Note i Dølen*: I dag (Fredag) synes det ellers liksom at snu om. Berre det no ikke var for seint for det at frelsa Livet sit!

[n39](#). Decentralisation] *retta frå* Decentralitation

[n40](#). Fridomen] *retta frå* Fredomen

[n41](#). kunde] *retta frå* kunna

[n42](#). Departementsmann] *retta frå* Departementetsmann

[n43](#). *Note i Dølen*: som ellers er motsagt af ein af dei rette Vedkomande.

[n44](#). om] *retta frå* som

[n45](#). store] *retta frå* stor

[n46](#). effeminerar] *retta frå* effiminerar

[n47](#). Pønitentssalme] *retta frå* Pønitentissalme

[n48](#). *Note i Dølen*: Kom ut igaar.

[n49](#). ein] *retta frå* eit

[n50](#). Politiker] *retta frå* Politik

[n51](#). Injurier] *retta frå* Injurien

[n52](#). en] *retta frå* ein

[n53](#). antediluvianske] *retta frå* antidiluvianske

[n54](#). at halda paa, og om Morgenbladets enno siter inne med Magta] *mangelfullt trykk i originalen*: [...]t halda [...]aa, og om Morgenbladets enno siter inne m[...] Magta

[n55](#). Administration] *retta frå* Admiministration

[n56](#). Træghedsmomentet] *retta frå* Træghedsmonumentet

[n57](#). Aatferd] *retta frå* Aalferd

[n58](#). Literatur] *retta frå* Literater

[n59](#). unorske] *retta frå* ungorske

[k1](#). Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politkar

[k2](#). Daa] Ludvig Kristensen Daa, journalist og politkar

[k3](#). Erichsen] Ole Erichsen, sjøoffiser og statsråd

[k4](#). Daa] Ludvig Kristensen Daa, journalist og politkar

[k5](#). Thacheray] William Makepeace Thackeray, britisk forfatter

[k6](#). Sverdrup] Johan Sverdrup, jurist og politkar

- [k7.](#) Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politiker
- [k8.](#) Olsen] Rolf Olsen, forfatter og politiker
- [k9.](#) Sivertson] Sylvester Sivertson, journalist og redaktør
- [k10.](#) Bøgh] Erik Bøgh, dansk forfatter
- [k11.](#) Solvold] Peder Soelvold, journalist og redaktør
- [k12.](#) Alphonse de Lamartine, fransk lyriker og politiker
- [k13.](#) Daa] Ludvig Kristensen Daa, journalist og politiker
- [k14.](#) Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politiker
- [k15.](#) Stang] Frederik Stang, jurist og statsråd
- [k16.](#) Vogt] Jørgen Herman Vogt, embetsmann og politiker
- [k17.](#) Løvenskjold] Severin Løvenskiold, embetsmann og politiker
- [k18.](#) Pettersen] Hans Christian Petersen, embetsmann og politiker
- [k19.](#) Bretteville] Christian Bretteville, statsråd
- [k20.](#) Oscar] Oscar I, konge
- [k21.](#) Riddervold] Hans Riddervold, statsråd
- [k22.](#) Sørensen] Søren Anton Wilhelm Sørensen, jurist og statsråd
- [k23.](#) Hagerup] Henrik Steffens Hagerup, sjøoffiser og politiker
- [k24.](#) Crusenstolpe] Magnus Jacob Crusenstolpe, svensk forfatter og journalist
- [k25.](#) Dzwonkowski] Adam Dzwonkowski, forleggjar
- [k26.](#) Paal Hanson Botnen] Paul Botten-Hansen, litteraturkritiker og bibliotekar
- [k27.](#) Monrad] Marcus Jacob Monrad, filosof
- [k28.](#) Munch] Peter Andreas Munch, historiker
- [k29.](#) Welhaven] Johan Sebastian Welhaven, filosof og diktar
- [k30.](#) Asbjørnsen] Peter Chr. Asbjørnsen
- [k31.](#) Berg] Jens Christian Berg, historiker og jurist
- [k32.](#) Lange] Christian Christoph Andreas Lange, historiker og arkivar
- [k33.](#) Keyser] Rudolf Keyser, historiker
- [k34.](#) Bugge] Peter Olivarius Bugge, biskop og politiker
- [k35.](#) M. Birkeland] Michael Birkeland, historiker
- [k36.](#) L. Daa] Ludvig Ludvigsen Daae, historiker
- [k37.](#) H. Ibsen] Henrik Ibsen, diktar
- [k38.](#) A. Munch] Andreas Munch, diktar
- [k39.](#) Hansten] Christopher Hansteen, astronom
- [k40.](#) I. Aasen] Ivar Aasen
- [k41.](#) Oluf Brock] Oluf Large Broch, teolog og filosof
- [k42.](#) Jacob Aall] Jacob Aall, forretningsmann og politiker
- [k43.](#) Snorre] Snorre Sturlason, islandsk historiker og skald
- [k44.](#) J. Meyer] Jacob Peter Meyer, trelasthandlar og forretningsmann

- [k45.](#) O. Vig] Ole Vig, skolemann
- [k46.](#) Wergeland] Henrik Wergeland
- [k47.](#) Holfeldt-Heuen] Christopher Holfeldt-Houen, katolsk prest og publisist
- [k48.](#) Olaf Engelbrechtson] Olav Engelbrektsson, siste erkebiskop i Noreg
- [k49.](#) Geble Pederson] Gjeble Pederssøn, første protestantiske superintendent
- [k50.](#) Lichtlé] Jean Claude Lichtlé, katolsk prest
- [k51.](#) Jersin] Johan Chr. Jersin, lensmann
- [k52.](#) Walsøe] Jacob Nicolai Walsøe, lensmann og oppfinnar
- [k53.](#) Nielsen] Wilhelm Nielsen, sakfører og stortingsrepresentant
- [k54.](#) Horster] Jess Severin Horster, jurist og fut
- [k55.](#) Birch] Christian Birch-Reichenwald, embetsmann og statsråd
- [k56.](#) Sibbern] Georg Sibbern, diplomat og politkar
- [k57.](#) Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politkar
- [k58.](#) O. Richter] Ole Richter, jurist og politkar
- [k59.](#) Ueland] Ole Gabriel Ueland, politkar
- [k60.](#) Sverdrup] Johan Sverdrup, jurist og politkar
- [k61.](#) Harro Haring] Harro Haring, dansk forfattar
- [k62.](#) H. Ø. Blom] Hans Ørn Blom, forfattar og publisist
- [k63.](#) Scribe] Augustin Eugène Scribe, fransk dramatkar
- [k64.](#) J. L. Heiberg] Johan Ludvig Heiberg, dansk dramatkar
- [k65.](#) Heine] Heinrich Heine, tysk diktar
- [k66.](#) Aubert] Daniel François Auber, fransk komponist
- [k67.](#) D. Meydell] Ditmar Meidell, redaktør
- [k68.](#) B. Bjørnson] Bjørnstjerne Bjørnson, diktar
- [k69.](#) Siew. Petersen] Siegwart Blumenthal Petersen, skolemann og lærebokforfattar
- [k70.](#) Collett] Jonas Collett, statsråd
- [k71.](#) Carl Johan] Karl XIV Johan, svensk og norsk konge
- [k72.](#) Schweigaard] Anton Martin Schweigaard, jurist og politkar
- [k73.](#) A. B. Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politkar
- [k74.](#) Bergsaker] Aanen Olsen Bergsager, stortingsmann og lærar
- [k75.](#) O. J. Broch] Ole Jacob Broch, matematkar og politkar
- [k76.](#) Ueland] Ole Gabriel Ueland, politkar
- [k77.](#) L. Kr. Daa] Ludvig Kristensen Daa, journalist og politkar
- [k78.](#) Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politkar
- [k79.](#) Ueland] Ole Gabriel Ueland, politkar
- [k80.](#) Hansteen] Christopher Hansteen, astronom
- [k81.](#) Brougham] Henry Brougham, engelsk politkar
- [k82.](#) Macaulays] Thomas Babington Macaulay, engelsk historikar og politkar

- [k83](#). Fabritius] Wilhelm Christian Fabritius, bokprentar
- [k84](#). Jensen] Hans Jacob Jensen, bokprentar
- [k85](#). Ueland] Ole Gabriel Ueland, politikar
- [k86](#). Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politikar
- [k87](#). Cicero] Marcus Tullius Cicero, romersk politikar og forfattar
- [k88](#). Lælius] Gaius Laelius, romersk politikar og dialogperson (i Ciceros dialog *De amicitia*)
- [k89](#). Daa] Ludvig Kristensen Daa, journalist og politikar
- [k90](#). R. Olsen] Rolf Olsen, forfattar og politikar
- [k91](#). Ueland] Ole Gabriel Ueland, politikar
- [k92](#). Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politikar
- [k93](#). Schweigaard] Anton Martin Schweigaard, jurist og politikar
- [k94](#). Ledvor Rudet] Ledvor Olsen Rui, umyndiggjort, frå Vinje
- [k95](#). Gunnar Thorsteinson] elles ukjend vinbygg
- [k96](#). Brakel] Mauritz Brakel, kaptein og riksdagsrepresentant
- [k97](#). Norström] Johan Jakob Nordström, riksarkivar og riksdagsrepresentant
- [k98](#). Chr. Johnsen] Christian Johnsen, journalist og politikar
- [k99](#). Schulze] Hans Henrik Schreiber Schulze, forfattar, jurist og stortingsmann
- [k100](#). Vibe] Johan Ludvig Nils Henrik Vibe, forfattar og topograf
- [k101](#). Goethe] Johann Wolfgang von Goethe, tysk diktar
- [k102](#). Goethe] Maximilian Wolfgang von Goethe, tysk jurist og diktar
- [k103](#). Lieblein] Jens Daniel Carolus Lieblein, egyptolog
- [k104](#). Lyngs] Georg Wilhelm Lyng, filosof
- [k105](#). Dunker] Bernhard Dunker, advokat
- [k106](#). Heine] Heinrich Heine, tysk diktar
- [k107](#). Anton Bang] Anthon Bang, forfattar og avisutgivar
- [k108](#). Meydell] Ditmar Meidell, redaktør
- [k109](#). de Besche] Johan Gerhard de Besche, lege og avisutgivar
- [k110](#). Fabritius] Wilhelm Christian Fabritius, bokprentar
- [k111](#). Friele] Christian Friele, redaktør
- [k112](#). Aall] Hans Jørgen Christian Aall, embetsmann og politikar
- [k113](#). Harbitz] Georg Prah Harbitz, prest og stortingsmann
- [k114](#). Sverdrup] Johan Sverdrup, jurist og politikar
- [k115](#). Bjørnson] Bjørnstjerne Bjørnson, diktar
- [k116](#). Griffenfeldt] Greve Peder Griffenfeldt, dansk politikar
- [k117](#). Richter] Ole Richter, jurist og politikar
- [k118](#). O. Veldes] Ole Sivert Welde, gardbrukar og stortingsmann
- [k119](#). Friele] Christian Friele, redaktør

- [k120.](#) Thoulows] Harald Conrad Thaulow, apotekar og kjemikar
- [k121.](#) Sverdrupske] Johan Sverdrup, jurist og politkar
- [k122.](#) Alfred de Musset] Alfred de Musset, fransk diktar
- [k123.](#) Sverdrup] Johan Sverdrup, jurist og politkar
- [k124.](#) Ueland] Ole Gabriel Ueland, politkar
- [k125.](#) Wedel] Grev Herman Wedel Jarlsberg, politkar
- [k126.](#) Schweigaard] Anton Martin Schweigaard, jurist og politkar
- [k127.](#) Motzfeldt] Carl Motzfeldt, embetsmann og politkar
- [k128.](#) Fougstad] Carl Fougstad, embetsmann og politkar
- [k129.](#) Birch-Reichenwald] Christian Birch-Reichenwald, embetsmann og statsråd
- [k130.](#) Munch'ene] Peter Andreas Munch, historikar og Andreas Munch, diktar
- [k131.](#) Welhaven] Johan Sebastian Welhaven, filosof og diktar
- [k132.](#) Dunker] Bernhard Dunker, advokat
- [k133.](#) Langeberg] Lorentz Christian Langberg, fysikar
- [k134.](#) Stabell] Adolf Bredo Stabell, redaktør og politkar
- [k135.](#) Wergeland] Henrik Wergeland
- [k136.](#) Sylvester Syversen] Sylvester Sivertson, journalist og redaktør
- [k137.](#) Niels Dahl] Nils Griis Alstrup Dahl, prest og stortingsmann
- [k138.](#) L. K. Daae] Ludvig Kristensen Daa, journalist og politkar
- [k139.](#) Heltberg] Henrik Anton Schjøtt Heltberg, skolemann
- [k140.](#) Friele] Christian Friele, redaktør
- [k141.](#) Johnsen] Christian Johnsen, journalist og politkar
- [k142.](#) Friele] Christian Friele, redaktør
- [k143.](#) Meidell] Ditmar Meidell, redaktør
- [k144.](#) Bætzmann] Frederik Bætzmann, redaktør
- [k145.](#) Aslaksen] Aslaksen, bokprentar i Ibsen-skodespel